Møteinnkalling

Utval:	**Styret for Fagskulen Vestland**
Møtestad:	Nettmøte
Dato:	23.10.2026
Tid:	Kl. 09:00 – 11:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet til kristin.elisabeth.ask.sleire@vlfk.no.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarleg til kristin.elisabeth.ask.sleire@vlfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskulen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Program

Kl. 09:00 - 09:15	Orienteringar ved rektor
Kl. 09:15 - 11:00	Sakshandsaming

Oddmund Klakegg
Styreleiar

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
GK 11/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 12/26	Godkjenning av møteprotokoll frå 19.08.26	2022/486	
	Referatsaker		
RS 14/26	Orientering om eigenmelding til NOKUT i samband med tilsyn av kvalitetssystemet	2022/486	
RS 15/26	Orientering om vara til studentrepresentanten i styret	2022/486	
RS 16/26	Orientering om ny prorektor for utdanning og samhandling	2022/486	
RS 17/26	Orientering om Fylkestingsvedtak – ny lokasjon i Bergen for Fagskulen Vestland	2022/486	
RS 18/26	Rekneskap 3. kvartal	2022/486	
RS 19/26	Orientering om opptak 2026	2022/486	
	Vedtakssaker		
VS 13/26	Mellombels tilbodsstruktur 27-28	2022/486	
VS 14/26	Oppdatering av forskrift om studium ved Fagskulen Vestland	2022/486	
	Eventuelt		

Møteprotokoll

Utval:	**Styret for Fagskulen Vestland**
Møtestad:	Fagskulen Vestland, studiestad Hjeltnes Hjeltnesvegen 185, 5730 Ulvik
Dato:	19.08.2026
Tid:	Kl. 10:00 – 14:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Leiar	Eigar (Sp)
Tora Hodneland Kildehaug	Medlem	Eigar (H)
Gustav Bahus	Medlem	Eigar (FrP)
Wenny Irene Hansen	Medlem	Arbeidsliv (NHO)
Nils Petter Støyva	Medlem	Arbeidsliv (LO)
Trond Vedvik	Medlem	Tilsette
Miłosz Jan Gosiewski	Medlem	Studentar

Følgjande faste medlemmer melde forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Alette Torvanger	Nestleiar	Eigar (Ap)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Bjørn Lyngedal	Medlem	Eigar (Adm.)

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Vara for	Representerer

Følgjande varamedlemmer melde forfall:

Namn	Vara for	Representerer
Jon Olav Økland	Torvanger	Eigar (KrF)
Kathrin Jakobsen	Sandal	Eigar (Adm.)
Tor Ivar Sagen Sandvik	Lyngedal	Eigar (Adm.)

Merknader

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling

Torbjørn Mjelstad	Rektor
Eilert Årseth	Prorektor for utdanning
Kirsti Andrea Nordstrand	Seniorrådgjevar
Inger Karine Kårdal Kversøy	Rådgjevar

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
GK 09/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	

GK 10/26	Godkjenning av møteprotokoll frå 12.06.2026	2022/486

Referatsaker

RS 11/26	Val av ny studentrepresentant til styret for Fagskulen Vestland	2022/486
RS 12/26	Rekneskap 2. kvartal	2022/486
RS 13/26	Orientering om risiko og sårbarheit med mangelfulle studieadministrative system	2022/486

Vedtakssaker

VS 11/26	Nominasjon av tiltak til Utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning 2026	2022/486
VS 12/26	System for kvalitetsarbeid	2022/486

Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Godkjenningssaker

GK 09/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 19.08.2026

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

GK 10/26 Godkjenning av møteprotokoll frå 12.06.2026

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 19.08.2026

Møteprotokollen vart godkjent utan merknader.

Habilitet

Ingen av medlemmene vart vurdert som ugild.

Referatsaker

RS 11/26 Val av ny studentrepresentant til styret for Fagskulen Vestland

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 19.08.2026

Saka vart referert.

RS 12/26 Rekneskap 2. kvartal

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 19.08.2026

Saka vart referert.

RS 13/26 Orientering om risiko og sårbarheit med mangelfulle studieadministrative system

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 19.08.2026

Saka vart referert.

Vedtakssaker

VS 11/26 Nominasjon av tiltak til Utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning 2026

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek å nominere Norsk Pommelierutdanning til Utdanningskvalitetsprisen 2026.

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 19.08.2026

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek å nominere Norsk Pommelierutdanning til Utdanningskvalitetsprisen 2026

VS 12/26 System for kvalitetsarbeid

Forslag til vedtak

1. Styret godkjenner rettleiar for kvalitetssystemet ved Fagskulen Vestland.

2. Rektor får ansvar for at rettleiaren vert gjort kjend ved alle studiestader.

3. Rektor legg til rette for at rettleiaren vert brukt aktivt i kvalitetsarbeidet.

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 19.08.2026

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret godkjenner rettleiar for kvalitetssystemet ved Fagskulen Vestland.

2. Rektor får ansvar for at rettleiaren vert gjort kjend ved alle studiestader.

3. Rektor legg til rette for at rettleiaren vert brukt aktivt i kvalitetsarbeidet.

Eventuelt

Ingen merknad

Vestland fylkeskommune

Fagskulen Vestland
Notat RS 14/26

Saksnr:	2022/486-287
Saksbehandlar	Kirsti Andrea Nordstrand
Dato:	21.09.2026

Til:	Styret for Fagskulen Vestland
Frå:	Rektor

Orientering om eigenmelding til NOKUT i samband med tilsyn av Fagskulen Vestland sitt kvalitetssystem

Bakgrunn

Fagskulen Vestland sendte 31. august inn eigenmelding til NOKUT (vedlegg 1) som grunnlag for det varsla tilsynet med kvalitetssystemet ved skulen. Tilsynet kjem som ledd i at Fagskulen Vestland har meldt interesse for eit eventuelt løp mot institusjonsakkreditering.

Eigenvurderinga omfattar både kvalitetssystemet, kvalitetsarbeidet og korleis desse er forankra i organisasjonen, og svarar ut alle dei spørsmåla som NOKUT legg til grunn for tilsyn med kvalitetssystem.
Saka vert lagt fram for styret for å orientere om hovudfunn i eigenmeldinga, identifiserte styrkar og forbetringsområde, samt kva styret bør vere særskilt merksam på med tanke på gjeldande lovkrav og framtidige krav til institusjonsakkreditering.

Styrkar og forbetringsområde

Eigenmeldinga viser at Fagskulen Vestland har fleire tydelege styrkar i kvalitetsarbeidet. Det blir dokumentert at kvalitetsarbeidet ved Fagskulen Vestland er godt forankra i strategiske mål, årlege kvalitetsprosessar, internrevisjonar, studieplanarbeid og rapportering til styret. Skulen har etablert tydelege prosessar for akkreditering av nye utdanningar, vesentlege studieplanendringar og årleg kvalitetsrapportering. Dette gir eit godt grunnlag for styring, kvalitetssikring og internkontroll.

Arbeidet er godt forankra i styret og leiinga gjennom strategiar, kvalitetsmeldingar og systematisk oppfølging av saker knytt til utdanningskvalitet og utvikling. Skulen har arbeidslivsforankring gjennom fagråd eller gjennom tett samarbeid med arbeidslivet, representantar frå skulen deltek i regionale nettverk, og utvikling av nye utdanningstilbod er basert på dokumenterte kompetansebehov. Vidare har fagmiljøa brei erfaring med utviklingsarbeid, mellom anna gjennom prosjektfinansiering, pedagogisk utvikling,

samarbeid på tvers av avdelingar, og ein del målretta kompetanseheving. Fagskulen har godt etablerte rutinar for akkrediteringsarbeid og utvikling av nye utdanningar.

Internasjonalisering er, som vist til i ny systembeskriving, ein integrert del av kvalitetsarbeidet og blir nytta som ein strategisk del av kvalitetsarbeidet. Skulen har Erasmus+-akkreditering, er i gang med tilsettmobilitet og deltek i nokre internasjonale samarbeidsprosjekt.

Eigenmeldinga peikar på fleire område som bør prioriterast vidare i kvalitetsarbeidet. Studentmedverknaden kan styrkast gjennom meir systematisk involvering av studentane i kvalitetsarbeidet og gjennom etablering av meir einsarta og systematisk praksis for emne- og programevaluering på tvers av fagområda. NOKUT legg vekt på at studentane skal vere aktive deltakarar i kvalitetsarbeidet, ikkje berre kjelder til tilbakemeldingar. Samstundes viser eigenmeldinga at kvalitetsutviklingsarbeidet ved skulen er omfattande, men at dokumentasjonen av analysar, vurderingar, tiltak og effektar kan styrkast. Det er sett i gang arbeid med å vidareutvikle eksisterande prosessar og verktøy, slik at utviklingsarbeidet blir ein tydelegare og meir dokumentert del av det systematiske kvalitetsarbeidet.

Eigenmeldinga viser vidare at skulen har etablert system for internkontroll, men at det er behov for meir systematiske risikovurderingar, betre utnytting av kvalitetssystemet og større grad av harmonisering på tvers av organisasjonen. I tillegg er det identifisert risiko knytt til dagens administrative systemløysingar, mellom anna som følgje av manuelle arbeidsprosessar, manglande systemintegrasjon og sårbar drift. Ny systembeskriving for kvalitetsarbeidet er vedteken, og implementeringa er i gang gjennom informasjon ut i organisasjonen, og revisjon av rutinar og prosessar som følgje av den nye beskrivinga. Arbeidet med å etablere ei felles forståing av kvalitetsarbeidet på tvers av campus og fagområde vil vere eit viktig utviklingsområde framover.

Vegen mot institusjonsakkreditering

NOKUT understrekar i sin veiledar at institusjonsakkreditering krev meir enn at minimumskrava i lov og forskrift er oppfylte. Fagskulen må kunne dokumentere at ein har eit tilfredsstillande kvalitetsarbeid, og at kvalitetsarbeidet blir brukt systematisk til analyse, forbetring og vidare utvikling av utdanningane. Vidare må skulen kunne vise ein tydeleg strategi for utvikling av utdanningsporteføljen, tilstrekkeleg fagleg og pedagogisk kapasitet i fagmiljøa, samt aktiv deltaking i relevante regionale, nasjonale og/eller internasjonale samarbeid og nettverk. NOKUT legg vekt på styret si rolle som øvste ansvarlege organ for kvalitetsarbeidet, inkludert oppfølging av internkontroll, identifiserte utfordringar og den vidare utviklinga av kvalitetskulturen ved institusjonen.

Konklusjon

Eigenmeldinga viser at skulen har på plass mange av dei føresetnadene som krevst for å kunne utvikle seg vidare mot institusjonsakkreditering. Særskilte styrkar ligg i arbeidslivsrelevans, fagmiljø, fagområdeakkreditering, internasjonalisering og styreforankring.

Samtidig peikar eigenmeldinga sjølv på fleire område som bør prioriterast i det vidare kvalitetsarbeidet:

- systematisk studentmedverknad/kontakt med arbeidslivet
- dokumentasjon av kvalitetsutvikling
- styrkt internkontroll og risikostyring
- vidare implementering av kvalitetssystemet
- betre systemstøtte og administrative verktøy

Styret bør særskilt følgje utviklinga av desse områda fram mot NOKUT sitt tilsyn og eit framtidig arbeid med søknad om institusjonsakkreditering.

Redegjørelse og egenevaluering av fagskolens kvalitetsarbeid

NOKUT ber om at fagskolene fyller ut skjema for redegjørelse og egenevaluering nedenfor. For at dere skal kunne besvare om det enkelte kontrollspørsmålet er oppfylt, må dere først skrive inn en «Redegjørelse/vurdering», før dere krysser av for «Ja» eller «Nei».
Under «Dokumentasjon» ber vi om at dere viser til vedlegg som underbygger deres redegjørelse og vurdering i rubrikken over. Vi ber om at dere så spesifikt som mulig navngir vedlegget ut fra innhold, og viser tydelig hvor i dokumentet det henvises til (eksempelvis gjennom nummerering av vedlegg og sidetall i dokumentet).
Ettersom vi gjennom kontrollspørsmålene nedenfor vurderer både fagskolens kvalitetssikringssystem og kvalitetsarbeid, vil dere kunne oppleve at spørsmålstillingen er noe overlappende. Vi ber om at dere svarer ut samtlige spørsmål, men det er anledning til å vise til vurdering/redegjørelse og fremlagt dokumentasjon under andre kontrollspørsmål.

Kort og overordna om Fagskulen Vestland

Bakgrunn for tilsynet


Fagskulen Vestland har signalisert interesse for å søke institusjonsakkreditering, og er på bakgrunn av dette plukka ut for tilsyn av kvalitetssystemet – både med tanke på kvalitetssikring og utviklingsarbeid i utdanningane.

Om fagskulen og kvalitetsarbeidet ved skulen

Fagskulen Vestland er ein av dei største fagskulane i landet, med ca 2200 studentar og i litt underkant av 200 tilsette.
Fagskulen er lokalisert åtte stader i Vestland fylke – Austevoll, Bergen (Nordnes og Nygård), Førde, Hjeltnes, Måløy, Stord og Voss.
Utdanningane våre fordeler seg på åtte fagområde – Bygg og anlegg, Elkraft og automatisering, Grønt og gastronomisk, Helse og oppvekst, Marin og maritim, Maskin og prosess, Robotteknologi og Petroleumsteknisk, i tillegg til ei EVU-avdeling. Utdanningar NOKUT ber om at blir brukt i dokumentasjonen for Fagskulen Vestland sitt kvalitetssystem er Elkraft (Førde og Nordnes) og Psykisk helsearbeid og rusarbeid (Nordnes). Desse høyrer til under fagområda for Elkraft og automatisering, og Helse og oppvekst. Utdanningane i Elkraft (Nordnes og Førde) er fagområdeakkrediterte under teknisk fagområde, utdanninga psykisk helsearbeid og rusarbeid er fagområdeakkreditert under helse.

Fagskulen har fast tilsett rektor og, nytt får i år, to prorektorar for utdanning, der den eine stillinga som prorektor er under tilsetting.


Organisasjonskartet til Fagskulen Vestland er som illiustrert under, og i vedlegg 1a:



Dei fleste av fagskulen sine fagområde ligg heilt eller delvis til ei av dei to fagområdeakkrediteringane skulen har, og me har difor i stor grad høve til å opprette utdanningar på eiga fullmakt. Dette gjer at ein må ha eit godt system for kvalitetssikring, som er kontinuerleg og målretta. Fagskulen brukar EK-web som eit sentralt verktøy i kvalitetsarbeidet. EK-web bidreg til både å strukturere og gje retning til det løpande arbeidet. Systemverktøyet passar

svært godt til kvalitetssikring, noko som er heilt nødvendig i arbeidet med dei maritime utdanningane som har årleg tilsyn og gjennomgang med DNV for å opprethalde sertifisering. Det er ein pågåande diskusjon om dette verktøyet passar like godt for bruk til heile kvalitetssystemet, då særskilt om det er optimalt for utviklingsarbeidet. Det er eit behov for å utvikle dette verktøyet vidare for å tilpasse dette til å fungere både for kvalitetssikring og i arbeidet med kvalitetsutvikling av utdanningane.

Årshjul for kvalitetsarbeidet (slik det er oppført i EK-web) er som følgjande (vedlegg 3a):



Det er også ein langsiktig revisjonsplan med oversikt over årlege tema for revisjonane (vedlegg 3b). Tematikken pr år har utgangspunkt i kvalitetssystemet, slik at alle tema blir med i kvalitetsarbeidet på ein systematisk måte. Denne er pr dags dato under revisjon slik at den er i tråd med ny systembeskriving for kvalitetsarbeid (vedlegg 2a).

Prosjektarbeid ved fagskulen

Fagskulen Vestland har ein stor prosjektportefølje som me ser på som ein viktig del av utviklingsarbeidet. Pr dags dato har me totalt 51 aktive prosjekt. Fagskulen Vestland har dei siste åra arbeidd systematisk med å styrke og kvalitetssikre prosjektarbeidet ved skulen. Mykje av utviklingsarbeidet, som utvikling av nye utdanningstilbod og anna strategisk arbeid, er organisert som prosjekt, i tillegg til innkjøpsprosjekt og kompetanseheving av tilsette. For å sikre god og einskapleg gjennomføring har vi utarbeidd en eiga **Handbok for utvikling og gjennomføring av prosjekt**, som gir felles rammer, metodikk og verktøy for prosjektarbeidet (vedlegg 12f). Fleire tilsette ved skulen, både administrativt tilsette og lærarar, har teke kurs og formell utdanning i prosjektleiing. Dette bidreg til at prosjekta ved skulen vert leia meir profesjonelt, med betre måloppnåing og tydelegare forankring i leiinga. Systematisk prosjektmetodikk gir òg meir føreseieleg økonomistyring, slik at ressursar vert planlagde og utnytta betre gjennom heile prosjektperioden. Vidare legg den felles metodikken til rette for erfaringsdeling mellom fagmiljø, slik at læringspunkt frå eitt prosjekt kjem til nytte i seinare prosjekt. Samla har dette gitt ein meir heilskapleg og kvalitetssikra tilnærming til prosjektarbeidet, noko som styrkar både gjennomføringsevna og resultata av utviklingsarbeidet ved fagskulen. Nokre prosjekt er også nemnd undervegs, og lagt ved som døme på kvalitetsarbeidet ved fagskulen. Prosjektarbeid er godt forankra i både styret og leiinga ved skulen. Dersom det er ønskeleg kan me sende meir dokumentasjon på dette ved etterspurnad.

Internasjonalisering som strategisk satsingsområde

Skulen har også vedteke internasjonalisering som strategisk satsingsområde for kvalitetsarbeidet. Me vil omtale dette under kapittel 12 *Eventuelle tilleggsopplysninger*.

Dokumentasjon:

Organisasjonskart (vedlegg 1a)
Kvalitet i utdaninga – System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)
Årshjul for kvalitetsarbeid (vedlegg 3a)
Revisjonsplan lang sikt (vedlegg 3b)
Handbok for utvikling og gjennomføring av prosjekt (vedlegg 12f)

1. Mål

Fagskoletilsynsforskriften § 4-1 andre ledd Fagskolen skal fastsette mål for kvaliteten i utdanningene Fagskoletilsynsforskriften § 4-2 første ledd andre setning Fagskolens beskrivelse av systemet for kvalitetssikring skal vise målene for kvalitetsarbeidet, hvordan arbeidet skal gjennomføres, ansvarsforholdene og rapporteringslinjene		
Kontrollspørsmål 1: Har fagskolen fastsatt mål for utdanningenes kvalitet i kvalitetssystemet?	Ja ✓	Nei


Redegjørelse/vurdering:

NOKUT ber Fagskulen Vestland i det følgjande setje lys på kvalitetsarbeidet ved skulen, og ber om at døme på kvalitetsarbeid blir vist med utgangspunkt i utdanningane Elkraft og Psykisk helsearbeid og rusarbeid som døme for kvalitetsarbeidet.
Fagskulen Vestland har på overordna nivå ein strategi for kvalitetspolitikk (vedlegg 15), som vart oppretta etter samanslåing av fagskulane i Hordaland og Sogn og Fjordane etter fylkessamanslåinga. Denne er eit overordna styringsdokument. I eigenmeldinga er gjeldande strategi (Strategi 2023-2027) det dokumentet me viser til i forhold til kvalitetspolitikk og strategisk arbeid, sidan denne er meir utdjupa enn dokumentet for kvalitetspolitikk.
I Strategi 2023-2027 (vedlegg 4) er det formulert mål og tiltak for å styrke kvalitetsarbeidet ved skulen. Det er blant anna mål om:

- Å sameine fagmiljø på tvers
- Å utvikle system for medverknad for aktivt å bruke av undersøkingar (tilsette og studentar) i kvalitets- og utviklingsarbeidet
- Å bruke undersøkingar aktivt (pr no er det i stor grad Studiebarometeret som er brukt)
- Å styrke undervisningskvalitet
- At utdanningane har høg arbeidslivsrelevans
- Eit godt læringsmiljø
- Å styrke fagmiljø (kompetanse)

Tiltak for å *sameine fagmiljø på tvers* er blant anna å arrangere faglunsj ved Nordnes (vedlegg 10k). Her går ansvaret for det faglege innhaldet på rundgang mellom dei ulike avdelingane/fagmiljøa. Innhaldet er tilpassa slik at det omhandlar felles metodar/utfordringar osv.
I Førde er fagområda samansette. Elkraft høyrer til under fagområdet «Maskinteknikk/elektro/automatisering». Avdelinga har felles fagdag kvar fredag (vedlegg 10a) i samarbeid med avdelinga «Bygg/anlegg/VVS og energiteknikk/BIM/bygningssakkyndig/grøn omstilling i byggebransjen / energieffektivitet og automasjon».
På Nordnes har avdelinga for Elektro/automatisering/robotteknologi fellesmøte ca ein gong i månaden på tvers av utdanningane/studieretningane, der ein tek opp overordna tematikk og retningslinjer som omhandlar alle.
Dei to avdelingane for Elkraft (Nordnes og Førde) har starta undervisningssamarbeid på tvers av avdelingane. Dette blir omtala meir seinare i meldninga.

Medverknad: Det blir arbeidd med å opprette fagråd/samarbeidsarena ved alle utdanningar. I fagråda skal det vere studentrepresentantar og representantar frå arbeidslivet. Kontakten med arbeidslivet blir også omtala under kapittel for *2 Yrkesrelevans*, *5 Fagområdeakkreditering* og *8 Innhenting av informasjon*.
Avdelinga for Helse har oppretta fagråd for sine utdanningar, derunder studiet i Psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 11c/17k). Fagrådet har møte to gonger årleg, ein gong pr semester. I fagrådet er det representantar frå ulike deler av fagfeltet innan psykisk helsearbeid og rusarbeid som spesialisthelsetenestene, kommunen og lågterskeltilbod. I møta blir praksistilbodet evaluert, og ønske om eventuelle endringar i studieplan blir diskutert saman med helsetenestene.
Elkraft Nordnes samarbeider med arbeidslivet ved å invitere aktuelle representantar frå arbeidslivet inn i fagmøte (fagfrokost) og undervisning (vedlegg 17a, vedlegg 17b, vedlegg 17c og vedlegg 17d). Besøk frå arbeidslivet blir planlagt inn i timeplanen til studentane, vist med bilete frå planleggingsverktøyet plandisc (markert i oransje):



Elkraft i Førde har jamleg kontakt med det lokale arbeidslivet (vedlegg 17e og vedlegg 17f). Dei inviterer arbeidslivet til å delta i undervisning, og til å gje innspel i studieplanarbeid.

Avdeling for Etter- og vidareutdanning starta med å sende ut emneevalueringar pr emne våren 2026. Det er eit mål at alle utdanningar skal ha ein tydeleg struktur for studentmedverknad med systematisk evaluering på emnenivå effektuert frå

hausten 2026. Her er det i gang arbeid med å lage forslag til utgangspunkt for malar[1] [2] [3] for slik evaluering, men det skal vere rom for lokale tilpassingar slik at det er best mogleg tilpassa den enkelte utdanning. Ein del avdelingar som har samlingsbasert undervisning, ynskjer å ha evaluering mellom samlingar, slik at ein kan justere undervegs dersom det skulle vere behov for dette. Malane er først og fremst veiledane i arbeidet med studentevaluering, slik at dei ulike fagområda har ein felles kunnskapsbase men kan tilpasse etter behovet.
Studiebarometeret har vore det viktigaste målingsverktøyet til no. Ved å bruke Studiebarometeret som måling for studentane sine tilbakemeldingar, tenker me at dette påverkar studentane si oppleving av medverknad. Tal frå Studiebarometeret (vedlegg 7a) viser at studentane sin score på medverknad er midt på treet, me tolkar dette til at følelsen studentane har av medverknad er avgrensa. Dette tenker me bygger opp under våre mistankar. Ved å svare på undersøking heilt mot slutten av studiet, utan at ein då veit om tilbakemeldingane blir følgt opp, er nok årsak til at Fagskulen ikkje har høgare score for medverknad. At undersøkinga også er ekstern, kan kanskje vere med å forsterke inntrykket av at dette ikkje er for intern bruk ved skulen. For å imøtegå denne tilbakemeldinga, er det sett mål for å endre slik at ein evaluerer undervegs i emnet, og etter gjennomført emne, og at ein i utviklingsarbeidet tek inn dei systematiske målingane i vidare målsetnadar. Det er lagt inn punkt om dette i Avdelinga og leiinga sitt kvalitetsarbeid, tidlegare kalla Avdelingens Gjennomgang (AG), og Ledelsens gjennomgang (LG) i KS-systemet/EK-web (vedlegg 18a, vedlegg 18b og vedlegg 18c) slik at dette er ein del av det systematiske arbeidet.
Fagskulen har oppretta læringsmiljøutval (vedlegg 9k). Dette for å sikre at studentane har medverknad. Læringsmiljøutval er også ein føresetnad for ei eventuell institusjonsakkreditering, noko Fagskulen Vestland har som målsetnad i strategien (vedlegg 4).

Styrka undervisningskvalitet: Fagavdelingane for Helse og oppvekst og Elektro/automatisering/robotteknologi ved Nordnes samarbeider om eit prosjekt finansiert av HKdir om å utforme ei felles pedagogisk plattform (vedlegg 12b). Bakgrunnen er at det har vore store forskjellar i korleis digitale plattformar er utforma og bruka pr emne, noko som er krevjande for studentane å orientere seg i, men det er også krevjande for fagmiljøa å dele og vidareutvikle god praksis for undervisningskvalitet. Avdeling for Helse og oppvekst hadde også finansiering frå HK-dir om eit prosjekt som var forløpar til prosjektet om pedagogisk plattform. Prosjektet omhandla det å bygge profesjonsfagleg digital kompetanse. Dette prosjektet var avslutta sommaren 2026.

[1] Evaluering av emne ved Fagskulen Vestland - forslag til overordna mal – Fyll ut skjema
[2] Evaluering av emne ved Fagskulen Vestland - kortversjon forslag – Fyll ut skjema
[3] Emneevaluering semester - forslag til kort evaluering – Fyll ut skjema

Avdeling for Helse og oppvekst har i samanheng med desse prosjekta også nytta seg av Erasmusmobilitet ved å reise på kurs (meir om det under det som står om å styrke fagmiljø under).
I Førde har ein hatt eit samarbeid med Arild Raaheim (vedlegg 10l, vedlegg 10m og vedlegg 10n) over ein tidsperiode for å utvikle studieplanar, undervisning og vurdering – då særskilt med tanke på at ein del undervisning skjer over digitale flater.

Fagskulen har frå 2025 arbeidd med eit prosjekt for korte utdanningar og kurs for fagskulelærarar (vedlegg 10q). Hensikta med prosjektet er å utvikle korte, målretta utdanningar som styrker lærarkompetansen og bidrar til betre læring for studentane gjennom høgare kvalitet i undervisninga. Prosjektet tek utgangspunkt i behovet for relevant og praksisnær kompetanseheving for lærarar i fagskulen, og planlegg i første omgang å utvikle fem korte utdanningar med fokus på:

- vurdering og vurderingspraksis
- nettpedagogikk og digitale læringsformer
- fagskulepedagogikk
- bruk av kunstig intelligens i undervisning
- undervisningsdesign og læringsleiing

Professor emeritus Arild Raaheim har vore involvert i utviklinga av opplegget.

Fagskulen har også eit tilbod om eit kurs i målretta bruk av KI til alle tilsette (vedlegg 12e).

At utdanningane har arbeidslivsrelevans: her vil me vise til informasjon om utdanningane og studieplanane for Elkraft og Psykisk helsearbeid og rusarbeid for å illustrere dette.
På informasjonssidene til fagskulen kan ein sjå relevansen under punktet «Kompetanse og jobbmoglegheiter». For Psykisk helsearbeid og rusarbeid[4] kan ein lese at utdanninga kan nyttiggjerast både i primær- og spesialisthelsetenestene, i tillegg til i kultur- og oppvekstsektoren og arbeids- og velferdsforvaltninga. Studieplanen (vedlegg 20a) viser også til at studiet er knytt til praktisk arbeid i helse- og omsorgstenestene. Det blir gjort skikkavurdering av studentane, jfr. Fagskoleloven §26, første ledd.
Fagmiljøet har eit fagråd, der både primær- og spesialisttenestene er representerte. Fagrådet kjem med refleksjonar og innspel til utfordringar og forbetringspotensial i studiet (vedlegg 11c/17k).

[4] Psykisk helsearbeid og rusarbeid – nettbasert med samlingar - Fagskulen Vestland

Elkraft Nordnes[5] viser også til eit breitt spekter av moglegheiter ein har til arbeid etter utdanninga, bl.a. innan industri, elektrisitetsforsyninga, bedrifter innan installasjon/energi, handel, rådgjeving, i tillegg til at ein saman med pedagogisk kompetanse kan bli faglærar i vidaregåande opplæring. Studieplanen (vedlegg 20c) viser til det same, og at ein kan gå vidare på bachelor ingeniør ved HVL der ein får godskrive 60 studiepoeng (eitt studieår) ved fullført fagskuleutdanning i Elkraft ved Nordnes. Som del av samarbeidet er to av emnene i utdanninga ved Fagskulen og ved HVL identiske (2 emne, á 10 studiepoeng).
Elkraft Førde har ikkje eit informasjonsområde på nettsida, men studieplanen (vedlegg 20b) viser til kva moglegheiter ein har, men meir implisitt enn det studieplanen gjer for Elkraft Nordnes. Utdanninga er ein rekrutteringsveg til å kunne få auka fagleg ansvar/leiarrolle (prosjektansvar, avdelingsleiar, dageleg drift osv). Studentar som har fullført Elkraft Førde får også no godskrive eitt år (60 studiepoeng) ved opptak til bachelor ved HVL.

Eit godt læringsmiljø: Fagskulen Vestland har oppretta eit læringsmiljøutval (LMU) som systematisk skal arbeide med læringsmiljø ved heile fagskulen(vedlegg 9k). LMU har i mandatet i oppgåve å både vere ein pådrivar for arbeidet med læringsmiljø, men også å sikre at læringsmiljøet er i tråd med gjeldande regelverk.
Eit anna døme på korleis det blir jobba med læringsmiljø viser me til pågåande prosjekt om å etablere ei felles pedagogisk plattform, som vist til tidlegare (vedlegg 12b). Behovet for eit meir samordna og delande profesjonsfellesskap i digitale læringsmiljø er utgangspunktet for prosjektet, som er organisert som eit treårig utviklingsløp (2026–2029) og omfattar pilotering av nytt LMS i avdelingane for Helse og Elektro (utdanningane i t.d. Elkraft og Psykisk helsearbeid og rusarbeid), kombinert med utvikling av felles pedagogiske prinsipp, minimumsstandardar og kompetanseheving i profesjonsfagleg digital kompetanse. Implementeringa tek utgangspunkt i pedagogisk utviklingsarbeid, der læringsdesign, vurdering, studentaktiv læring og kollektiv refleksjon i profesjonsfellesskapet står sentralt. Prosjektet skal gi studentane betre struktur, samanheng og læringsutbytte, og fagmiljøa styrkt kompetanse, meir samordna arbeidsformer og eit aktivt profesjonsfellesskap for systematisk deling av god pedagogisk praksis. Eit godt læringsmiljø er også kjenneteikna av fysiske omgjevnadar som t.d. lokale og utstyr. Her er utviklinga av tverrfagleg teknisk lab i Førde eit døme på dette (vedlegg 12d).

Styrke fagmiljø (kompetanse): Dette vil me også vise ved å bruke dei tre utdanningane som døme.

[5] Elkraft fagkskuleutdanning ved studiestad Bergen - Fagskulen Vestland

Fagavdeling for Helse har gjennom prosjektet «Økt profesjonsfaglig digital kompetanse for faglærere ved Fagskulen Vestland avdeling helse» (vedlegg 12c) utvikla kompetanse innan nettudervisning og nettpedagogikk, i tillegg til digital kompetanse hos undervisarane slik at utdanningane er gått frå å vere stadbaserte til å bli meir nettbaserte med nokre fysiske samlingar. Avdeling for helse brukar simulering som del av sine utdanningar, og det er planlagt at fleire lærarar skal ta utdanning innan simuleringslæring hausten 2026 Fagskulen Vestland har internasjonalisering som strategisk fokusområde for kvalitetsarbeidet (vedlegg 2a). Som del av dette har fagskulen søkt om, og fått, Erasmus+-midlar for tilsettmobilitet i studieåra 25/26 og 26/27. Avdelinga for helse har i samband med dette vore på jobbskygging ved Tallinn Health Care College i Estland i 2024, og har som eitt av tiltaka for digital kompetanseheving delteke på tre ulike Erasmuskurs i Firenze i juni 2026:

1. ChatGPT and Basic AI Tools, (vedlegg 21c)
2. Designing Inclusive Learning Environment, (vedlegg 21d)
3. Instructional Strategies for Needs of Students (vedlegg 21e)

Avdelinga har møte kvar måndag der det anna kvar veke er fagleg delingsarena og styrking av fagmiljøet, i tillegg til avdelingsmøte annan kvar gong. I begge desse møta er det sett opp eit fast punkt på agendaen at det skal vere faglege refleksjonar og deling som blir diskutert.

Ved Elkraftavdelinga ved Nordnes har nokre lærarar delteke på kurset Train-the-trainer gjennom prosjektet CaBATT[6] som Fagskulen Vestland deltok i.

Som nemnd tidlegare, har Elkraft Førde felles fagdag kvar fredag med fokus på kompetanseheving og styrking av fagmiljø (vedlegg 10a). Fleire lærarar har gjennomført pedagogisk utdanning dei siste åra, i tillegg har fagmiljøet også auka kompetanse innan Vind- og solcelleteknologi, der ein lærar har gjennomført studie ved UCN i Aalborg, noko som var nødvendig med tanke på fagmiljøet sin kompetanse for utdanninga i Solenergi.

Resultat av kvalitetsarbeidet er vist til i Årsmeldingar (vedlegg 5a og vedlegg 5b) og i årleg kvalitetsmelding (vedlegg 6a og vedlegg 6b). Kvar avdeling melder årleg om kvalitetsarbeid frå avdelinga (vedlegg 14a, vedlegg 14b, vedlegg 14c, vedlegg 14d, vedlegg 14e og vedlegg 14f), ut frå indikatorar gjeve av styret. Desse er med i grunnlaget for fagskulen si overordna kvalitetsmelding til styret (vedlegg 6a og vedlegg 6b).

[6] Cabatt

Dokumentasjon:
Kvalitet i utdanninga – System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)
Strategi 2023-2027 (vedlegg 4)
Styresak mandat for læringsmiljøutval (vedlegg 9k)
Årsmelding 2025 (vedlegg 5a)
Årsmelding 2024 (vedlegg 5b)
Kvalitetsmelding 2025 (vedlegg 6a)
Kvalitetsmelding 2024 (vedlegg 6b)
Studiebarometer – tal over tid Helse og Elkraft (vedlegg 7a)
Førde: felles fagdag kvar fredag (Vedlegg 10a)
Faglunsj (Pizzafredag) Nordnes (vedlegg 10k)
Spørsmål til Arild Råheim utgangspunkt for gruppearbeid (vedlegg 10l)
Oppsummering spørsmål til Arild Råheim (vedlegg 10m)
Arild Råheim fagdag Fagskolen_Førde_2024 (vedlegg 10n)
Korte utdanningar og kurs for fagskulelærarar - Intensjonsskjema 2025 (vedlegg 10q)
Helse Referat fra møte med fagråd og praksisevaluering vår 26 (Vedlegg 11c/17k)
Prosjekt Felles pedagogisk plattform (vedlegg 12b)
Økt profesjonsfaglig digital kompetanse for faglærere (vedlegg 12c)
Utvikling av tverrfagleg teknisk lab (vedlegg 12d)
Målretta bruk av KI (vedlegg 12e)
Kvalitetsmelding Elektro studiestad Førde 2025 Vedlegg 14a)
Kvalitetsmelding_2025_Elektroavdelingen_Nordnes_Stord (vedlegg 14b)
Kvalitetsmelding Helse 2025 (vedlegg 14c)
Ledelsens gjennomgang Helse og oppvekst 2024 (vedlegg 14d)
Kvalitetsmelding Elkraft Nordnes 2024 (vedlegg 14e)
Kvalitetsmelding Elkraft Førde 2024 (vedlegg 14f)
Kvalitetspolitikk FV (vedlegg 15)
Bedriftssamarbeid på Elektro INFO (vedlegg 17a)
Omega 365 Consulting AS_14_4_2026 (vedlegg 17b)

Grunnleggende utfordringer i Norsk Industri og behov fremover (vedlegg 17c)
TrafSys AS besøker fagskolen (vedlegg 17d)
Elkraft Førde samarbeid med næringsliv (vedlegg 17e)
Elkraft Førde medverknad næringsliv studieplanarbeid (vedlegg 17f)
Prosedyre for ledelsens (LG) og avdelingensgjennomgang (AG) (vedlegg 18a)
Steg for steg Ledelsens (LG) og avdelingens (AG) gjennomgang (vedlegg 18b)
Prosess AG og LG (vedlegg 18c)
Studieplan Psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 20a)
Studieplan Elkraft Førde (vedlegg 20b)
Studieplan Elkraft Nordnes (vedlegg 20c)
Erasmuskurs Chat GPT and basic AI tools (Vedlegg 21c)
Erasmuskurs Designing inclusive learning environments to support all students (vedlegg 21d)
Erasmuskurs Instructional strategies to adress the diverse needs of all students (vedlegg 21e)

Kontrollspørsmål 2: Er de fastsatte målene egnet for å vurdere utdanningenes kvalitet?	Ja	Nei
	✓	

Redegjørelse/vurdering:
Dømene i Strategi 2023-2027 (vedlegg 4) er vist til under spørsmål 1. Desse måla er godt eigna for å vurdere kvaliteten i utdanningane:

- Arbeidslivsrelevans
- Læringsmiljø
- Aktiv bruk av undersøkingar (tilsette og studentar) i kvalitets- og utviklingsarbeidet (det som gjeld medverknad under spørsmål 1)
- Fagmiljø (kompetanse)

Utdjuping utover det som er skrive under spørsmål 1:

- Arbeidslivsrelevans er ein viktig indikator for kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning, og knytt til krav i Fagskoleloven (§4) der det står at utdanningane skal vere praksisnære og møte behov for arbeidskraft i samfunnet.

- Eit godt læringsmiljø er viktig for studentane si læring, og for trivselen deira. Dette er ein sentral del av det systematiske kvalitetsarbeidet (vedlegg 2a), og er også eit av kjernepunkta i det europeiske utdanningsområdet.
- Aktiv bruk av undersøkingar er med på å styrke medverknaden for tilsette, studentar, og arbeidsliv i arbeidet med utvikling av utdanningane.
- Kompetansen til fagmiljøa, både fagleg og pedagogisk er ein viktig del av kvalitetsarbeidet

Dokumentasjon:
Strategi 2023-2027 (vedlegg 4)
Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)

Kontrollspørsmål 3: Dekker de fastsatte målene vesentlige kvalitetsområder?	Ja	Nei
	✓	

Redegjørelse/vurdering:
Strategi og målsetting er oppretta som framsyn på kor ein vil (visjon), men også for å konkretisere kva ein skal jobbe med for å nå måla (verktøy). Strategien er ambisiøs, men realistisk.

Strategien (vedlegg 4) omhandlar dei fleste vesentlege kvalitetsområda, og dekker blant anna:
Mål for kvalitet:
Fagskulen har fleire mål for kvalitet i strategien, desse er blant anna:

- Styrke skulen med fleire dyktige lærarar (t.d. styrke pedagogisk kompetanse mot nettpedagogikk)
- Nye undervisningsmetodar
- Vidareutvikle læringsmiljøet for studentar ved fleksible tilbod
- Sameine og styrke fagmiljø på tvers
- Arbeide for å bli institusjonsakkreditert

Yrkesrelevans:
Strategien har fleire mål som gjeld tilknytning til arbeidslivet, og som gjev styrka yrkesrelevans, blant anna:

- Vere ein trygg og god partnar for arbeidslivet og samarbeide […] om å utvikle utdanningar som styrker arbeidskrafta […].
- Utarbeide nye metodar for å avdekke kompetansebehov

- Etablere faste samarbeidsforum mellom utdanningane og arbeidslivet

Gjennomføring, ansvar og rapportering:

I strategien kan det som gjeld gjennomføring, ansvar og rapportering knyttast til det som står om profesjonalisering, blant anna:

- administrasjon og utviklingskapasitet skal styrkast
- bruke undersøkingar aktivt i kvalitets- og utviklingsarbeidet

Deler av det som ligg til dette punktet, som rapporteringslinjer og ansvarsforhold er mindre aktuelt å ha med som eigne målsettingar i ein strategi, men tettare samarbeid med styret om kvalitetsarbeid kunne vore eit punkt i strategien.

Fagområdeakkreditering:

Strategien har med eit par punkt om dette, blant anna:

- Arbeide for å bli institusjonsakkreditert
- Arbeid mot ISO-godkjenning av institusjonen

Involvering/innhenting av informasjon:

I strategien finn ein dette att, i blant anna:

- Samarbeid med arbeidslivet for å avdekke kompetansebehov
- Samarbeid med arbeidslivet om utvikling av utdanningar
- Utvikle gode system for medverknad
- Bruke undersøkingar aktivt i kvalitets- og utviklingsarbeid
- Arbeide med å utvikle studentmedverknad, etablere lokale studentråd
- Utvikle studentdemokratiet

Kvalitetsutvikling (same som over, er dekka under overordna og strategiske område)

Strategien 2023-2027 (vedlegg 4) går ut i 2027. I kommande arbeid med ny strategi vil ny systembeskriving for kvalitetsarbeid (vedlegg 2a) ligge aktivt og strategisk til grunn for arbeidet med strategien. Då vil kvalitetsområde (indre og ytre) vere sentrale for utforming av målsetnadane.

Dei områda strategien ikkje dekker direkte er:

- Forankring
- Dokumentasjon
- Internkontroll
- Sviktande kvalitet

Utdjuping: Dei punkta som ikkje eksplisitt er nemnd i strategien er punkt som det ikkje er like naturleg å ha med i ein strategi. Grunnen til dette er at dei heng saman med andre punkt om kvalitetsområde, og trer først fram dersom det er *svikt* i desse kvalitetsområda. Døme kan vere punktet om dokumentasjon, som heng saman med t.d. involvering og innhenting av informasjon. Dokumentasjon er dermed implisitt dekka i strategien utan eksplisitt å vere del av denne. Eit anna døme er det som gjeld forankring. Strategien er godkjent av styret, og er difor godt forankra i styre og leiing utan at forankring er ein uttalt del av strategien. Styret er oppdatert årleg gjennom blant anna Årsmeldingar (vedlegg 5a og vedlegg 5b) og i Kvalitetsmeldingar (vedlegg 6a og vedlegg 6b). Internkontroll og sviktande kvalitet har tilknytning til fleire av kvalitetsområda som er dekka, blant anna det som gjeld fagområdeakkrediterting, gjennomføring, ansvar og rapportering, involvering/innhenting av informasjon og kvalitetsutvikling. Som ein del av fagområdeakkrediteringa gjennomfører ein jamleg interne revisjonar (vedlegg 13d, vedlegg 13h og vedlegg 13i).		
Dokumentasjon: Kvalitet i utdanninga – system for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a) Strategi 2023-2027 (vedlegg 4) Årsmelding 2025 (vedlegg 5a) Årsmelding 2024 (vedlegg 5b) Kvalitetsmelding 2025 (Vedlegg 6a) Kvalitetsmelding 2024 (Vedlegg 6b) Internrevisjon Elkraft Nordnes (vedlegg 13d) Internrevisjon Elkraft Førde (vedlegg 13h) Internrevisjon Helse og oppvekst (vedlegg 13i)		
Kontrollspørsmål 4: Er målene egnet for videreutvikling av kvaliteten i utdanningene og for å rette opp sviktende kvalitet?	Ja ✓	Nei

Redegjørelse/vurdering:
Frå strategien (vedlegg 4) vil me særskilt trekke fram følgjande mål, og belyse desse med tanke på det som er eigna for vidareutvikling av kvalitet:
Profesjonalisering:

- sameine og styrke fagmiljø på tvers av lærestadane og fagmiljø
- system for medverknad
- bruke tilbakemelding aktivt

Læringsmiljø:

- studentaktiv læring
- modellar for organisering av utdanning

Arbeidslivsrelevans:

- utarbeide nye metodar for å avdekke kompetansebehov
- tett samarbeid med arbeidslivet om utvikling av nye studietilbod
- etablere faste samarbeidsforum mellom utdanningane og arbeidslivet
- internasjonalt samarbeid om å utvikle nye utdanningar

Utdjuping:
Det er gjort mykje arbeid med å sameine og styrke fagmiljø på tvers av lærestader og fagmiljø.
Elkraft er eit tilbod både i Bergen og i Førde. Dei to utdanningsstadene har sameining mellom miljøa, og har også felles treffpunkt ved jamne mellomrom. Frå hausten 2026 er det meir undervisningssamarbeid på tvers av utdanningsstadene, døme på dette er undervisning for studentane på Stord der Elkraft Nordnes tidlegare har hatt all undervisning men Førde no bidreg inn i dette. I Førde har (som vist under spørsmål 1) dei to fagmiljøa Maskinteknikk/elektro/automatisering og Bygg/anlegg/VVS eit tett samarbeid om fagutvikling i avdelingane.
All utdanning innan fagområdet Helse og oppvekst er nettbasert med samlingar. Nettundervisninga er for det meste asynkron, men med noko synkron undervisning. Samlingane er fysisk, stort sett på Nordnes. Der det er har blitt lagt til rette for at studentar kan møtast fysisk ved studiestadar/studiesenter lokalt (nærast der dei bur), men hovudbase for samlingane er på Nordnes.
Fagmiljøet har fått midlar frå HK-dir til eit prosjekt for felles pedagogisk plattform. I dette prosjektet deltek også fagmiljøet Elkraft Nordnes. Målet med prosjektet er å styrke kvalitet, samanheng og berekraft i digitale/fleksible studietilbod (vedlegg 12b).
Bakgrunnen for prosjektet er samanslåinga av Fagskulen Sogn og Fjordane og Fagskolen Hordaland, no Fagskulen Vestland.

Samanslåingar er krevjande, og sameining og kultur for godt samarbeid vil nødvendigvis ta tid. Skulane hadde ulike pedagogiske praksisar og tradisjonar, og prosjektet har som mål å sameine praksisen for dei nettbaserte studieløpa med utgangspunkt i pedagogisk utviklingsarbeid, der læringsdesign, vurdering, studentaktiv læring og kollektiv refleksjon i profesjonsfellesskapet står sentralt. Me vurderer at det er ein positiv trend for samarbeid og felles utvikling ved fagskulen.
Arbeidet med å sameine og styrke fagmiljø på tvers er som vist absolutt i gang, men her er det framleis ein veg å gå – då særskilt på tvers av campus der arbeidet framleis er i støypeskeia.

Mål i strategien som er eigna for å rette opp sviktande kvalitet er blant anna:

- Studentvekst: dette er punkt som kan målast, og som også kan justerast. Det er eit strategisk mål om 20% vekst. Me er bevisste på at vekst i studentmassen sjølvsagt kan knyttast opp mot andre område som økonomi, men også til kvalitetsmål som at utdanningane er relevante, har sterke fagmiljø og er knytt til arbeidslivet som kan vere omdømmeskapande.
- Organisere utdanningane for å sikre fleksibilitet for studentar/arbeidsliv: dette kan målast hos studentar og arbeidsliv. Helse har gjennom prosjektet Økt profesjonsfaglig kompetanse (vedlegg 12a) gått frå å ha stadbasert utdanning til i stor grad å tilby utdanning digitalt og asynkront for å gjere det fleksibelt for både studentar og arbeidsliv.
- Under punktet profesjonalisering i strategien finn ein at fagskulen skal: utvikle gode system som sikrar rettar og likebehandling av tilsette og studentar. Studieadministrative system er eit døme der det er behov for vidare utvikling, slik at ressursane kan nyttast betre og som kan bistå til meir likebehandling. Systemprogrammet Visma In school er i utgangspunktet laga for vidaregåande skule, og er ikkje i si noverande form optimal for fagskulen. Programmet kan utviklast, om det viser seg mogleg, men det tek tid. Det er eit pågåande arbeid, som har gått over ei tid, for å sjå på korleis ein enten kan tilpasse eksisterande program, eller evt bytte ut med noko anna. Studieadministrative systemverktøy er eit kritisk punkt ved fagskulen, som har eit stort behov for forbetring for å redusere risiko for feil, som utilsikta kan føre til ulik behandling av studentane. Styret er orientert om kva sårbarheit administrative systemverktøy kan utgjere (vedlegg 9n).

Dokumentasjon: Strategi 2023-2027 (vedlegg 4) Styret Møteinnkalling og saksdokument 19.08.2026 (vedlegg 9n) Prosjekt Læringsverksted for inkluderende undervisning (universell utforming) (vedlegg 12a) Prosjekt pedagogisk plattform (vedlegg 12b)

2. Yrkesrelevans

Fagskoleforskriften § 49 første ledd Fagskoler skal ha et tilfredsstillende internt system for kvalitetssikring av utdanningen som bidrar til kvalitetsutvikling, forbedringer og fagskoleutdanningenes yrkesrelevans, gir tilfredsstillende dokumentasjon av kvalitetsarbeidet ved institusjonen og avdekker eventuell sviktende kvalitet i fagskoleutdanningene.		
Kontrollspørsmål 5: Inneholder systemet rutiner for å systematisk vurdere om utdanningen er yrkesrelevant?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Alle avdelingane har samarbeid med arbeidslivet, enten gjennom fagråd eller anna samarbeid. Dette for å sikre at arbeidslivet er tett på i utviklinga av utdanningane. I rutine/prosessskriv som er i aktiv bruk kjem det tydeleg fram at arbeidslivet skal delta i arbeidsgruppe som utviklar nye utdanningar, eller når det blir gjennomført vesentlege endringar (vedlegg 10b). Dette er meir utdjupa under kapittel 4 som omhandlar *dokumentasjon*. Studiebarometeret og andre studentevalueringar blir brukt for å vurdere studentane si vurdering av yrkesrelevans (vedlegg 7c, vedlegg 7e, vedlegg 7f, vedlegg 7g vedlegg 7h og vedlegg 7l). Dette er meir utdjupa under kapittel 7 som omhandlar *involvering*. Revisjonsarbeid (kvart tredje år) er også ein del av systematiske rutinar for vurdering av yrkesrelevans der dette er eit av punkta i revisjonen (vedlegg 13d, vedlegg 13h og vedlegg 13i). Elkraft Førde og Nordnes har nokre forskjellar i oppbygging. I Førde følgjer ein nasjonal modell, medan utdanninga på Nordnes delvis var bygd opp for å vere tilpassa eit vidare løp ved høgskule (godkjenning av 60 stp vs 40 stp ved nasjonal modell). Ulik oppbygging/innhald kjem av at Fagskulane Hordaland og Sogn og Fjordane vart slegne saman til Fagskulen Vestland. Elkraft Førde (Fagskulen Sogn og Fjordane) hadde eit løp som er basert på nasjonal		

studieplan, medan Elkraft Nordnes (Fagskulen Hordaland) hadde eit etablert samarbeid med HVL. Det har vore eit ønske å behalde forskjellane med bakgrunn i at Elkraftutdanninga på Nordnes vart oppretta for å levere relevant arbeidskraft til arbeidslivet, og samtidig vere tilpassa eit eventuelt vidare løp for å fullføre bachelor ved HVL.
Studentane er også representantar for arbeidslivet, dei sit som oftast med meir praktisk oppdatert kunnskap enn lærar kanskje har. Studentane kan sjåast på som dagleg kontakt med arbeidslivet, og bør i større grad enn no involverast meir i det systematiske og kontinuerlege kvalitetsarbeidet.

Fagskulen Vestland har ei EVU-avdeling som held til i Førde. Denne avdelinga er i tett kontakt med arbeidslivet, og er i dialog om kva som er behovet. Ut frå innspel opprettar fagskulen enkeltemne eller utdanning etter behov. Døme her er utdanninga i Solenergi, fleksibilitet og lagring, som var oppretta som del av bransjeprogrammet (vedlegg 17l). Avtalen i bransjeprogrammet forpliktar gjensidig samarbeid mellom fagskulen og verksemdene i samarbeidet. Fagskulen har fleire utdanningar som er oppretta som del av bransjeprogrammet, og på etterspurnad frå arbeidslivet i regionen. Me kan vise til ytterlegare dokumentasjon på dette dersom ønskeleg.

Det er også direkte kontakt med t.d. næringslivet på Stord om behov for kompetanseutvikling. I denne samanhengen er det bl.a. oppretta maskinutdanning på Stord med oppstart haust 2026 pga tilbakemelding om behov.

Avdeling for helse har fagråd for kvar utdanning, der utdanningane blir diskutert og utvikla i samråd med arbeidslivet for å sikre relevans (vedlegg 17g). Andre utdanningar innan fagområde helse involverer også representantar frå arbeidslivet ved endringar (vedlegg 17h).

Prorektor for utdanning sit i det regionale næringsrådet (region for tidl. Sogn og Fjordane). Rektor deltek i fylkeskommunen sitt kompetanseforum. Kompetanseforum Vestland[7] er samarbeidsorganet for kompetansearbeid i regionen. Etter innspel, er Vestland fylkeskommune i gang med å lage indikatorar for behov i næringslivet som vil vere meir relevante for fagskulesektoren.

Dokumentasjon:
Medverknad Studiebarometeret (vedlegg 7c)
Studiebarometeret Psykisk helsearbeid og rusarbeid 2026 (vedlegg 7e)
Studiebarometeret Elkraft heiltid Nordnes 2026 (vedlegg 7f)
Studiebarometeret Elkraft deltid Nordnes 2026 (vedlegg 7g)
Studiebarometeret Elkraft deltid Førde 2026 (vedlegg 7h)

[7] Kompetanseforum Vestland - Vestland fylkeskommune

Studentevaluering Elkraft Nordnes (vedlegg 7l) Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring (vedlegg 10b) Internrevisjon Elkraft Nordnes (vedlegg 13d) Internrevisjon Elkraft Førde (vedlegg 13h) Internrevisjon Helse og oppvekst (vedlegg 13i) Arbeidslivsrelevans Psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 17g) Vesentleg endring Helse Navneendring spesialrenhold og sterilforsyning (vedlegg 17h) Samarbeidsavtale Solenergi (vedlegg 17l)		
Kontrollspørsmål 6: Iverksetter fagskolen tiltak når de avdekker at utdanningen ikke er yrkesrelevant?	✓ Ja	Nei
Redegjørelse/vurdering: Her kjenner me ikkje til tilfelle av utdanningar som er avdekka som ikkje yrkesrelevante, men dersom dette hadde blitt avdekka ville nok det skjedd gjennom akkrediteringsarbeidet (revisjonsarbeid). Dersom eit studietilbod ikkje var yrkesrelevant, tenker me at søkartal til utdanningane over tid ville gått kraftig ned eller opphøyrt. Det er heller ikkje alltid at ein får søkarar sjølv om utdanninga er yrkesrelevant, og det er behov i arbeidslivet. Dei utdanningane Fagskulen Vestland tilbyr er innan tekniske fag (inkl maritime), helsefag eller grøne og gastronomiske fag. Etterspurnad i arbeidslivet er grunnlag for alle utdanningane. Det interne verktøyet (EK-web) er ein del av kvalitetsarbeidet, og kan brukast for avviksoppfølging dersom det vart avdekka manglande yrkesrelevans. Her er det system for oppfølging (utdanningsleiarar følgjer opp aktuelle tilsette, verktøyet sender ut varsel, og evt purring). Undervisning blir justert ut frå endringar i arbeidslivet. Døme på dette er frå Elkraft der ein gjennom hovudprosjektet til studentane får godt innblikk i endringar i arbeidslivet, som til dømes kva programvare som går ut av bruk. Dette gjer at ein tydeleg ser kva endringar som må til i undervisning, kva program må ein ta ut og kva ein må ta inn. Om utdanninga var moden for å leggast ned eller måtte vidareutviklast, ville vore del av internrevisjonen som avdekka dette. Døme på internrevisjonar er vist i vedlegg 13d, vedlegg 13h og vedlegg 13i). Avdelingane følgjer prosedyre for intern revisjon i dette arbeidet (vedlegg 13c). Det har vore sendt ut spørreundersøkingar til arbeidslivet, men svarprosenten har vore svært låg og dermed har det ikkje vore eit godt verktøy for måling. Det er difor beslutta at alle avdelingar skal opprette fagråd/ha systematisk samarbeid med arbeidslivet som sikrar betre kontakt. Fagråd/samarbeid skal vere med å vurdere utdanning mot behov i samfunnet, og kva krav som ligg til faget. Ein del avdelingar har oppretta fagråd (døme for Helse, vedlegg 11c/17k). Elkraft Nordnes har regelmessig samarbeid med arbeidslivet (døme Elkraft, vedlegg 17a, vedlegg 17b, vedlegg 17c og vedlegg 17d). Elkraft Førde har samarbeid med næringslivet ved at representantar frå næringslivet underviser, men også er invitert til å gje innspel i studieplanarbeid (vedlegg 17e og vedlegg 17f).		

Utdanningane blir endra dersom det er endringar i krav. Alle utdanningar blir revidert kvart 3. år (med unntak av maritime som er revidert årleg). Det var tenkt at alle skulle opprette fagråd, og at det skulle vere to faste møte i året i desse. Det har vist seg vanskeleg å få til ein god struktur for alle avdelingar, og det har for nokre vore særskilt utfordrande å få til faste fysiske møte. For å ivareta samarbeid med arbeidslivet har fagskulen gått vekk frå krav om at det må vere fagråd med faste møte, men har krav om systematisk samarbeid.
Dokumentasjon: Helse Referat fra møte med fagråd og praksisevaluering vår 26 (vedlegg 11c/17k) Prosedyre – intern revisjon (Vedlegg 13c) Internrevisjon Elkraft Nordnes (vedlegg 13d) Internrevisjon Elkraft Førde (vedlegg 13h) Internrevisjon Helse og oppvekst (vedlegg 13i) Bedriftssamarbeid på Elektro INFO (vedlegg 17a) Omega 365 Consulting AS_14_4_2026 (vedlegg 17b) Grunnleggende utfordringer i Norsk Industri og behov fremover (vedlegg 17c) TrafSys AS besøker fagskolen (vedlegg 17d) Elkraft Førde samarbeid med næringsliv (vedlegg 17e) Elkraft Førde medverknad næringsliv studieplanarbeid (vedlegg 17f)

3. Dokumentasjon

Fagskoleforskriften § 49 første ledd Fagskoler skal ha et tilfredsstillende internt system for kvalitetssikring av utdanningen som bidrar til kvalitetsutvikling, forbedringer og fagskoleutdanningenes yrkesrelevans, gir tilfredsstillende dokumentasjon av kvalitetsarbeidet ved institusjonen og avdekker eventuell sviktende kvalitet i fagskoleutdanningene.

Kontrollspørsmål 7: Fremgår det av kvalitetssystemet at kvalitetsarbeidet skal dokumenteres?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: I system for kvalitetsarbeid (vedlegg 2a), som overordna systembeskriving kjem det fram korleis ein skal dokumentere. Det gjeld også Avdelingens kvalitetsarbeid (vedlegg 18a, vedlegg 18b og vedlegg 18c). Gjennom revisjonsarbeidet blir arbeidet med sikring og utvikling av utdanningane dokumentert. Desse ligg i kvalitetssystemverktøyet EK-web, og er tilgjengeleg for bruk i utviklingsarbeidet i fagområda.		
Dokumentasjon: Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a) Prosedyre for ledelsens (LG) og avdelingensgjennomgang (AG) (vedlegg 18a) Steg for steg Ledelsens (LG) og avdelingens (AG) gjennomgang (vedlegg 18b) Prosess AG og LG (vedlegg 18c)		
Kontrollspørsmål 8: Dokumenterer fagskolen hvordan kvalitetsarbeidet gjennomføres?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Fagskulen dokumenterer gjennomføringa av kvalitetsarbeidet gjennom verktøya Ek-web og Edutorium, i tillegg til arkivsystemet Elements (styredokument). Resultata frå kvalitetsarbeidet blir samanlikna og vurderte årleg i kvalitetsmeldinga, som blir behandla av leiinga og styret. Systemverktøya og kvalitetsmeldinga dokumenterer samla prosessen frå planlegging og gjennomføring til evaluering, avgjerd, tiltak, oppfølging og vurdering av effekt. **Ek-web – verktøy for kvalitetsarbeidet**		

Ek-web er det elektroniske verktøyet til fagskulen for styring, dokumentasjon og oppfølging av kvalitetsarbeidet. Verktøyet har vore aktivt i bruk ved fagskulen dei siste to–tre åra og omfattar:

- dokumentdatabase
- avviksmodul
- revisjonsmodul
- årshjulmodul
- modul for kvalitetsarbeidet til avdelingane
- infrastrukturmodul
- handlingsplanmodul
- risikomodul.

Implementeringa av Ek-web er ein pågåande utviklingsprosess. Nokre modular er godt integrerte i organisasjonen, medan andre framleis er under oppbygging eller ikkje fullt ut teke i bruk ved alle avdelingar. Fagskulen arbeider med å etablera ein meir einsarta bruk og med opplæring av tilsette.

Dokumentdatabasen inneheld styrande dokument, prosedyrar, rutinar og annan dokumentasjon knytt til kvalitetsarbeidet, som t.d. akkreditering av nye utdanningar (vedlegg 10b, vedlegg 10c, vedlegg 10d, vedlegg 10e, vedlegg 10f, vedlegg 10g og vedlegg 10h). Arbeidet med å leggja inn og kvalitetssikra dokumenta går framleis føre seg. Tilsette får opplæring i dokumentstyring og i gjennomgang og revisjon av dokumenta. EK-web sender varsel til dokumentansvarleg når dokument skal gåast gjennom og godkjennast på nytt. Ansvar for dokument kan overførast samla når ein ny medarbeidar overtek ei stilling eller rolle, noko som gjev god kontroll og sikrar at ikkje viktige dokument blir liggande under privat lagringsområde hos den enkelte tilsette, eller ikkje blir følgt opp ved endringar i organisasjonen (t.d. om sentrale personar sluttar/er i permisjon).

Avviksmodulen er godt integrert og blir brukt til registrering og behandling av avvik, forbetringsforslag, driftsmeldingar og uønskte hendingar. Ansvar, fristar, årsaksanalyse og tiltak blir registrerte, og det blir sendt automatiske varsel og purringar til saksbehandlar. Fagskulen arbeider no med å etablera eit eige arbeidsområde og ein tydelegare praksis for å dokumentera vurderinga av om gjennomførte tiltak har hatt ønskt effekt.

Revisjonsmodulen blir brukt til planlegging, gjennomføring og dokumentasjon av interne revisjonar (vedlegg 18a, vedlegg 18b og vedlegg 18c), andrepartsrevisjonar og tredjepartsrevisjonar. Modulen har vore særleg aktivt nytta ved dei sertifiserte maritime utdanningane, men blir også brukte ved andre avdelingar.

Årshjulmodulen (vedlegg 3a) blir brukt til å planleggja og varsla om gjentakande kvalitetsaktivitetar (vedlegg 5a, vedlegg 5b, vedlegg 6a og vedlegg 6b). Mellom anna er interne revisjonar, andrepartsrevisjonar, revisjonar knytte til DNV og tidspunkt for det årlege kvalitetsarbeidet til avdelingane lagt inn. Somme avdelingar brukar også årshjulet til andre årlege aktivitetar. Modulen er framleis under utvikling, og fleire oppgåver og aktivitetar knytte til kvalitetsarbeidet blir gradvis lagde inn.
Modulen for kvalitetsarbeidet til avdelingane, tidlegare omtalt som «avdelingens gjennomgang», blir brukt til å dokumentera den årlege vurderinga frå avdelingane av kvaliteten i utdanningane(vedlegg 14a, vedlegg 14b, vedlegg 14c, vedlegg 14d, vedlegg 14e og vedlegg 14f). Utdanningsleiar, tilsette og studentrepresentantar deltek i gjennomgangen. Her blir mellom anna resultat vurderte frå Studiebarometeret, lærarundersøkingar, fagråd, avvik, økonomi og andre relevante datakjelder. På bakgrunn av resultata blir det fastsett tiltak, og tiltak frå førre år blir evaluert med tanke på gjennomføring og effekt. Modulen og arbeidsforma blir framleis vidareutvikla.
Infrastrukturmodulen blir brukt til å registrera utstyr ved kvar enkelt avdeling, mellom anna innkjøpsår, sertifikat, kurs og dokumentasjon som er knytt til utstyret. EK-web kan senda varslar om fristar og behov for fornying eller oppfølging. Denne modulen kan bli brukt meir systematisk.
Handlingsplanmodulen blir først og fremst brukt til aktivitetar og tiltak som går over fleire år (vedlegg 4), eller som har ein lengre syklus enn aktivitetane i årshjulet (vedlegg 3b). Dette kan til dømes vera tredjepartsrevisjonar som blir gjennomførte kvart femte år. Somme avdelingar har også byrja å bruka modulen til å dokumentera framdrift, evaluering og oppfølging av tiltak som er fastsette gjennom det årlege kvalitetsarbeidet til avdelingane. Bruken er førebels ikkje fullt ut einsarta mellom avdelingane.
Risikomodulen er den minst implementerte delen av Ek-web. Fagskulen har starta arbeidet med risikostyring i systemet, men modulen er førebels ikkje fullt innført ved avdelingane. Det er behov for vidare opplæring og tydelegare rutinar for gjennomføring, dokumentasjon og oppfølging av risikovurderingar. I dagens praksis blir ein enkel risikobasert vurdering gjennomført gjennom årsaksanalysar i avviksmodulen, og i enkelte tilfelle gjennom risikovurdering av tiltak i modulen for kvalitetsarbeidet til avdelingane. Dette erstattar ikkje behovet for ei meir heilskapleg implementering av risikomodulen, og vidare innføring er eit prioritert forbetringsområde.

Edutorium og Elements

Edutorium blir brukt til den årlege gjennomgangen (vedlegg 13f), revisjonen og godkjenninga av studieplanane. Resultat frå evalueringar, fagråd, kvalitetsarbeidet til avdelingane, tilbakemeldingar frå arbeidslivet og andre relevante kjelder dannar grunnlag for endringar i studieplanane.

Elements er saks- og arkivsystemet til fagskulen. Her blir formelle saker dokumentert og arkivert, som saksgrunnlag og møteprotokoll (avgjerder) i styret (vedlegg 9j). Dette omfattar mellom anna akkrediteringsarbeid (vedlegg 9d, vedlegg 9e og vedlegg 9f), søknader, vurderingar (vedlegg 9l) og vedtak, styresaker med tilhøyrande dokumentasjon og andre saker knytte til styring og kvalitetsarbeid (vedlegg 9k). Elements sikrar sporbarheit i den formelle saksbehandlinga og i avgjerdene som blir tekne.

Kvalitetsmeldinga – samla vurdering og rapportering

Den årlege kvalitetsmeldinga (vedlegg 6a og vedlegg 6b) er den overordna samanstillinga og vurderinga til fagskulen av resultata frå kvalitetsarbeidet.

Kvalitetsmeldinga byggjer mellom anna på:

- det årlege kvalitetsarbeidet til avdelingane
- kvalitetsmeldingar frå fagområda
- student- og lærarundersøkingar
- resultat frå fagråd og andre former for medverknad
- tilbakemeldingar frå arbeidslivet
- registrerte avvik, forbetringsforslag og uønskte hendingar
- interne revisjonar, andrepartsrevisjonar og tredjepartsrevisjonar
- status for gjennomførte tiltak
- vurderingar av om tiltaka har hatt ønskt effekt
- relevante resultat og nøkkeltal for utdanningane
- andre forhold som har noko å seia for kvaliteten.

Kvalitetsmeldingane frå fagområda (vedlegg 14a, vedlegg 14b, vedlegg 14c, vedlegg 14d, vedlegg 14e og vedlegg 14f) dannar grunnlaget for ei samla kvalitetsmelding for fagskulen. Meldinga blir behandla av leiinga og blir deretter lagd fram for styret.

Kvalitetsmeldinga gir leiinga og styret eit samla grunnlag for å vurdera:

- kvaliteten i utdanningane
- om kvalitetsarbeidet fungerer etter hensikta
- om fastsette mål er nådd
- om tidlegare tiltak er gjennomførte og har hatt ønsket effekt
- kva utfordringar og risikoar som må følgjast opp

- kva mål, tiltak og forbetringsområde som skal prioriterast vidare.

Kvalitetsmeldinga, saksgrunnlaget og styrets behandling blir arkivert i Elements. Mål, prioriteringar og tiltak som følgjer av behandlinga til leiinga og styret, blir følgde opp i relevante delar av Ek-web, mellom anna gjennom årshjulet (vedlegg 3a), handlingsplanmodulen og modulen for kvalitetsarbeidet til avdelingane. Dersom oppfølginga inneber endringar i studieplanane, blir revisjonen og godkjenninga dokumentert i Edutorium (vedlegg 13f).

Kvalitetsmeldinga bind dermed saman den operative oppfølginga i Ek-web, studieplanarbeidet i Edutorium, den formelle saksbehandlinga i Elements og det overordna ansvaret til leiinga og styret for kvaliteten.

Samla vurdering

Fagskolen dokumenterer korleis kvalitetsarbeidet blir gjennomført. Ek-web er etablert som eit sentralt verktøy for planlegging, gjennomføring, dokumentasjon og oppfølging av kvalitetsarbeidet. Edutorium blir brukt til revisjon og godkjenning av studieplanane, medan Elements blir brukt til formell saksbehandling og arkivering. Kvalitetsmeldinga samanliknar resultata og gir leiinga og styret grunnlag for vurderingar, prioriteringar og avgjerder.

Avviks- og revisjonsmodulane er dei mest etablerte delane av Ek-web. Dokumentdatabasen, årshjulet, handlingsplanmodulen, infrastrukturmodulen og modulen for kvalitetsarbeidet til avdelingane er i aktiv bruk, men blir vidareutvikla og teken gradvis breiare i bruk i organisasjonen. Risikomodulen er førebels den minst implementerte delen av systemet.

Det er framleis forbetringsbehov knytte til:

- einskapleg bruk av modulane på tvers av avdelingane
- ferdigstilling og kvalitetssikring av dokumentdatabasen
- opplæring i dokumentstyring og revisjon av dokument
- systematisk dokumentasjon og vurdering av effekten av tiltaka
- vidare utvikling av årshjulet
- tydeleg og einskapleg bruk av handlingsplanmodulen
- full implementering av risikomodulen
- tydeleg samanheng og informasjonsflyt mellom Ek-web, Edutorium, Elements og kvalitetsmeldinga.

Fagskulen vurderer derfor at systemverktøyet er etablert og i aktiv bruk, men at implementeringa ikkje er ferdigstilt. Vidare utvikling, opplæring av tilsette og harmonisering av praksis mellom avdelingane inngår i det igangverande kvalitetsarbeidet til fagskulen.

Dokumentasjon:
Årshjul for kvalitetsarbeid (vedlegg 3a)
Revisjonsplan lang sikt (vedlegg 3b)
Strategi 2023-2027 (vedlegg 4)
Årsmelding 2025 (vedlegg 5a)
Årsmelding 2024 (vedlegg 5b)
Kvalitetsmelding 2025 (Vedlegg 6a)
Kvalitetsmelding 2024 (Vedlegg 6b)
Styresak akkreditering Solenergi (vedlegg 9d)
Akkreditering av ny utdanning: Barn og unges psykiske helse (vedlegg 9e)
Styresak akkreditering Energieffektivisering og automasjon i bygg (vedlegg 9f)
Møteprotokoll styret 02-12-2025 (vedlegg 9j)
Styresak mandat for læringsmiljøutval (vedlegg 9k)
Styresak høyringsuttale - forslag til ny fagskuleforskrift og endringar i fagskulelova (vedlegg 9l)
Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring innan akkreditert fagområde (vedlegg 10b)
Skjema for arbeid i prosjektgruppe ved utvikling av ny utdanning (vedlegg 10c)
Skjema for framdrift og ansvar akkreditering (vedlegg 10d)
Mal for kravspesifikasjon fagmiljø (vedlegg 10e)
Mal for kvalifikasjonar fagmiljø (vedlegg 10f)
Skjema for arbeid i sakkunnig komité (vedlegg 10g)
Prosesskart utvikling av utdanning under fagområde med akkreditering (vedlegg 10h)
Rutine studieplanrevisjon (vedlegg 13f)
Kvalitetsmelding Elektro studiestad Førde 2025 Vedlegg 14a)
Kvalitetsmelding_2025_Elektroavdelingen_Nordnes_Stord (vedlegg 14b)
Kvalitetsmelding Helse 2025 (vedlegg 14c)
Ledelsens gjennomgang Helse og oppvekst 2024 (vedlegg 14d)
Kvalitetsmelding Elkraft Nordnes 2024 (vedlegg 14e)
Kvalitetsmelding Elkraft Førde 2024 (vedlegg 14f)
Prosedyre for ledelsens (LG) og avdelingens gjennomgang (AG) (vedlegg 18a)

Steg for steg Ledelsens (LG) og avdelingens (AG) gjennomgang (vedlegg 18b)
Prosess AG og LG (vedlegg 18c)

Kontrollspørsmål 9: Er dokumentasjonen på kvalitetsarbeidet tilfredsstillende?	✓ Ja	Nei

Redegjørelse/vurdering:
Den delen av kvalitetsarbeidet som gjeld kvalitetssikring er godt og systematisk dokumentert.
Det som gjeld kvalitetsutvikling er mindre synleg, og treng eit betre system for dokumentering. Det blir gjort mykje utviklingsarbeid, men det er i mindre grad systematisk dokumentert (eller sentralt samla). Det er ikkje alt utviklingsarbeid som er like lett å dokumentere i eit spesifikt overordna verktøy som EK-web. Det heller ikkje nødvendigvis ønskeleg at alt skal dokumenterast innan dette verktøyet, då eit eventuelt krav om det kan vere med å kraftig dempe initiativ til utviklingsarbeid.
Nokre døme på utviklingsarbeid som er vanskeleg å dokumentere gjennom kvalitetssikringsverktøyet er:

- utviklingsarbeid i Førde full fagdag i samarbeid med Arild Raaheim (vedlegg 10l, vedlegg 10m og vedlegg 10n)
- ny lærebok i matematikk der fagskulen Vestland har bidrege mykje i arbeidet
- ny lærebok i asynkron læring og undervisning der hovudforfattar er tilsett ved fagskulen
- faglunsj kvar fredag i Førde, der ein utvekslar erfaringar (vedlegg 10a)
- Faglunsj (pizzafredag) ved Nordnes ein gang i månaden frå vår 2026 (vedlegg 10k)
- Prosjektarbeid, til dømes prosjektet Pedagogisk plattform finansiert av HK-dir (vedlegg 12b)
- Internt utviklingsarbeid Elkraft Nordnes for meir fleksible løp for studentane (vedlegg 10o og vedlegg 10p)
- Avdeling helse har faste møte der det anna kvar veke er fagleg delingsarena og styrking av fagmiljøet, med faglege refleksjonar og deling som blir teke til diskusjon (som vist til under spørsmål 1)

Dokumentasjon:
Utviklingsarbeid Elkraft Førde skuleåret 25-26 (vedlegg 10a)
Faglunsj (pizzafredag) Nordnes (vedlegg 10k)
Spørsmål til Arild Raaheim utgangspunkt for gruppearbeid (vedlegg 10l)
Oppsummering spørsmål til Arild Raaheim (vedlegg 10m)

Arild Raaheim fagdag Fagskolen Førde 2024 (vedlegg 10n) Elkraft Nordnes utviklingsarbeid 2023-2026 (vedlegg 10o) Elkraft Nordnes utviklingsarbeid fleksibelt studieløp (vedlegg 10p) Prosjekt pedagogisk plattform (vedlegg 12b) Ny lærebok i matematikk[8] (Inge Hoven Brakestad og Soldis Årseth Trippestad er begge tilsette ved Fagskulen Vestland, og er to av hovudforfattarane av boka) Ny lærebok om asynkron læring og undervisning[9] (Vidar Luth-Hansen er tilsett ved Fagskulen Vestland).

4. Gjennomføring, ansvar og rapportering

Fagskoletilsynsforskriften § 4-2 første ledd andre setning Fagskolens beskrivelse av systemet for kvalitetssikring skal vise målene for kvalitetsarbeidet, hvordan arbeidet skal gjennomføres, ansvarsforholdene og rapporteringslinjene.		
Kontrollspørsmål 10: Beskriver kvalitetssystemet ansvarsforholdene i kvalitetsarbeidet?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Dette er beskrive i system for kvalitetsarbeid (vedlegg 2a), men kan tydeleggjerast og forankrast ennå betre i *heile* organisasjonen enn det det er i dag. Ny systembeskriving må implementerast i heile organisasjonen. Arbeidet med dette er i gang, og starta med at styret vart godt informert før vedtaket om ny beskriving.		

[8] Matematikk for fagskolestudenter | Sigbjørn Hals | ARK.no
[9] Asynkron læring og undervisning | Vidar Luth-Hanssen | ARK.no

Her vil me skilje mellom administrative og faglege oppgåver (vedlegg 16). Faglege oppgåver, og fordeling av desse, er ein del av planleggingsarbeidet som blir gjort i fagområda. Dette er også lagt inn i årshjul (vedlegg 3a) som ligg i EK-web. Her er det også ein revisjonsplan på lengre sikt (vedlegg 3b). Dette er også vist til innleiingsvis under kapittelet *overordna*.
På administrativ side er det arbeid med administrative rutinar for å gjere arbeidet meir transparent og mindre sårbart dersom nokon sluttar eller er borte frå jobb over lengre tid (t.d. sjukdom eller permisjon). Pr i dag er det nokre manglar her som må på plass, som til dømes heilheitleg informasjon ved oppstart. Dette vil bidra til å styrke startkompetansen til studentane. Døme på rutinar som er laga, og som gjer arbeidet meir transparent er Rutine for studieplanrevisjon (vedlegg 13f). Rutinen viser tydeleg ansvarsfordelinga mellom faglege og administrative oppgåver i prosessen.


Me vil utdjupe dette meir under kapittel 6 som omhandlar *forankring*.

Dokumentasjon:
Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)
Årshjul (vedlegg 3a)
Revisjonsplan (lang sikt) (vedlegg 3b)
Sentrale roller (vedlegg 16)
Rutine for studieplanrevisjon (vedlegg 13f)

Kontrollspørsmål 11: Fremgår det av fagskolens kvalitetsarbeid at ansvarsforholdene er i tråd med beskrivelsen i kvalitetssystemet?	Ja	Nei
	✓	

Redegjørelse/vurdering:
I systembeskrivinga *Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling* (vedlegg 2a) er ansvarforhold beskrive. Ein finn også dette i prosesskart og rutinebeskrivingar, der døme på dette er prosedyreskriv og prosesskart for arbeid med utvikling av nye utdanningar (vedlegg 10b og vedlegg 10h) og akkrediteringssaker som er vedteke i styret (vedlegg 9d, vedlegg 9e og vedlegg 9f).
I oversikta «Sentrale roller» er ansvarforhold ved fagskulen tydeleg beskrive (vedlegg 16). Denne oversikta er lagt inn i *Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling* under kapittel 7 som handlar om rolle/ansvar og ansvarsområde.

Dokumentasjon: Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a) Styresak akkreditering Solenergi (vedlegg 9d) Styresak akkreditering Barn og unges psykiske helse (vedlegg 9e) Styresak akkreditering Energieffektivisering og automasjon i bygg (vedlegg 9f) Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning_vesentleg endring (vedlegg 10b) Prosesskartet utvikling av utdanning under fagområde med akkreditering (vedlegg 10h) Sentrale roller (vedlegg 16)		
Kontrollspørsmål 12: Beskriver kvalitetssystemet rapporteringslinjene i kvalitetsarbeidet?	✓ Ja	Nei
Redegjørelse/vurdering: Rapporteringslinjer er vist og beskrive i EK-web gjennom prosedyre for avdelingens kvalitetsarbeid og leiinga sitt kvalitetsarbeid (vedlegg 18a). Rapporteringslinjene følgjer linjene i organisasjonskartet (vedlegg 1a), men i motsett retning (vedlegg 1b):		



Dokumentasjon:

Organisasjonskart (vedlegg 1a)

Rapporteringslinjer Fagskulen Vestland (vedlegg 1b)

Prosedyre for Ledelsens gjennomgang (LG) og avdelingens gjennomgang (AG) (vedlegg 18a)

Kontrollspørsmål 13: Fremgår det av fagskolens kvalitetsarbeid at rapporteringslinjene er i tråd med beskrivelsen i kvalitetssystemet? Fagskolens beskrivelse av systemet for kvalitetssikring skal vise målene for kvalitetsarbeidet, hvordan arbeidet skal gjennomføres, ansvarsforholdene og rapporteringslinjene	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: I fagskulen si beskriving av kvalitetssystem/-arbeid, *Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling* (vedlegg 2a) er det spesifikt beskrive at kvalitetsarbeidet følgjer rapporteringslinja i leiar- og organisasjonsstrukturen til fagskulen. I same dokument (kapittel 7.0) er det også med ei oversikt over roller og ansvar i kvalitetsarbeidet (vedlegg 16), som tydeleggjer kven som har ansvar for kva, og som er i tråd med beskrivinga. I *Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling* er det vist til strategien for Fagskulen Vestland (vedlegg 4). Det er strategien som definerer måla for skulen i gjeldande periode, medan systembeskrivinga vil kunne strekke seg over fleire periodar. Arbeidet med kvalitetsmeldinga følgjer linjene: som vist til i vedlegg 16 skriv kvar avdeling sine innspel til kvalitetsmeldinga (vedlegg 14a, vedlegg 14b, vedlegg 14c, vedlegg 14d, vedlegg 14e og vedlegg 14f), som igjen er brukt som bakgrunnsdokumentasjon for den overordna årlege kvalitetsmeldinga (vedlegg 6a og vedlegg 6b).		
Dokumentasjon: Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a) Strategi 2023-2027 (vedlegg 4) Kvalitetsmelding 2024-2025 (vedlegg 6a) Kvalitetsmelding 2023-2024 (vedlegg 6b) Kvalitetsmelding Elektro studiestad Førde 2025 (vedlegg 14a) Kvalitetsmelding_2025_Elektroavdelingen_Nordnes_Stord (vedlegg 14b) Kvalitetsmelding Helse 2025 (vedlegg 14c) Ledelsens gjennomgang Helse og oppvekst 2024 (vedlegg 14d) Kvalitetsmelding Elkraft Nordnes 2024 (vedlegg 14e) Kvalitetsmelding Elkraft Førde 2024 (vedlegg 14f) Sentrale roller i kvalitetsarbeidet (vedlegg 16)		

5. Fagområdeakkreditering (for fagskoler med fagområdeakkreditering)

Fagskoletilsynsforskriften § 4-2 andre ledd


For fagskoler med fagområdeakkreditering skal systemet for kvalitetssikring også vise prosedyrer for hvordan fagskolen

a. oppretter utdanninger den selv har fullmakt til å akkreditere
b. gjennomfører vesentlige endringer av utdanninger som hører inn under fagområdet


Denne bestemmelsen må ses i sammenheng med:
Fagskoleloven § 5 første ledd

Kontrollspørsmål 14: Har fagskolen i sitt kvalitetssystem en prosedyre for hvordan fagskolen oppretter utdanninger den selv har fullmakt til å akkreditere?	Ja	Nei
	✓	

Redegjørelse/vurdering:
Fagskulen har prosedyre og prosess (vedlegg 10b) for oppretting av utdanning innan fagakkreditert område. Sjølve rutinen er illustrert slik:



Og vidare er det prosesskart i EK-web (illustrert under og i vedlegg 10h). I EK-web er det inkludert malar (gråe rubrikkar):



I rutineskrivet er kvar fase (1-6) beskrive – frå innmeldt behov til endeleg vedtak i styret om godkjenning. Ei prosjektgruppe skal først kartlegge behov, og levere ein rapport til rektor (melde behov), i tillegg til kva kvalifikasjonskrav fagskulen treng for å kunne tilby utdanninga (vedlegg 10e). Etter at rektoratet har gjort si avgjerd om utvikling (fase 2), får prosjektgruppa i oppgåve utarbeide studieplan. Prosjektgruppa som skal utvikle studieplan skal vere sett saman av utdanningsleiar for avdelinga som utdanninga ligg under, faglærar/ar, representant frå yrkeslivet og ein studentrepresentant.

Studieplanen skal utarbeidast etter krava i fagskulelova med forskrifter, NOKUT sine rettleiingar og Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Dersom utdanninga er regulert av nasjonale eller internasjonale standardar, konvensjonar og avtalar må ein sjå til at desse krava er tilfredsstilt før studieplanen blir lagt fram for sakkunnig komité for vurdering. Prosjektgruppa følgjer ein fast mal for utarbeiding av studieplan (vedlegg 10c) og må også legge fram kva kvalifikasjonar ein har eller treng (vedlegg 10f). Sakkunnig komité skal minst bestå av to personar som samla har kunnskap og erfaring innanfor yrkesfeltet og har pedagogisk og fagleg kompetanse. Mandat og saksgang kjem tydeleg fram for både prosjektgruppe og sakkunnig komité.

Sakkunnig komité har også fast mal dei må følgje i si vurdering av utdanninga (vedlegg 10g). Når sakkunnige har gjort si vurdering blir det halde møte mellom desse og representantar frå studieplangruppa. Det er alltid ein akkrediteringsansvarleg (frå stab) med i møtet som skriv rapport ut frå sakkunnig tilbakemelding til studieplangruppa, og som passar på at ein held seg innanfor lov- og regelverk, og ser til at prosessen er følgt. Når sakkunnig komité har gjort ei vurdering om at studieplanen er godkjent (sakkunnig komité kan be prosjektgruppa gjere nødvendige endringar for at studieplanen kan godkjennast), førebur rektor ei innstilling til styret for fagskulen med forslag til vedtak om

endeleg godkjenning og oppretting. Rapporten frå prosjektgruppa og frå sakkunnig komité skal følgje saka. Rektor si innstilling må innehalde plan for finansiering og oppretting av studiet. Styret gjer endeleg vedtak i saka for endeleg godkjenning.
Døme på utdanningar som er oppretta innan akkreditert fagområde er Solenergi (vedlegg 9d), Barn og unges psykiske helse (vedlegg 9e) og Energieffektivisering og automasjon i bygg (vedlegg 9f).
Skjema for framdrift og ansvar akkreditering (vedlegg 10d) er eit støtteverktøy i prosessen for å halde oversikt over framdrifta.

Dokumentasjon:
Styresak akkreditering av Solenergi (vedlegg 9d)
Styresak akkreditering av Barn og unges psykiske helse (vedlegg 9e)
Styresak akkreditering Energieffektivisering og automasjon i bygg (vedlegg 9f)
Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring innan akkreditert fagområde (vedlegg 10b)
Skjema for arbeid i prosjektgruppe ved utvikling av ny utdanning (vedlegg 10c)
Skjema for framdrift og ansvar akkreditering (vedlegg 10d)
Mal for kravspesifikasjon fagmiljø (vedlegg 10e)
Mal for kvalifikasjonar fagmiljø (vedlegg 10f)
Skjema for arbeid i sakkunnig komité (vedlegg 10g)
Prosesskart utvikling av utdanning under fagområde med akkreditering (vedlegg 10h)

Kontrollspørsmål 15: Inneholder prosedyren krav om at vilkår for akkreditering av enkeltutdanninger er oppfylt?	Ja	Nei
	✓	


Redegjørelse/vurdering:
Som beskrive i spørsmål 14.
Utdjuping her:
Prosedyren (vedlegg 10b) inneheld krav om at sakkunnig komite kan sende studieplanen tilbake til prosjektgruppa for nødvendige endringar. Dersom endringane ikkje er gjort, eller ikkje er tilfredsstillande, kan sakkunnig komité enten be om ny utarbeiding eller evt velje å ikkje godkjenne studieplanen før det er gjort nødvendige endringar. Alle studieplanar som er godkjente i sakkunnig komité skal til rektor for førebuing til styret og har krav om styregodkjenning, og om vidare prosess for implementering.

Dokumentasjon: Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring innan akkreditert fagområde (vedlegg 10b)		
Kontrollspørsmål 16: Viser prosedyren at fagskolen samarbeider med yrkesfeltet ved opprettelse av nye utdanninger på egen fullmakt?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Beskrive i spørsmål 14. Utdjuping her (frå vedlegg 10b): Prosjektgruppa som skal utarbeide ny studieplan skal bestå av: • Utdanningsleiar for avdelinga utdanninga er knytt til • Faglærar/ar • Representantar frå yrkesfeltet • Student/ar Utdanninga skal vurderast med tanke på behovet i marknaden og berekraft, både på kort og lang sikt, og det er eit særskilt punkt om å vurdere uvisse på lang sikt. Arbeidslivet sitt behov og etterspurnad skal kartleggast gjennom dialog og samarbeid med relevante verksemder og bransjeorganisasjonar innanfor fagområdet. Fagmiljøet sitt samarbeid med arbeidslivet er eit eige punkt som må beskrivast i arbeidet med utdanninga: *«Samarbeid med arbeidslivet:* *Beskriv samarbeidet fagmiljøet har med aktørar i yrkesfeltet og eventuelt deltaking i faglege nettverk som sikrar at utdanninga er relevant for yrkesfeltet».*		
Dokumentasjon: Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring innan akkreditert fagområde (vedlegg 10b)		

Kontrollspørsmål 17: Sikrer prosedyren at fagskolen oppretter utdannelse innenfor det akkrediterte fagområdets avgrensning?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Det er ikkje eit eige punkt om vurdering av dette i rutinen, men det ligg implisitt i overskrifta *Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring innan akkreditert fagområde* (vedlegg 10b), og i at prosjektgruppa skal ha utspring i akkreditert fagområde. I tillegg skal sakkunnig komité ha kunnskap, erfaring og fagleg kompetanse innan fagområdet til den utdanninga som er søkt oppretta. I prosedyrebeskrivinga står det også at prosjektgruppa skal utarbeide studieplanen etter krava i fagskulelova med forskrifter, NOKUT sine rettleiingar og Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Prosedyren sikrar på den måten at ein held seg innanfor avgrensinga til fagområdet. I tilfelle der ein er usikker om ein er innanfor akkreditert fagområde blir det gjort grundig vurdering.		
Dokumentasjon: Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring innan akkreditert fagområde (vedlegg 10b)		
Kontrollspørsmål 18: Beskriver prosedyren ansvarsforholdene og rapporteringslinjene ved opprettelse av nye utdanninger?	✓ Ja	Nei
Redegjørelse/vurdering: Både prosedyren (vedlegg 10b) og malen for arbeid med utvikling av ny utdanning (vedlegg 10c) viser tydeleg ansvarsforhold og rapporteringslinjene. Det same gjer prosesskartet som ligg i EK-web, illustrert under spørsmål 14 (vedlegg 10h).		
Dokumentasjon: Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring innan akkreditert fagområde (vedlegg 10b) Skjema for arbeid i prosjektgruppe ved utvikling av ny utdanning innenfor akkreditert fagområde (vedlegg 10c) Prosesskart – utvikling av utdanning under fagområde med akkreditering (vedlegg 10h)		

Kontrollspørsmål 19: Undersøker fagskolen om vilkår for akkreditering av enkeltutdanninger er oppfylt når de oppretter utdanning på egen fullmakt?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Her brukar me prosedyren, malen for arbeid i prosjektgruppa og for sakkunnig komité som døme på korleis fagskulen oppfyller vilkåra for akkreditering (vedlegg 10b, vedlegg 10c og vedlegg 10g). I desse dokumenta er det vist til relevant lov- og regelverk som ein må svare ut i prosessen for å få oppretta utdanninga.		
Dokumentasjon: Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring innan akkreditert fagområde (vedlegg 10b) Skjema for arbeid i prosjektgruppe ved utvikling av ny utdanning innenfor akkreditert fagområde (vedlegg 10c) Skjema for arbeid i sakkyndig komité ved utvikling av ny utdanning innenfor akkreditert fagområde (vedlegg 10g)		
Kontrollspørsmål 20: Samarbeider fagskolen med yrkesfeltet ved opprettelse av nye utdanninger på egen fullmakt?	✓ Ja	Nei
Redegjørelse/vurdering: Det er tydeleggjort i både prosedyre og i malen for prosjektgruppa at ein skal ha med yrkesfeltet i arbeidet med ny utdanning (vedlegg 10b og10c). I rutinen er det, som vist til i svaret på spørsmål 16, at det skal vere med representant frå yrkesfeltet i prosjektgruppa som utarbeidar studiaplanen for utdanninga. I malen som prosjektgruppa har som rettesnor i arbeidet, står det blant anna under punkt 3: «*Behovet og etterspørselen i arbeidslivet blir kartlagt gjennom dialog og samarbeid med relevante virksomheter og bransjeorganisasjoner innenfor fagområdet*». I tillegg står det under punkt 6 i malen at ein må beskrive samarbeidet med yrkesfeltet, og korleis ein sikrar fagleg nettverk for at utdanninga skal vere relevant.		
Dokumentasjon: Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring innan akkreditert fagområde (vedlegg 10b) Skjema for arbeid i prosjektgruppe ved utvikling av ny utdanning innanfor akkreditert fagområde (vedlegg 10c)		
Kontrollspørsmål 21: Oppretter fagskolen utdanninger innenfor det akkrediterte fagområdets avgrensning?	Ja ✓	Nei

Redegjørelse/vurdering: Fagskulen opprettar nye studietilbod ved behov, og etter dialog med yrkeslivet. Her vil me vise til styresakene for oppretting av utdanningane i Solenergi og Barn og unge si Psykiske helse som begge er oppretta innafor akkreditert fagområde, og innan avgrensingane som ligg til desse fagområdeakkrediteringane (vedlegg 9d, vedlegg 9e og vedlegg 9f). Fagområdet si avgrensing blir alltid lagt til grunn for oppretting. I tilfelle der det har vore usikkert om ny utdanning er innanfor eller utanfor (grensetilfelle), vil me kontakte NOKUT for å vere sikker. Me har ingen døme på dette, og det er heller ikkje beskrive i prosedyre pr dags dato. Det burde det kanskje gjere for å sikre drifta ved at «taus kunnskap» forsvinn ved eventuelle endringar i organsisasjonen (t.d. ved naturleg avgang/nokon sluttar/er i permisjon).		
Dokumentasjon: Styresak akkreditering av Solenergi (vedlegg 9d) Styresak akkreditering av Barn og unges psykiske helse (vedlegg 9e) Styresak akkreditering Energieffektivisering og automatisering i bygg (vedlegg 9f)		
Kontrollspørsmål 22: Følger fagskolen ansvarsforholdene og rapporteringslinjene som fremgår i prosedyren ved opprettelse av nye utdanninger?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Som vist til under spørsmål 14 blir behov for ny utdanning under akkreditert fagområde meldt til rektoratet som vurderer om akkrediteringsarbeidet skal setjast i gang. Ved ei positiv beslutning hos rektoratet, vil det fagmiljøet som er utpeika utarbeide studieplanen som deretter blir vurdert av ein sakkunnig komité. Med bakgrunn i studieplanen og den sakkunnige vurderinga, blir det skrive ei saksinnstilling om godkjenning og oppretting av studiet. Saka går deretter til styret for endeleg vedtak. Beskrivingar av prosess, med tilhøyrande rutinar, malar og skjema, ligg i EK-web (Vedlegg 10b, vedlegg 10c, vedlegg 10d, vedlegg 10g og vedlegg 10h). Det er oppretta eige Teamsområde som blir brukt som arbeids- og samhandlingsområde gjennom utviklings- og akkrediteringsarbeidet. Den formelle dokumentasjonen knytt til akkrediteringa, som saksgrunnlag, vurderingar, innstillingar og vedtak, blir arkivert i saksarkivet i Elements.		



Ein kan sjå at dei fastsette ansvarsforhalda og rapporteringslinje er følgt i gjennomgang av prosessen ved oppretting av studia Solenergi (vedlegg 9d) og Barn og unges psykiske helse (vedlegg 9e).

Dokumentasjon:
Styresak akkreditering Solenergi (vedlegg 9d)
Styresak akkreditering Barn og unges psykiske helse (vedlegg 9e)
Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning_vesentleg endring (vedlegg 10b)
Skjema for arbeid i prosjektgruppe ved utvikling av ny utdanning innenfor akkreditert fagområde (vedlegg 10c)
skjema for framdrift og ansvar akkreditering av utdanning (vedlegg 10d)
Skjema for arbeid i sakkunnig komité (vedlegg 10g)
Prosesskart utvikling av utdanning under fagområde med akkreditering (vedlegg 10h)

Kontrollspørsmål 23: Har fagskolen i sitt kvalitetssystem en prosedyre for hvordan fagskolen gjennomfører vesentlige endringer i eksisterende utdanninger?	✓ Ja	Nei

Redegjørelse/vurdering:
Som del av kvalitetssystemet er det ein prosedyre for utvikling av utdanning og vesentlege endringar (vedlegg 13a). Til denne prosedyren er det også skjema med punkt for dei lov- og regelkrav ein må sjå til å halde under arbeidet (vedlegg 13b). I prosedyren er det vist til korleis ein skal gå fram når ein gjennomfører vesentlege endringar, kven som skal vere involvert i arbeidet og ansvarslinjene frå start til endeleg vedtak i styret.

Dokumentasjon:
Prosedyre for utvikling av utdanning og vesentlige endringer (vedlegg 13a)
Skjema for vesentleg endring (vedlegg 13b)

Kontrollspørsmål 24: Inneholder prosedyren for vesentlige endringer krav om at vilkår for akkreditering av enkeltutdanninger er oppfylt?	Ja ✓	Nei

Redegjørelse/vurdering:
I prosedyren for utvikling av utdanning og vesentlege endringar (vedlegg 13a) er det under «Formål» vist til at denne gjeld for utdanningar innan akkreditert fagområde.
I prosedyren står det at «*Alle utdanningar ved Fagskulen Vestland skal vere forankra i skulen sin strategiplan og arbeidslivet sitt behov. Vidare skal utdanningane vere yrkesretta og bygge på fullført vidaregåande utdanning eller tilsvarande realkompetanse. Læringsutbyttebeskrivingane i studieplanane skal følgje nivå 5.1 og 5.2 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk*».
Vidare står det under mandatet til arbeidsgruppa at denne skal *«utarbeide studieplanen etter krava i fagskulelova med forskrifter, NOKUT sine rettleiingar og Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk».* Prosedyren sikrar at det blir sjekka at utdanningsplanen er i tråd med lov- og regelverk, det er akkrediteringskoordinator som har ansvar for å sjekke dette: «*Før studieplan vert sendt til sakkunnig vurdering skal fagskulen sin akkrediteringskoordinator kontrollere at studieplanen er i tråd med lover og forskrifter og eventuelt anna regelverk*».
Sakkunnig komité er i alle prosessane oppretta i tråd med fagskuletilsysnforskrifta §5-3 med tanke på kompetansekrav til denne komitéen. Komitéen skal også sikre at utdanninga er i tråd med NKR nivå 5.1 og/eller 5.2, og andre lovkrav.

Skjema for vesentlege endringar (vedlegg 13b) skal fyllast ut av arbeidsgruppa, og er til hjelp for avsjekk for at ein følgjer lov- og regelverk.

Dokumentasjon: Prosedyre for utvikling av utdanning og vesentlige endringer (vedlegg 13a) Skjema for vesentleg endring (vedlegg 13b)		
Kontrollspørsmål 25: Viser prosedyren hvilke tilfeller fagskolen skal samarbeide med yrkesfeltet når de gjør vesentlige endringer?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: I prosedyrebeskrivinga (vedlegg 13a) er det eit tydeleg krav til at prosjektgruppa skal ha med representantar frå yrkeslivet. I skjema for vesentleg endring (vedlegg 13b) er det med eit punkt med ei presisering av at det må vurderast i kvart enkelt tilfelle at endringa må vere i tråd med kompetansebehovet i samfunnet og gjeldande bransjestandard, og at ein må vurdere i kvart tilfelle om yrkesfeltet skal vere involvert. Dette for å sikre at krav i lov- og regelverk blir følgt. I prosessen med endring av navn på utdanning innan utdanninga Sterilforsyning og smittevern i helsetjenesten (vedlegg 17h) var samarbeidspartnarar frå arbeidslivet med i diskusjonane og dei faglege vurderingane.		
Dokumentasjon: Prosedyre for utvikling av utdanning og vesentlige endringer (vedlegg 13a) Skjema for vesentleg endring (vedlegg 13b) Vesentleg endring Helse Navneendring spesialrenhold og sterilforsyning (vedlegg 17h)		
Kontrollspørsmål 26: Sikrer prosedyren at fagskolen gjør vesentlige endringer innenfor det akkrediterte fagområdets avgrensning?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: I del 8 i skjemaet for vesentleg endring (vedlegg 13b) må ein vurdere kven som kan godkjenne endringa. Ein må difor vurdere om dette er innanfor fagområdet si avgrensing, om det skal meldast til NOKUT eller om det er krav om søknad for godkjenning.		

Dokumentasjon: Skjema for vesentleg endring (vedlegg 13b)		
Kontrollspørsmål 27: Beskriver prosedyren ansvarsforholdene og rapporteringslinjene ved vesentlige endringer?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Ansvarsforholdet for alle partar er tydeleg beskrive tidleg i prosedyren (vedlegg 13a), under punktet ansvar og myndigheit, i tillegg til at det er også kjem tydeleg fram i dei ulike fasane for prosessen (fase 1-6). Rapporteringslinjene ligg implisitt i avsnittet om ansvar og myndighet, men også i prosesskartet som er lagt inn i prosedyren. Prosessen og rapporteringslinjene er deretter tydeleg beskrive under dei ulike fasane for prosessen.		
Dokumentasjon: Prosedyre for utvikling av utdanning og vesentlige endringer (vedlegg 13a)		
Kontrollspørsmål 28: Undersøker fagskolen om vilkår for akkreditering av enkeltutdanninger er oppfylt når de gjør vesentlige endringer?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: I skjemaet for vesentlege endringar (vedlegg 13b) må ein vise til gjeldande akkrediteringsstatus, i tillegg til at det blir gjort ei vurdering i forhold til godkjenning der ein vurderer om den kan vurderast internt (under fagområdeakkreditering), om det må sendast melding til NOKUT om endringa, eller om endringa krev søknad om godkjenning hos NOKUT.		

Dokumentasjon: Skjema for vesentleg endring (vedlegg 13b)		
Kontrollspørsmål 29: Samarbeider fagskolen med yrkesfeltet ved gjennomføring av vesentlige endringer i tråd med sin prosedyre?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Når det skal gjerast vesentlege endringar innan ei utdanning, ligg det til prosedyren (vedlegg 13a) at representantar frå yrkesliv skal vere med i arbeidet, som del av arbeidsgruppa. Ei vesentleg endring krever ny akkreditering, og dermed involvering av yrkesliv. Viser her til endring av namn for utdanninga Sterilforsyning og smittevern i helsetjenesten, som vist til i spørsmål 25 (vedlegg 17h), og til styresak endring av utdanning psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 9i), der utdanninga gjekk frå å vere stadbasert til å bli nettbasert for å nå ut med utdanning til heile regionen og å gjere utdanninga meir fleksibel for studentar og arbeidsgjevarane deira. EVU-avdelinga er nokså ny, og har ennå ikkje gjennomført vesentlege endringar, men skal gjennomføre ei no. Grunnen til dette er at ein ser at namnet ikkje har vore treffande, og dermed ikkje har fått nok søkarar til utdanninga. Endring i innhaldet vil også bli vurdert for å sikre at utdanninga opprettheld relevansen for arbeidslivet. Her har me ikkje dokumentasjon pr dags dato sidan dette er førestående arbeid. Døme frå avdelinga for Elkraft: Ved namneendring frå Automatisering til Industriell automasjon (vedlegg 9o) var det gjort ei vurdering om at namneendringa ikkje gav inntrykk av vesentleg endra utdanning. I saksutgreiinga står det: «*Fagskulen ønskjer å endre namnet ved tre av våre utdanningar innan det tekniske fagområdet, og vedtakskompetansen på ei slik namneendring ligg til styre for fagskulen […]. Akkrediteringsansvarleg har på bakgrunn av dialog og utgreiing frå dei aktuelle utdanningsleiarane vurdert dei føreslått endringane til å ikkje krevje ei ny akkreditering. Vidare vert det vist til grunngjevinga for namneendringa*». Endringa vart vurdert til å vere innanfor mandat til endring av namn utan ny akkreditering.		

Dokumentasjon: Styresak endring av utdanning psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 9i) Styresak endring av namn på utdanningar (vedlegg 9o) Prosedyre for utvikling av utdanning og vesentlige endringer (vedlegg 13a) Vesentleg endring Helse Navneendring spesialrenhold og sterilforsyning (vedlegg 17h)		
Kontrollspørsmål 30: Gjør fagskolen vesentlige endringer innenfor det akkrediterte fagområdets avgrensning?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Fagområdet for helse fekk fagområdeakkreditering i januar 2025, og er dermed såpass nyleg fagorådeakkreditert at det ikkje er gjort vesentlege endringar med dette mandatet ennå. Det er som vist til tidlegare oppretta nye utdanningar (modular) innan helse etter dette. Tek likevel med styresak (vedlegg 9i) om vesentleg endring av utdanninga Psykisk helsearbeid og rusarbeid. Då var det styresak om løyve til å melde NOKUT om endring. Elkraft Nordnes har gjort endringar i emneoppbygging i utdanninga (vedlegg 17i og vedlegg 17j) siste åra. Her har ein gått frå å ha større emne som gjekk over fleire semester til færre emne som blir avslutta etter eitt, eller to, semester. Dette for å gjere det meir fleksibelt for alle studentar slik at dei har moglegheit til å endre frå heiltids- til deltidsstudium, og vice versa. Både heiltid og deltid har same sluttprøve, og det er blitt eit tettare samarbeid mellom lærarane på tvers av desse utdanningane, og lærestadene Nordnes, Førde og Stord. Det var ikkje gjort vesentlege endringar av det overordna innhaldet (mål og læringsutbytte) i utdanninga, så dei endringane som vart gjort kjem inn under arbeidet med studieplanrevisjon. Dette gjer ein i Edutorium (vedlegg 13f og vedlegg 13j). Det er elles ikkje gjort vesentlege endringar i Elkraft sidan 2018.		
Dokumentasjon: Styresak endring av utdanning psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 9i) Rutine studieplanrevisjon (vedlegg 13f) Veiledning med instruks for emne- og studieplanendring Edutorium (vedlegg 13j) Studieplanrevisjon Elkraft Nordnes_Stord – gammal struktur 2023 (vedlegg 17i) Studieplanrevisjon Elkraft Nordnes_Stord - ny struktur 2024 (vedlegg 17j)		

Kontrollspørsmål 31: Følger fagskolen ansvarsforholdene og rapporteringslinjene som fremgår i prosedyren ved vesentlige endringer?	✓ Ja	Nei
Redegjørelse/vurdering: Som vist til i spørsmål 30, blir utdanningar som gjennomgår vesentlege endringar lagt fram for styret. Dette kan ein sjå av styresak (vedlegg 9i).		
Dokumentasjon: Styresak endring av utdanning psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 9i)		

6. Forankring

Fagskoletilsynsforskriften § 4-1 første ledd første setning Fagskolens kvalitetsarbeid skal være forankret i fagskolens styre og ledelse. Fagskoletilsynsforskriften § 4-2 første ledd andre setning Fagskolens beskrivelse av systemet for kvalitetssikring skal vise […] ansvarsforholdene og rapporteringslinjene.		
Kontrollspørsmål 32: Fremgår det av kvalitetssystemet at kvalitetsarbeidet er forankret i fagskolens styre?	Ja ✓	Nei

Redegjørelse/vurdering: I både intern beskriving av kvalitetsarbeid (vedlegg 2a), og i prosess- og rutineskriv kjem det tydeleg fram korleis kvalitetsarbeidet er forankra i styret. Døme på forankring finn ein i styreprotokollar – både vedtakssaker og orienteringssaker er døme på dette (Vedlegg 5a og vedlegg 5b, vedlegg 6a og vedlegg 6b, vedlegg 9j, vedlegg 10b, vedlegg 10c, vedlegg 10h, vedlegg 13a, vedlegg 13b og vedlegg 13c).		
Dokumentasjon: Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a) Årsmelding 2024 og 2025 (Vedlegg 5a og vedlegg 5b) Kvalitetsmelding 2024-2025 (vedlegg 6a) Kvalitetsmelding 2023-2024 (vedlegg 6b) Møteprotokoll styret desember 2025 (vedlegg 9j) Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring innan akkreditert fagområde (vedlegg 10b) Skjema for arbeid i prosjektgruppe ved utvikling av ny utdanning innenfor akkreditert fagområde (vedlegg 10c) Prosesskart – utvikling av utdanning under fagområde med akkreditering (vedlegg 10h) Prosedyre for utvikling av utdanning og vesentlige endringer (vedlegg 13a) Skjema for vesentleg endring (vedlegg 13b) Prosedyre - Interne revisjoner (vedlegg 13c)		
Kontrollspørsmål 33: Fremgår det av kvalitetssystemet at kvalitetsarbeidet er forankret i fagskolens ledelse?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Forankring av kvalitetsarbeid i leiinga finn ein i skulen si systembeskriving av kvalitetsarbeid, *Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling* (vedlegg 2a). Alle nye utdanningar, og vesentlege endringar av utdanningar skal vere forankra i leiinga ved fagskulen (vedlegg 13a, vedlegg 13b, vedlegg, 13c, vedlegg 13e). Dette kjem blant anna fram i skjema for utvikling/endring av utdanning (vedlegg 13b), under punktet «forankring og involvering». Det er rektor som legg fram sakene for styret, og rektor må difor godkjenne alle saker før dei går til styret. Alle skjema og prosesskart er tilgjengeleg i EK-web, og er i bruk.		

Leiinga sitt kvalitetsarbeid (LG) blir gjennomført årleg, og er leiinga sin gjennomgang for å sikre at kvaliteten i utdanningane svarer til forventinga leiinga har til kvalitetsutvikling og -sikring. Det er rektor/prorektor som har ansvar for at denne blir gjennomført. LG tek utgangspunkt i avdelingane sitt kvalitetsarbeid (AG) (vedlegg 18a, vedlegg 18b og vedlegg 18c), og har faste punkt for kvalitetsarbeidet på agendaen, som oppført i systembeskrivinga System for kvalitetssikring (vedlegg 2b), som har vore fagskulen sin beskriving av kvalitetsarbeid fram til august 2026. Desse faste punkta er:

- Styringskvalitet
- Relevanskvalitet
- Undervisningskvalitet
- Resultatkvalitet
- Rammekvalitet
- Internkontroll

Frå hausten 2026 er det den nye systembeskrivinga (vedlegg 2a) som er gjeldande, og fagskulen er i gang med å oppdatere interne rutinar ut frå denne. Dette arbeidet vil gå føre seg i tida framover.

Dokumentasjon:
Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)
System for kvalitetssikring (vedlegg 2b)
Prosedyre for å utvikle ny utdanning (vedlegg 13a)
Skjema for vesentleg endring (vedlegg 13b)
Prosedyre interne revisjoner (vedlegg 13c)
Hvordan søke om akkreditering av ny utdanning (vedlegg 13e)
Prosedyre for ledelsens gjennomgang (LG) og avdelingens gjennomgang (AG) (vedlegg 18a)
Steg for steg Ledelsens (LG) og avdelingens gjennomgang (AG) (vedlegg 18b)
Prosess AG og LG (vedlegg 18c)

Kontrollspørsmål 34: Er fagskolens kvalitetsarbeid forankret i fagskolens styre?	Ja	Nei
	✓	

Redegjørelse/vurdering:
Det som gjeld kvalitetsarbeid, og som er ein del av den systematiske oppdateringa av dette i styret, er:

- Årsmelding (vedlegg 5a og vedlegg 5b)
- Årleg kvalitetsmelding, med vedtak om resultatmål for neste år (vedlegg 6a og vedlegg 6b)
- Strategi (vedlegg 4)
- Systembeskrivelse for kvalitetsarbeid (vedlegg 2a og vedlegg 9n)
- Godkjenning av ny utdanning/vesentlege endringar (vedlegg 9d, vedlegg 9e, vedlegg 9f, vedlegg 9i)
- Godkjenning av studietilbod (vedlegg 9a, vedlegg 9b og vedlegg 9c)
- Godkjenning av ny studieforskrift for Fagskulen Vestland (vedlegg 9g)

Dette er alle godkjenningssaker der styret må vurdere om det skal settast i verk eventuelle tiltak.
Styremøtet i desember 2025 (vedlegg 9j) er eit døme der det er fleire saker som omhandlar kvalitetsarbeid. I dette møtet var dette saker som gjeld kvalitetsarbeid:

- Kvalitetsmeldinga
- Endring av namn på utdanning
- Akkreditering av ny utdanning
- Studietilbod Handverksysting 26/27
- Labutstyr Campus Verftet
- Orientering om tildeling av Utdanningskvalitetsprisen 2025

Fagskulen kan bli flinkare til å halde styret systematisk oppdatert om kvalitetsarbeidet ved skulen, og særskilt i forhold til utfordringar ein jobbar med og som ikkje er/vil bli styresaker. Eit døme er saka om studieadministrative systemverktøy (vedlegg 9n), som nemnd under spørsmål 4. Her kunne styret vore orientert tidlegare i prosessen. Fagskulen har også eit forbetringspotensiale når det gjeld å utføre risikoanalysar.
Orientering om tildeling av Utdanningskvalitetsprisen (vedlegg 9h) er likevel eit døme på at styret er løpande orientert om kvalitetsarbeid. Noko som også bidreg til forankring i styret er at fysiske styremøte blir haldne ved dei ulike campusane. Ei orientering om dei lokale tilhøva er ein del av dei fysiske møta på ulike campus. På denne måten blir styret både orientert og bevisstgjort på at fagskulen har fleire lokasjonar, og får ei betre forståing for utfordringar både ved dei ulike stadene og overordna.

Dokumentasjon:
Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)
Strategi 2023-2027 (vedlegg 4)
Årsmelding 2025 (Vedlegg 5a)
Årsmelding 2024 (vedlegg 5b)
Kvalitetsmelding 2024-2025 (vedlegg 6a)
Kvalitetsmelding 2023-2024 (vedlegg 6b)
Møte og saksplan 2024 Styret (vedlegg 9a)
Møte og saksplan 2025 Styret (vedlegg 9b)
Møte og saksplan 2026 Styret (vedlegg 9c)
Styresak akkreditering Solenergi (vedlegg 9 d)
Styresak akkreditering Barn og unges psykiske helse (vedlegg 9e)
Styresak akkreditering Energieffektivisering og automasjon i bygg (vedlegg 9f)
Styresak ny studieforskrift 2025 (vedlegg 9g)
Styresak nominasjon til Utdanningsprisen 2025 (vedlegg 9h)
Styresak endring i utdanninga psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 9i)
Møteprotokoll styret desember 2025 (vedlegg 9j)
Styret Møteinnkalling og saksdokument 19.08.2026 (vedlegg 9n)

Kontrollspørsmål 35: Er fagskolens kvalitetsarbeid forankret i fagskolens ledelse?	✓ Ja	Nei

Redegjørelse/vurdering:
Som vist til under spørsmål 33, er mykje av kvalitetsarbeidet forankra i leiinga. Alle nye utdanningar, og vesentlege endringar av utdanningar skal til dømes vere forankra i leiinga ved fagskulen (vedlegg 13a, vedlegg 13b, vedlegg, 13c, vedlegg 13e). Dette kjem blant anna fram i skjema for utvikling/endring av utdanning (vedlegg 13b), under punktet «forankring og involvering». Det er, som vist til, rektor som legg fram sakene for styret, og rektor må difor godkjenne alle saker før dei går til styret. Alle er tilgjengeleg i EK-web, og er i bruk.
I det årlege arbeidet med Årsmelding og Kvalitetsmelding (vedlegg 5a, vedlegg 5b, vedlegg 6a og vedlegg 6b) er rektor sentral, og det er rektor som godkjenner meldinga før den går til styret.

Rektor/prorektor deltek, som vist til, aktivt i Leiinga sitt kvalitetsarbeid (LG), og er med på å sette mål og tiltak for kvalitetsarbeidet i avdelingane (vedlegg 18a, vedlegg 18b og vedlegg 18c). Styresaker med vedlegg er vist til i forrige spørsmål.
Dokumentasjon: Årsmelding 2025 (vedlegg 5a) Årsmelding 2024 (vedlegg 5b) Kvalitetsmelding 2025 (vedlegg 6a) Kvalitetsmelding 2024 (vedlegg 6b) Prosedyre for å utvikle ny utdanning (vedlegg 13a) Skjema for vesentleg endring (vedlegg 13b) Prosedyre interne revisjoner (vedlegg 13c) Hvordan søke om akkreditering av ny utdanning (vedlegg 13e) Prosedyre for ledelsens gjennomgang (LG) og avdelingens gjennomgang (AG) (vedlegg 18a) Steg for steg Ledelsens (LG) og avdelingens gjennomgang (AG) (vedlegg 18b) Prosess AG og LG (vedlegg 18c)

7. Involvering

Fagskoletilsynsforskriften § 4-1 første ledd andre setning Fagskolen skal involvere ansatte og studenter, inkludert eventuelle studentorganer, i kvalitetsarbeidet.		
Kontrollspørsmål 36: Fremgår det i fagskolens kvalitetssystem at ansatte, studenter og evt. studentorganer skal involveres?	Ja ✓	Nei


Redegjørelse/vurdering:
Fagskulen har tydeleg forventingar til at tilsette og studentar skal involverast i kvalitetsarbeidet.
Dette er skissert i:


- Kvalitet i utdanninga – system for kvalitetsarbeid og -utvikling
- Strategi 2023-2027
- Arbeid med ny utdanning (deltek i prosjektgruppa)
- LMU
- Prosedyre for gjennomføring og oppfølging av student- og medarbeidarundersøkingar


Systembeskrivinga for kvalitetsarbeid (vedlegg 2a) følgjer tilrådingane om kvalitetsarbeid. Studentmedverknad kjem inn under punkta om kunnskapsbase – fagmiljø, samspel med næringslivet, startkompetanse og ikkje minst under læringsmiljø. Involvering av dei tilsette er særskilt med under punkta kunnskapsbase – fagmiljø, læringsutbytte, startkompetanse (forventningsavklaring), læringsmiljø og utdanningsfagleg kompetanse.
I strategien (vedlegg 4) er eit av måla at fagskulen skal «*utvikle gode system for medverknad, slik at studentane og dei tilsette kan delta med å utvikle skulen*», og vidare at ein t.d. skal utvikle studentdemokratiet. Som del av arbeidet er det oppretta eit læringsmiljøutval (LMU), noko som også er eit vilkår Kunnskapsdepartementet har lagt for at fagskular kan bli institusjonsakkrediterte (vedlegg 9k). Eit anna døme for dette er *Prosedyre for gjennomføring og oppfølging av student- og medarbeidarundersøkingar* (vedlegg 7k), som under føremål seier: «*Føremålet med prosedyren er å sikre systematisk innhenting, behandling og oppfølging av tilbakemeldingar frå studentar og tilsette. Undersøkingane skal bidra til kontinuerleg forbetring av kvaliteten i utdanningane, og sikre at avvik og forbetringsområde vert identifisert, behandla og følgde opp*».
System for studentmedverknad er under utvikling. Her var i utgangspunktet Studiebarometeret målepunkt lenge, men det har lenge vore system for t.d. «klassens time» for mange utdanningar.
Studentar og tilsette skal, i tillegg til arbeidslivet, delta i utarbeiding av nye utdanningar og utvikling (endring) av eksisterande (vedlegg 13a), og er her med i prosjektgruppa som lagar studieplanen for utdanninga. Dette for å sikre studentmedverknad, for å ha studentane sitt blikk med i arbeidet, og for at dei tilsette som skal undervise har eit eigarskap til utdanninga.
Avdelinga og leiinga sitt kvalitetsarbeid er også på korleis tilsette er involvert i kvalitetsarbeidet (vedlegg 18a, vedlegg 18b, og vedlegg 18c).


Dokumentasjon: Kvalitet i utdanninga – System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a) Strategi 2023-2027 (vedlegg 4) Prosedyre for gjennomføring og oppfølging av student- og medarbeidarundersøkingar (vedlegg 7k) Styresak mandat for læringsmiljøutval (vedlegg 9k) Prosedyre for å utvikle ny utdanning (vedlegg 13a) Prosedyre for ledelsens gjennomgang (LG) og avdelingens gjennomgang (AG) (vedlegg 18a) Steg for steg Ledelsens (LG) og avdelingens gjennomgang (AG) (vedlegg 18b) Prosess AG og LG (vedlegg 18c)		
Kontrollspørsmål 37: Fremgår det i fagskolens kvalitetsarbeid at ansatte, studenter og evt. studentorganer involveres?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Fagskulen Vestland har eit forbetringspotensial på dette punktet. Fagskulen kan bli flinkare til å involvere, då særskilt med tanke på studentar. Studentar, tilsette og arbeidsliv er involvert i arbeid med nye utdanningar. Sakkyndig komité har blikket på både faget (arbeidslivsrelevans) og pedagogikk. Det er planar om å ha evalueringar for kvart emne. Dette må inn i prosedyre for kvalitetsutvikling, og er under utarbeiding. Tilsette kan påverke utføring av prosedyrar mm gjennom å bruke kvalitetssystemet. Ein del tilsette brukar t.d. avviksmeldingar/funksjonen forbetringsforslag i EK-web for å komme med innspel på rutinar eller retningsliner som treng oppdatering, eller for forbetringsforslag til systemet (vedlegg 10i og vedlegg 10j). Studiebarometeret (vedlegg 7a, vedlegg 7c, vedlegg 7d, vedlegg 7e, vedlegg 7f, vedlegg 7g og vedlegg 7h) er brukt av fagskulen for å måle i kor stor grad studentane føler seg involverte. Studiebarometeret viser at studentane over tid ikkje har vore meir enn middels fornøgde med korleis dei får medverke innan fleire av utdanningane, særskilt dei tekniske. Her er det rom for forbetring, og dette er og har siste åra vore ei målsetting for styret og leiinga (vedlegg 4, vedlegg 6a og vedlegg 6b). Studiebarometeret for 2024 viste at studentane i Elkraft var middels fornøgde, medan studentane som tek psykisk helsearbeid og rusarbeid jamt over er meir fornøgde. I 2025 var det ikkje gjennomført undersøking, men 2026-undersøkinga viser at ein		

ved Elkraft Nordnes framleis ikkje er blitt meir fornøgde, og delvis også er mindre fornøgde, medan Elkraft Førde har gått litt opp på målinga. Psykisk helsearbeid og rusarbeid gjer ei svært god undersøking, der 96% er fornøgd eller svært fornøgd, medan 4% ikkje er fornøgd.










Det blir gjennomført studentevaluering også utover Studiebarometeret.
Ved Elkraft Nordnes blir det t.d. sett av tid for gjennomføring av evaluering i Forms (vedlegg 7l). Det er oppretta «klassens time» der det er rom for studentane å gje konstruktive tilbakemeldingar (både ris og ros) om undervisning og innhald. Tilbakemeldingane blir brukte løpande i utviklingsarbeidet. Det blir sett av tid til dette i timeplanen, og evaueringa blir følgt opp og gjennomført av studiekoordinator (vedlegg 7p). Evalueringane gjev god og viktig informasjon korleis studentane opplever undervisning, organisering og gjennomføringa av utdanningane. Avdelinga ser at dette er særskilt viktig ved dei samlings- og nettbaserte utdanningane, der ein stor del av læringa skjer mellom samlingane. Korte tilbakemeldingar/evalueringar undervegs er ein viktig del av forbetringsarbeidet. Ein ser at både konkrete tilbakemeldingar og mønster i tilbakemeldingane går igjen over tid, som blir brukt som grunnlag for endring og utvikling i t.d. emneplanar.
Elkraft Førde har teke inspirasjon frå dette, og har også starta med studentundersøkingar under vegs i utdanninga for bruk i utviklingsarbeidet. Avdelinga gjennomfører systematisk evaluering for studentane i Forms. Avdelinga brukar oppsummering av evalueringane, og konkrete tilbakemeldingar, til forbetring i utdanninga (vedlegg 7n og vedlegg 7o).

Avdeling for helsefag har ein startsamtale med alle studentar ut frå ein samtalemal (vedlegg 11b) noko som er med på å fange opp eventuelle utfordringar studentane har, og som gjer at ein frå starten av studiet kan legge til rette for eventuelle behov.
Det blir også gjennomført studentevaueringar blir gjort via læringsplattforma Its Learning (vedlegg 7m)som del av gjennomføringa av emnene, i tillegg til evalueringar i Forms (døme under):



Studentmedverknad i kvalitetsarbeidet :Evaluering av emne 4 Psykisk helsearbeid og rusarbed

Takk for at du tek deg tid til å svare på evalueringa. Tilbakemeldingane dine er viktige for oss i arbeidet med å vidareutvikle emnet og sikre eit godt læringsutbytte for framtidige studentar. Evalueringa er anonym, og vi set pris på både ros og konstruktive innspel. Svara dine vil bli nytta i det systematiske kvalitetsarbeidet ved Fagskulen Vestland.

Svarskala:
1 = I svært liten grad
2 = I liten grad
3 = I nokon grad
4 = I stor grad
5 = I svært stor grad

1. Er du kjent med læringsutbyttemåla i emne 4? *

☆ ☆ ☆ ☆ ☆

2. Eg kan bruke det eg lærte i arbeidet mitt *

☆ ☆ ☆ ☆ ☆

Evaluering i Its Learning er ikkje anonym, men den som er via Forms er det, slik at ein sikrar også ein anonym tilbakemelingsarena. Avdelinga har høgt fokus på gode relasjonar mellom lærar-student og student-student, for å skape eit trygt og godt læringsmiljø. Dei fysiske oppstartsdagane vert brukt aktivt for å skape relasjonar og at studentane blir godt kjent (vedlegg 7m).

Det har, over ei tid, vore studentråd som er aktive i arbeidet med studentpolitikk (vedlegg 7i og vedlegg 7j) og påverkar gjennom deltaking i møte med leiargruppe og gjennom styreverv. Studentrådet jobbar med å nå ut til alle studiestader. Studentrådet blir leia av studentrådspresidenten. Samarbeidet mellom studentrådspresident og rektor/administrasjonssjef er godt, og dei har faste møtepunkt ein gong i månaden. Studentrådsleiar er honorert (for bl.a. deltaking i styret). Det er vanskeleg å rekruttere tillitsvalte, så det er på agendaen å sjå på moglege løysingar for dette – blant anna om studentrepresentantane kan få nokre goder, som til dømes møtemat eller liknande.

Fagskulen har oppretta Læringsmiljøutval (vedlegg 9k) som del av arbeidet med å styrke både kvalitetsarbeidet og studentinvolvering.

Som vist til under spørsmål 1:
Avdelinga for helse har fagleg delingsarena/avdelingsmøte kvar veke som er ein arena der dei tilsette blir involverte i utviklingsarbeid.
I Førde har felles fagdag for alle tilsette kvar fredag, der utvikling er eit fokusområde.

Ei av dei største utfordringane for avdelinga ved Nordnes (Elkraft) er at avdelinga er veldig stor. Det er meir utfordrande å involvere alle i «alt» i store avdelingar, til samanlikning med små avdelingar. Utdanningsleiar har difor svært mykje oppfølgingsarbeid av tilsette, og dermed noko mindre tid til utviklingsarbeid og involvering i dette. Det er likevel gjort ein del gode grep, som t.d. å tildele ansvar for koordinering av samarbeid med næringsliv og organisering av fagdag for tilsette og studentar. Det er også eit fokus i avdelinga på å bli betre på dette punktet. Avdelinga opplever likevel at kombinasjon av faste møtepunkt (som omtala under spørsmål 1), studentevalueringar og løpande dialog fungerer godt, og at det gjev ein god struktur for å fange opp tilbakemeldingar, identifisere forbetringsområde og følgje opp tiltak som del av ordinær drift.

Dokumentasjon:
Strategi 2023-2027 (vedlegg 4)
Kvalitetsmelding 2024-2025 (vedlegg 6a)
Kvalitetsmelding 2023-2024(vedlegg 6b)
Studiebarometeret – tal over tid (vedlegg 7a)
Studentråd og pizza – døme på studentmedverknad i Førde (vedlegg 7b)
Medverknad (vedlegg 7c)
Studiebarometeret rapport fagskulen vestland 2026 (vedlegg 7d)
Studiebarometeret psykisk helsearbeid og rusarbeid 2026 (vedlegg 7e)
Studiebarometeret Elkraft heiltid Nordnes 2026 (vedlegg 7f)
Studiebarometeret Elkraft deltid Nordnes (vedlegg 7g)

Studiebarometeret Elkraft deltid Førde (vedlegg 7h) Studentrådet møtte politisk leiing i Vestland fylkeskommune (vedlegg 7i) Jobbar for fagskulestudentane sine interesser (vedlegg 7j) Studentevaluering spørreskjema Elkraft Nordnes (vedlegg 7l) Studentmedverknad psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 7m) Elkraft Førde Studentevaluering Oppsummering 25-26 (vedlegg 7n) Elkraft Førde Studentevaluering Oppsummering 23-24 (vedlegg 7o) Elkraft Nordnes Studentevalueringar (vedlegg 7p) Styresak mandat for læringsmiljøutval (vedlegg 9k) Avviksmelding retningslinjer for handtering av fusk (vedlegg 10i) Avviksmelding varsling knytt til nye rutinar i KS (vedlegg 10j) Mal for studentsamtaler psykisk helsearbeid og rusarbeid 2025 (vedlegg 11b)

8. Innhenting av informasjon

Fagskoletilsynsforskriften § 4-1 tredje ledd bokstav a For å vurdere om hver enkelt utdanning når målet for kvalitet, skal fagskolen systematisk innhente a. informasjon fra studenter, ansatte, representanter fra yrkesfeltet og eventuelle andre relevante kilder		
Kontrollspørsmål 38 Fremgår det av kvalitetssystemet at det systematisk innhentes informasjon om utdanningskvalitet for hver utdanning?	Ja ✓	Nei


Redegjørelse/vurdering:
Avdelingane gjennomfører internkontroll av dokument (vedlegg 13c), og revisjon av program kvart 3. år (vedlegg 13g, vedlegg 13h og vedlegg 13i). Dei maritime utdanningane har årleg internrevisjon av utdanningane pga krav til dette for å vere sertifiser for sertifikat. I *Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling* (vedlegg 2a) kjem det fram under kapittel 8 kva ressursar fagskulen brukar i kvalitetsarbeidet.
Fagskulen brukar Studiebarometeret som informasjon for kvalitetsarbeid, og har både lokale og eit sentralt studentråd.
Mange utdanningar gjennomfører evaluering (som til dømes «klassens time», ved utsending digitalt eller på andre måtar). Dette er ofte gjort undervegs i semesteret, slik at ein eventuelt kan gjere justeringar undervegs (vedlegg 7l, vedlegg 7m, vedlegg 7n, vedlegg 7o og vedlegg 7p).
Studentane som tek utdanninga Psykisk helsearbeid og rusarbeid får individuell samtale med lærar. Dette har fleire formål: for å få oversikt over kva eventuelle utfordringar studentane har, om det er behov for tilrettelegging i forhold til utfordringane og innspel om læringsmiløjøet og undervisninga (vedlegg 11b). Det blir også gjort evalueringar pr emne, evalueringane blir gjort via læringsplattforma Its Learning (som vist til under spørsmål 37).
Fagskulen arbeider med å utvikle kvalitetssystemet. Det har ikkje vore eksplisitt evaluering av kvart enkelt emne i utdanningane, dei har vore ein del av revisjon av utdanningane. Fagskulen har sett korleis dette er gjort andre stader, og har plan om å ha fagleg emneevaluering (inkludert studentevaluering) minimum kvart 3. år (vedlegg 14h), og programevaluering minimum kvart 6. år (vedlegg 14i), slik at ein får evaluert emnene to gonger i syklusen for programevaluering. Tanken er å implementere fagleg emneevaluering som del av internrevisjonsarbeidet. Malane er under arbeid, og endringar i desse er sannsynleg etter internt arbeid og høyring.
Behov for endringar i utdanningane arbeider ein med kontinuerleg gjennom kontakt med arbeidslivet og t.d. avdelinga sitt kvalitetsarbeid (AG).

Dokumentasjon:
Kvalitet i utdanninga – system for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)
Studentevaluering spørreskjema Elkraft Nordnes (vedlegg 7l)
Studentmedverknad psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 7m)
Elkraft Førde studentevaluering oppsummering 25-26 (vedlegg 7n)
Elkraft Førde studentevaluering oppsummering 23-24 (vedlegg 7o)
Elkraft Nordnes Studentevalueringar (vedlegg 7p)

Mal for studentsamtaler psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 11b) Prosedyre Interne revisjoner (vedlegg 13c) Internrevisjon Elkraft Nordnes (vedlegg 13g) Internrevisjon Elkraft Førde (vedlegg 13h) Internrevisjon Helse og oppvekst (vedlegg 13i) Internrevisjon emne – mal til høyring (vedlegg 14h) Programevaluering – mal til høyring (vedlegg 14i)		
Kontrollspørsmål 39: Innhentes det i kvalitetsarbeidet systematisk informasjon om utdanningskvalitet for hver utdanning?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Her er det litt ulik praksis ved fagskulen, så her er det forbetringspotensiale. Alle har gjennomgang i avdelinga, så alle tilsette har medverknad i kvalitetsarbeidet. I arbeidet med denne tilsynsrapporten har det komme fram at det tydeleg at avdelingane har system for å hente informasjon frå studentane, svært ofte munnleg og dermed ikkje direkte dokumenterbart. Det har årleg blitt sendt ut spørjeundersøking til næringslivet. Her er erfaringa at ein får lite respons, så denne undersøkinga går ein bort frå. Det blir difor for tida jobba med at alle avdelingar har systematisk kontakt med yrkeslivet i utviklinga av utdanningane, dei fleste har dette allereie. I tillegg har Fagskulen Vestland vedteke at det skal vere med representant frå arbeidslivet i oppretting av nye utdanningar, eller ved vesentlege endringar (som vist til tidlegare). Dette er eit strategisk val for å sikre at utdanningane treff behovet i næringslivet. Rektor deltek t.d. i Bergen Næringsråd. Det er lyst ut ei stilling som skal ha god kontakt og kommunikasjon med arbeidslivet (vedlegg 22), og å knytte arbeidslivet tettare på Fagskulen. Prorektor for utdanning er tett knytt til EVU-avdelinga som er lokalisert i Førde. EVU-avdelinga er aktivt og systematisk i kontakt med arbeidslivet, og prorektor deltek i det regionale næringsrådet for tidlegare Sogn og Fjordane. Som vist til i spørsmål 38, er det utvikla forslag til malar for evaluering av emne og program som må ut til høyring i organisasjonen, og evt revisjon før implementering (vedlegg 14h og vedlegg 14i). Det er viktig for fagskulen at dei tilsette har medverknad på rutine og prosessarbeid slik at ein opplever eigarskap, og at det på den måten blir utvikla kultur for kvalitetsarbeid. Dette er malar for fagmiljøet sitt arbeid og evaluering. Skjema som er i bruk pr no, som t.d. studentevaluering for Elkraft Nordnes (vedlegg 7l) er under revisjon for å sikre at studentane gjev tilbakemeldingar som tek for seg alle element av kvalitetsarbeidet som ligg i lovkrav.		

Dokumentasjon: Studentevaluering Elkraft Nordnes (vedlegg 7l) Internrevisjon emne – mal til høyring (vedlegg 14h) Programevaluering – mal til høyring (vedlegg 14i) Stillingsutlysning strategisk samarbeid med arbeidslivet (vedlegg 22)		
Kontrollspørsmål 40: Er innhentingen fra studenter/ansatte/yrkesfeltet beskrevet i fagskolens system for kvalitetssikring?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: I fagskulen sitt system for kvalitetsarbeid er det beskrive at ein skal involvere/hente informasjon frå studentar, tilsette og arbeidslivet (vedlegg 2a). Kvalitetssystemet tek utgangspunkt i NOKUT sin rettleiar for kvalitetsområde[10], i tillegg til å hente inspirasjon frå NIFU-rapporten *Kvalitetsbegreper i høyere yrkesfaglig utdanning*[11], særskilt med tanke på strategiarbeid og utarbeiding av nye indikatorar for mål- og tiltaksplanar.		

[10] kvalitetsomrader_for_hoyere_yrkesfaglig_utdanning_november_2018.pdf
[11] Kvalitetsbegreper i høyere yrkesfaglig utdanning - Nasjonalt vitenarkiv



Bilete: NOKUT – Indre og ytre kvalitetsområde[12]

Det er utarbeida ein prosedyre (vedlegg 7k) for å sikre gjennomføring og oppfølging av student- og medarbeidarundersøkingar (som vist til under spørsmål 36).

Dokumentasjon:
Kvalitet i utdanninga – System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)
Prosedyre for gjennomføring og oppfølging av student- og medarbeidarundersøkingar (vedlegg 7k)

[12] kvalitetsomrader_for_hoyere_yrkesfaglig_utdanning_november_2018.pdf

Kontrollspørsmål 41: Innhentes det i kvalitetsarbeidet informasjon om utdanningskvalitet fra studenter/ansatte/representanter fra yrkesfeltet?	✓ Ja	Nei

Redegjørelse/vurdering:
Det blir henta inn informasjon i samband med arbeidet med Kvalitetsmeldinga, og i arbeid med nye utdanningar/vesentlege endringar i utdanningar. Då er studentar, tilsette og representantar frå yrkesfeltet involvert. Eit døme på endring etter innhenting av informasjon frå arbeidslivet er utdanninga Psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 9i), der utdanninga vart lagt om frå stadbasert til nettbasert med samlingar, og å tilby utdanninga også i Førde for å møte behovet for utdanning i heile fylket. Innspelet kom frå Helse Førde, via Kompetanseforum Vestland.

Informasjon frå studentar har i størst grad vore henta frå Studiebarometer og avvikssystem (EK-web), men som vist til tidlegare har kvar utdanning også evalueringar i form av skjema eller annan kontakt med studentane (vedlegg 7l, vedlegg 7m, vedlegg 7n, vedlegg 7m og vedlegg 7p) eller «klassens time». Det er no også oppretta eit læringsmiljøutval som har mandat til å vere rådgjevande organ for styret i saker som gjeld læringsmiljøet til studentane (vedlegg 9k). Fagskulen har også eit sentralt studentråd som engasjerer seg med tanke på studentmedverknad og involvering i utvikling ved skulen (vedlegg 7i og vedlegg 7j).
Det er årleg undersøking blant tilsette lærarar (vedlegg 8a, vedlegg 8b og vedlegg 8c) som omhandlar kvalitet i undervisning og generelt i utdanninga (korleis den er bygd opp, læringsutbytte, undervisning, vurdering mm)
Det har blitt sendt ut spørjeundersøking til yrkeslivet, men som vist til under spørsmål 39 er det erfaringsmessig få som svarer på desse. Det er difor gjort endringar for å sikre kontakt med arbeidslivet ved at avdelingane enten har fagråd med faste møte (vedlegg 11c/17k) eller på anna måte fast kontakt med arbeidslivet.
Som vist til under spørsmål 6 har avdeling for Helse fagråd knytt til sine utdanningar (vedlegg 11c/17k). Ved avdeling for Elkraft Nordnes var det oppretta fagråd, men dette fungerte ikkje så godt. Det er difor endra til at avdelinga har ein fagkoordinator som har tettare kontakt med arbeidslivet, og som inviterer aktørar til fagdagar ved fagskulen. Elkraft Nordnes har regelmessig samarbeid med arbeidslivet (vedlegg 17a, vedlegg 17b, vedlegg 17c og vedlegg 17d). Elkraft Førde har samarbeid med næringslivet ved at representaar frå næringslivet underviser, men også er invitert til å gje innspel i studieplanarbeid (vedlegg 17e og vedlegg 17f).
Tilsetting av ny kommunikasjonskontakt i stab er eit tiltak for å betre kontakten med yrkeslivet for å knytte dette tettare på fagskulen. Det er også ei målsetting å skape eit alumninettverk, som også kan vere med å bidra til auka involvering av både studentar og yrkesliv.

Dokumentasjon:
Studiebarometeret
Kvalitetsmelding Elkraft Nordnes
Kvalitetsmelding Elkraft Førde
Kvalitetsmelding Helse
Studentrådet møtte politisk leiing i Vestland fylkeskommune (vedlegg 7i)
Jobbar for fagskulestudentane sine interesser (vedlegg 7j)
Studentevaluering Elkraft Nordnes (vedlegg 7l)
Studentmedverknad psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 7m)
Elkraft Førde Studentevaluering Oppsummering 25-26 (vedlegg 7n)
Elkraft Førde Studentevaluering Oppsummering 23-24 (vedlegg 7o)
Elkraft Nordnes Studentevalueringar (vedlegg 7p)
Lærarundersøkinga Helse 2026 (vedlegg 8a)
Lærarundersøkinga Elektro Førde 2026 (vedlegg 8b)
Lærarundersøkinga Elektro Nordnes 2026 (vedlegg 8c)
Styresak endring i utdanninga psykisk helsearbeid og rusarbeid (vedlegg 9i)
Styresak mandat for læringsmiljøutval (vedlegg 9k)
Helse Referat fra møte med fagråd og praksisevaluering vår 26 (vedlegg 11c/17k)
Bedriftssamarbeid på Elektro INFO (vedlegg 17a)
Omega 365 Consulting AS_14_4_2026 (vedlegg 17b)
Grunnleggende utfordringer i Norsk Industri og behov fremover (vedlegg 17c)
TrafSys AS besøker fagskolen (vedlegg 17d)
Elkraft Førde samarbeid med næringsliv (vedlegg 17e)
Elkraft Førde medverknad næringsliv studieplanarbeid (vedlegg 17f)

9. Internkontroll

Fagskoleloven § 9 tredje ledd bokstav f

Styret skal for øvrig

f. sørge for at virksomheten drives i samsvar med gjeldende lover og regler, og etablere og sørge for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette. Departementet kan gi forskrift om krav til internkontroll etter første punktum

Fagskoletilsynsforskriften § 4-1 tredje ledd bokstav b, samt fjerde ledd

For å vurdere om hver enkelt utdanning når målet for kvalitet, skal fagskolen systematisk innhente

a. resultater fra fagskolens internkontroll, jf. fagskoleloven § 9 tredje ledd bokstav f

Fagskolen skal bruke sin vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktende kvalitet og videreutvikle kvaliteten i utdanningene

Kontrollspørsmål 42: Har fagskolen etablert et system for internkontroll?	Ja ✓	Nei

Redegjørelse/vurdering:

Fagskulen har juridisk kompetanse som sit i sekretariatet for styret, og som er sentral i alt styrearbeid. Saker knytt til kvalitetsarbeidet er, som vist til tidlegare under forankring, til godkjenning i styret og kvalitetssjekka av sekretariatet (vedlegg 9j). Skulen har også jamnleg periodisk internrevisjon av alle utdanningane (vedlegg 13g, vedlegg 13h og vedlegg 13i), i tillegg til årleg gjennomgang saman med leiinga ved fagskulen (vedlegg 14a, vedlegg 14b, vedlegg 14c, vedlegg 14d, vedlegg 14e og vedlegg 14f).

Eit døme på korleis internkontrollen fungerer i praksis, er gjennomføring av internrevisjon ved ei utdanning. Her blir praksis og dokumentasjon kontrollert opp mot gjeldande krav, prosedyrar og rutinar. Dersom revisjonen avdekker manglar eller avvik, blir desse dokumenterte og følgde opp med tiltak. Resultata frå revisjonen inngår vidare i avdelinga og leiinga sitt kvalitetsarbeid.

Fagskulen held seg oppdatert med tanke på endringar i lov- og regelverk. Viser her til høyring om å slå saman forskriftene Forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning og Forskrift om tilsyn med kvaliteten i høyere yrkesfaglig utdanning. Her har Fagskulen Vestland komme med innspel, og hatt saka til godkjenning i styret (vedlegg 9l).

Den nye systembeskrivinga *Kvalitet i utdanninga – System for kvalitetsarbeid og -utvikling* (vedlegg 2a) er døme på at ein ved fagskulen arbeider med å oppdatere malar, prosessar og rutinar etter dei endringane som kjem av den nye systembeskrivinga, og vere oppdatert med tanke på korleis kvalitetsarbeidet skal vere.

For studentar knytt til utdanningar innan helsefag er det også eit krav om skikkavurdering av alle studentar. Fagskulen har eit system for dette ved å ha ei skikkanemd med eigen instruks (vedlegg 19a), rutine for å vurdere skikkaheit (vedlegg19b) og skjema for tvilsmelding som blir sendt til skikkanemda i tvilstilfelle (vedlegg19c), i tråd med lovkrav. Vurdering av skikkaheit blir systematisk gjennomført, gjennom blant anna studentsamtale (vedlegg 11b) og undervegs i løpet av studiet.

Dokumentasjon:
Kvalitet i utdanninga – System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)
Møteprotokoll styret – 02-12-2025 (vedlegg 9j)
Høyringsuttale - forslag til ny fagskuleforskrift og endringar i fagskulelova (vedlegg 9l)
Mal for studentsamtaler psykisk helsearbeid og rusarbeid -25 (vedlegg 11b)
Internrevisjon Elkraft Nordnes (vedlegg 13g)
Internrevisjon Elkraft Førde (vedlegg 13h)
Internrevisjon Helse og oppvekst (vedlegg 13i)
Kvalitetsmelding Elektro studiestad Førde 2025 Vedlegg 14a)
Kvalitetsmelding_2025_Elektroavdelingen_Nordnes_Stord (vedlegg 14b)
Kvalitetsmelding Helse 2025 (vedlegg 14c)
Ledelsens gjennomgang Helse og oppvekst 2024 (vedlegg 14d)
Kvalitetsmelding Elkraft Nordnes 2024 (vedlegg 14e)
Kvalitetsmelding Elkraft Førde 2024 (vedlegg 14f)
Instruks for skikkanemd ved FV (vedlegg 19a)
Skikkethet og skikkethetsvurdering (vedlegg 19b)
Skikkethet skjema for tvilsmelding (vedlegg 19c)

Kontrollspørsmål 43: Inneholder systemet en beskrivelse av hvordan internkontrollen skal gjennomføres?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Her viser me til prosedyrebeskrivelse for interne revisjonar (vedlegg 13c) og leiingaog avdelinga sitt kvalitetsarbeid (vedlegg 18a). Prosedyre og arbeidet som er gjort i desse prosessane er vist til fleire gonger i eigenmeldinga, til dømes under spørsmål 1, 3, 5, 6, 8, 11, 12, 23, 33, 35 og 38. Utdjuping her: Prosedyrane beskriv korleis internkontrollen skal planleggast, gjennomførast, dokumenterast og følgjast opp, mellom anna gjennom kontroll av praksis opp mot gjeldande krav, registrering av funn og oppfølging av eventuelle avvik og tiltak. Fagskulen har også ein rutine med sjekkliste for internkontroll av utdanning (vedlegg 14j). For det som gjeld skikkavurdering viser me til vedlegg 19a, vedlegg 19b og vedlegg 19c.		
Dokumentasjon: Prosedyre for interne revisjoner (vedlegg 13c) Rutine og sjekkliste for internkontroll av utdanninga (vedlegg 14j) Prosedyre for ledelsens gjennomgang (LG) og avdelingens gjennomgang (AG) (vedlegg 18a) Instruks for skikkanemd ved FV (vedlegg 19a) Skikkethet og skikkethetsvurdering (vedlegg 19b) Skikkethet skjema for tvilsmelding (vedlegg 19c)		
Kontrollspørsmål 44: Har fagskolen dokumentert at de har igangsatt kontrolltiltak for å undersøke om fagskolen etterlever gjeldende lover og regler?	✓ Ja	Nei
Redegjørelse/vurdering: I avvikssystemet i EK-web vil dette bli ført som avvik, og vil såleis bli avdekka. Avvik må følgjast opp, og svarast ut. Eit konkret døme på kontrolltiltak er dei gjennomførte internrevisjonane ved Elkraft Nordnes (vedlegg 13g), Elkraft Førde (vedlegg 13h) og Helse og oppvekst (vedlegg 13i). Desse revisjonane blir nytta til å kontrollere praksis og dokumentasjon opp mot gjeldande krav, og eventuelle funn blir følgde opp vidare i kvalitetssystemet.		

Avvik som kan knyttast til kvalitetsarbeid er:

- Manglande tilbakemelding på studentarbeid (var meldt inn ved alle avdelingar i 2024)
- Godkjenning av undervisningsplanar
- Manglande administrativ støtte til utdanningsleiar
- Oppfølging av prosedyrar i kvalitetssystemet

Avvik som blir ført på denne måten kan avdekke manglar i kvalitetsarbeidet og vere til hjelp med tanke på bevisstheit rundt kvalitetssikring som å følgje lov- og regelverk. Når det er registrert, og ein får påminning om opne avvikssaker, er det enklare å følgje opp.

Avviksføring er nok mindre eigna til å fange opp utviklingsarbeid. Mykje av utviklingsarbeidet går føre seg i dialog og samarbeid mellom fagleg tilsette, studentar og arbeidsliv utan at det nødvendigvis blir dokumentert. Faglege samtalar er ein dagleg «aktivitet», og dermed ikkje nødvendigvis reflektert over som utviklingsarbeid eller noko å dokumentere.

Fagskulen har juridisk kompetanse knytt til styret. Jurist følgjer opp endringar som kjem i lov- og regelverk (vedlegg 9l), og følgjer opp at fagskulen si forskrift er oppdatert.

Dokumentasjon:
Styresak høyringsuttale - forslag til ny fagskuleforskrift og endringar i fagskulelova (vedlegg 9l)
Internrevisjon Elkraft Nordnes (vedlegg 13g)
Internrevisjon Elkraft Førde (vedlegg 13h)
Internrevisjon Helse og oppvekst (vedlegg 13i)

Kontrollspørsmål 45: Er kontrolltiltakene gjennomført systematisk?	Ja ✓	Nei

Redegjørelse/vurdering:

Kontrolltiltaka blir gjennomførte systematisk og etter fastsett frekvens. For dei maritime utdanningane blir det gjennomført internrevisjon årleg, medan utdanningar som ikkje er sertifiserte, blir reviderte kvart tredje år. I tillegg kjem årlege kvalitetsgjennomgangar og løpande oppfølging av registrerte avvik.

Her er det ulik praksis på tvers av skulen, men EK-web er eit godt verktøy for oppfølging av rapporterte avvik. Ved å bruke dette systemverktøyet får fagskulen samla dokumentasjon på kvalitetsarbeid, og eventuell svikt i dette systematisk på ein stad. Systemverktøyet krevjer at det blir lagt inn årsaksanalyse og tiltak som er gjort. Dette krever god kjennskap til bruken av EK-web, til kva som er krevd av informasjon i ei årsakssanalyse og korleis ein gjennomfører analyse. Dette er det ikkje alle som har like god kunnskap om, fordi systemet kan framstå som vanskeleg å forstå utan god opplæring (og gjerne også hyppig bruk). Ein del følgjer opp, men gløymer å lukke saka. Andre har nok ikkje tilstrekkeleg opplæring eller nok bruk av systemet til å få lukka sakene, sjølv om dei er følgt opp.

Fagskulen har eit arbeid med å få lært opp leiarane tilstrekkeleg i systemet, eller å få inn ei rutine for god nok hjelp og støtte til å få følgt opp systemet og lukka avvika etter at dei er følgt opp.

Me viser elles til svaret i spørsmål 44.

Som vist til under spørsmål 42, er skikkavurdering systematisk gjennomført gjennom t.d. samtalar med alle studentar.

Dokumentasjon:
Internrevisjon Elkraft Nordnes (vedlegg 13g)
Internrevisjon Elkraft Førde (vedlegg 13h)
Internrevisjon Helse og oppvekst (vedlegg 13i)

Kontrollspørsmål 46: Innhenter fagskolen informasjon fra ulike kilder om hvordan regelverket etterleves?	Ja	Nei
	✓	

Redegjørelse/vurdering:
Fagskulen har sjølv mange studiestader, så mange er involverte i internrevisjon.
Leiarar for revisjonsprosessar blir henta eksternt, og det er blant anna tett samarbeid med andre fagskular/høgare utdanningsinstitusjonar i dette arbeidet. Dei Fagskulen Vestland samarbeider ofte med er:
Fagskolen Finnmark
Fagskolen Nord
Fagskolen Nordland
Trøndelag høyere yrkesfagskole
Fagskolen Møre og Romsdal
Fagskolen Rogaland
Fagskolen Agder
Fagskolen Telemark
Sjøkrigsskolen
HVL

Fagskulane med maritime utdanningar har tett samarbeid i samband med at alle nyttar systemverktøy som kvalitetssikring. Gjennom nettverket deler ein på til dømes resultat av revisjonar og prosessgjennomgangar, og lærer på den måten frå kvarandre (vedlegg 22c). Ein bistår også kvarandre i kvalitetssikringsarbeidet.
Fagskulen Vestland er også med i Nettverket HØY kvalitet, alle fagskulane i nettverket deler erfaringar og refleksjonar med kvarandre. Nettverket har møte kvar 14. dag, og har ein temaplan for nettverksmøta (vedlegg 22b). Regelverk, og etterfølging av dette er også del av tematikken.
Fagskulen Vestland har juridisk kompetanse gjennom ressurs knytt til styret. Jurist har samarbeid med juridisk seksjon i fylkeskommunen, noko som samla gjev høg juridisk kompetanse. Alle endringar i lov og forskrifter blir følgt opp av jurist, t.d. høyringssvar som blir handsama i styret (vedlegg 9l). Juridisk kompetanse bidreg til at fagskulen fangar opp endringar i lov- og regelverk.

Dokumentasjon:
Styresak høyringsuttale – forslag til ny fagskuleforskrift og endringar i fagskulelova (vedlegg 9l)
HØY Kvalitet – mandat, organisering og dokumentert aktivitet 2023-2026 (vedlegg 22b)
Maritimt kvalitetssamarbeid (vedlegg 22c)

Kontrollspørsmål 47: Har fagskolen iverksatt tiltak for å gjenopprette regelverksetterlevelsen der de har identifisert brudd?	Ja	Nei
	✓	

Redegjørelse/vurdering:
Her har me ingen identifiserte alvorlege lov- eller regelverksbrot. Det som gjeld rapporterte avvik, og oppfølging av desse kjem me tilbake til under kapittel 10 *sviktende kvalitet.*

Det som er verdt å merke seg er at administrasjonen sine arbeidsverktøy fører til mykje manuelt arbeid med registreringar på tvers av ulke program/verktøy. Manuelle handlingar vil alltid ha ein viss risiko for at det oppstår feilregistreringar, særskilt i travle periodar. Manuelle registreringar gjer også arbeidet mindre effektivt fordi det krever at det blir gjennomført grundige sjekkar (dobbelt- og trippelsjekking). Manuelle registreringar er også tidkrevjande, og lite berekraftige når det eigentleg kunne vore heilt unngått dersom ein hadde betre verktøy. Verktøy som er integrert i kvarandre gjev lågare feilmargin enn manuelle overføringar. Døme på manuelle registeringar: karakterar frå eksamenssystem til Visma in School, eksamensadministrasjon som t.d. kven som er trekt pga manglande obl aktivitet når ein fordeler studentar til eksamenslokale (alle studentane på kullet kjem ut på lista, og då må dei det gjeld fjernast manuelt før registering i nytt system) osv
Det er ikkje registrerte avvik i forhold til manuelt arbeid som har ført til feilregisteringar, men det finst verktøy som kan hindre manuelle prosessar som t.d. FS eller liknande program.
Fagskulen ber NOKUT om råd/hjelp til å sette lys på dette. Dette er ikkje einestående for Fagskulen Vestland, dette er ei utfordring ved alle dei offentlege fagskulane, og viser til ROS-analyse som styret vart orientert om i august 2026 (vedlegg 9n). Skal fagskulane vere klare for å tilby utdanningar på nivå 6 og 7, er det viktig at ein er rigga med verktøy som kan handtere dette i forkant.
Det same gjeld for skikkavurdering. Dersom ein student blir vurdert som ikkje skikka, mister studenten rett til utdanning dette vil gjelde for. Det at fagskulane ikkje har moglegheit for å registrere dette i felles database, vil studenten kunne søke seg til utdanning andre stader utan at dette blir fanga opp. Fagskulen har pr i dag ikkje hatt ei slik sak, men dersom det skulle skje er det sårbart at ein ikkje har gode fellesverktøy for dette i sektoren.

Dokumentasjon: Styret Møteinnkalling og saksdokument 19.08.2026 (vedlegg 9n)		
Kontrollspørsmål 48: Innhenter fagskolen systematisk resultater fra internkontrollen i vurderingen av om hver enkelt utdanning når målene for kvalitet?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Gjennom arbeidet med Kvalitetsmeldinga (vedlegg 6a og vedlegg 6b) blir det henta inn informasjon frå utdanningsleiarane. Dette skjer kvart år, og er systematisk. Kvalitetsmeldinga er blant anna basert på dei meldingane som kjem frå dei ulike fagområda (vedlegg 14a, vedlegg 14b, vedlegg 14c, vedlegg 14d, vedlegg 14e og vedlegg 14f).		
Dokumentasjon: Kvalitetsmelding 2024-2025 (vedlegg 6a) Kvalitetsmelding 2023-2024 (vedlegg 6b) Kvalitetsmelding Elektro studiestad Førde 2025 Vedlegg 14a) Kvalitetsmelding_2025_Elektroavdelingen_Nordnes_Stord (vedlegg 14b) Kvalitetsmelding Helse 2025 (vedlegg 14c) Ledelsens gjennomgang Helse og oppvekst 2024 (vedlegg 14d) Kvalitetsmelding Elkraft Nordnes 2024 (vedlegg 14e) Kvalitetsmelding Elkraft Førde 2024 (vedlegg 14f)		
Kontrollspørsmål 49: Er internkontrollen samlet sett egnet til å fange opp brudd på regelverket?	✓ Ja	Nei

Redegjørelse/vurdering:
Kvalitetssystemverktøyet EK-web fangar opp dette, men det krevjar at avvik blir registrert. Systemet kan difor vere godt eigna, men kan samtidig ikkje vere så godt eigna. Som skissert under spørsmål 45, krev verktøyet at ein har kjennskap til det, og bruken av det.
Det er nokså sannsynleg at ikkje alt som burde vore lagt inn i avvikssystemet blir meldt. Det er jo heller ikkje slik at terminologien «avvik» blir oppfatta som rett stad å legge inn deler av det som kjem under kvalitetsarbeid. Eit tenkt døme kan vere evt manglande utviklingsarbeid der ein tenker at det ikkje er eit avvik, men heller noko ein jobbar med utanfor kvalitets*sikrings*systemet (dette er nok heller ikkje ei utfordring som berre er gjeldande ved fagskular). At ein kan bruke avviksmodulen til forbetringsforslag er nok ikkje godt nok kjend, eller kanskje heller ikkje heilt logisk for mange.
Viser her til internrevisjon, som under tidlegare spørsmål (vedlegg 13g, vedlegg 13h og vedlegg 13i). Malar, prosedyrar og rutinar må utbetrast slik at det blir lagt opp til meir fokus på utvikling. Det er ikkje sikkert at EK-web er optimalt for det som systemverktøy, men det har absolutt potensiale for at det kan utbetrast for bruk også til utviklingsarbeid og dokumentasjon av dette, som t.d. malar for internrevisjon av emne og programevalueringar (vedlegg 14h og vedlegg 14i).

Dokumentasjon:
Internrevisjon Elkraft Nordnes (vedlegg 13g)
Internrevisjon Elkraft Førde (vedlegg 13h)
Internrevisjon Helse og oppvekst (vedlegg 13i)
Internrevisjon emne - mal til høyring (vedlegg 14h)
Programevaluering – mal til høyring (vedlegg 14i)

10. Sviktende kvalitet

Fagskoleforskriften § 49 første ledd
Fagskoler skal ha et tilfredsstillende internt system for kvalitetssikring av utdanningen som bidrar til kvalitetsutvikling, forbedringer og fagskoleutdanningenes yrkesrelevans, gir tilfredsstillende dokumentasjon av kvalitetsarbeidet ved institusjonen og avdekker eventuell sviktende kvalitet i fagskoleutdanningene

Fagskoletilsynsforskriften § 4-1 fjerde ledd Fagskolen skal bruke sin vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktende kvalitet og videreutvikle kvaliteten i utdanningene		
Kontrollspørsmål 50: Er kvalitetssystemet egnet til å avdekke sviktende kvalitet?	✓ Ja	Nei

Redegjørelse/vurdering:
Her viser me til svar under spørsmål 45.

Utdjuping:
Systemet, og herunder verktøyet EK-web, er eigna for å avdekke sviktande kvalitet på to måtar:

- dersom prosessane blir følgt, vil evt avvik blir synleggjort og følgt opp
- dersom prosessen ikkje blir følgt, vil det ligge som «ubesvart» i systemet, og dermed fangast opp som manglande. Då kan kvalitetsansvarleg i staben følgje opp.

Systemverktøyet er likevel ikkje optimalt. Nokre rutinar går utanom kvalitetssystemet, og det kan difor hende at enkelte svakheiter ikkje blir fanga opp tidleg nok. Dette handlar i størst grad administrative prosessar som t.d. manuell flytting mellom system (som vist til under spørsmål 47). Gjennomføring av internkontroll er eigna for å fange opp sviktande kvalitet, og uavhengig av systemverktøy. Verktøy som EK-web er avhengig av at det er godt kjent i organisasjonen for at det skal fungere godt som system for å avdekke svikt. Ved avvik er ein avhengig av at nokon melder frå, men ved gjennomføring av internkontroll kan ein sjekke og avdekke eventuell svikt. Å kombinere bruken av verktøy i arbeidet med internkontroll gjev god kontroll og dokumentasjon på eventuell svikt og oppfølging av dette. Døme her er gjennomføring av internrevisjon (vedlegg 13g, vedlegg 13h og vedlegg 13i).

Systemverktøyet EK-web blir brukt til å melde inn forbetringspunkt (vedlegg 10i og vedlegg 10j). Det er ein god måte å fange opp svikt. Rutineskriv eller retningslinjer (vedlegg 10j) som ikkje blir oppdatert når det kjem endringar, eller ikkje blir avpublisert dersom det blir erstatta, kan vere døme på at systemet kan vere godt eigna til å fange opp sviktande kvalitet (vedlegg 10j). Det hender at ein gløymer å avpublisere dokument som ikkje lenger er gjeldande og som kan vere erstatta av

nye. EK-web er til dels uoversiktleg for dei som ikkje brukar det ofte, og det kan difor vere ei utfordring ved at enkelte lagrar dokument lokalt og dermed ikkje får med seg oppdateringar. Det gjer EK-web noko sårbart som kvalitetsverktøy. Det er likevel vurdert til å vere godt eigna for kvalitetssikring, og kan utviklast vidare slik at det også passar som system i samband med utviklingsprosessar. Verktøyet er sårbart med tanke på at det krev oppfølging av enkeltpersonar, og er på den måten sårbart når dokument må oppdaterast og gjerne treng rask godkjenning på plass for å kunne takast i bruk.

Dokumentasjon:
Avviksmelding Retningslinjer for handsaming av fusk (vedlegg 10i)
Avviksmelding Varsling knytt til nye rutinar i KS (vedlegg 10j)
Internrevisjon Elkraft Nordnes (vedlegg 13g)
Internrevisjon Elkraft Førde (vedlegg 13h)
Internrevisjon Helse og oppvekst (vedlegg 13i)

Kontrollspørsmål 51: Bruker fagskolen sin vurdering av kvaliteten i kvalitetsarbeidet til å rette opp sviktende kvalitet?	Ja ✓	Nei

Redegjørelse/vurdering:
Kvalitetsmeldingane i kvar avdeling blir brukt for å vurdere og rette opp svikt i kvalitet, det same er Leiinga sitt kvalitetsarbeid døme på (vedlegg 14a, vedlegg 14b, vedlegg 14c, vedlegg 14d, vedlegg 14e og vedlegg 14f).
Som vist til under spørsmål 50, blir avvik som blir liggande ubesvart følgt opp av kvalitetsansvarleg i staben.
Kvalitetsansvarleg er inne i EK-web stort sett dagleg, og følgjer opp det som ligg som ubesvart ved å purre på den som har opne avvik.

Dokumentasjon:
Kvalitetsmelding Elektro studiestad Førde 2025 (vedlegg 14a)
Kvalitetsmelding_2025_Elektroavdelingen_Nordnes_Stord (vedlegg 14b)
Kvalitetsmelding Helse 2025 (vedlegg 14c)
Ledelsens gjennomgang Helse og oppvekst 2024 (vedlegg 14d)

Kvalitetsmelding Elkraft Nordnes 2024 (vedlegg 14e) Kvalitetsmelding Elkraft Førde 2024 (vedlegg 14f)		
Kontrollspørsmål 52: Bruker fagskolen resultater fra internkontrollen til å rette opp sviktende kvalitet?	Ja ✓	Nei
Redegjørelse/vurdering: Fagskulen set mål for studieåret i den overordna kvalitetsmeldinga for skulen, og går også gjennom forbetringpunkt for den enkelte avdeling i møtet om Leiinga sitt kvalitetsarbeid (vedlegg 6a og vedlegg 6b). Det blir då sett opp tiltaksplan for inneverande år, og mål for kommande år (vedlegg 18a). Fagområda brukar t.d. resultat frå Studiebarometeret i arbeidet med Kvalitetsmeldinga, og det interne arbeidet og målsetting for forbetring og utvikling av utdaningane (vedlegg 14a, vedlegg 14b, vedlegg 14c, vedlegg 14d, vedlegg 14e og vedlegg 14f).		
Dokumentasjon: Kvalitetsmeldinga 2024-2025 (vedlegg 6a) Kvalitetsmeldinga 2023-2024 (vedlegg 6b) Kvalitetsmelding Elektro studiestad Førde 2025 Vedlegg 14a) Kvalitetsmelding_2025_Elektroavdelingen_Nordnes_Stord (vedlegg 14b) Kvalitetsmelding Helse 2025 (vedlegg 14c) Ledelsens gjennomgang Helse og oppvekst 2024 (vedlegg 14d) Kvalitetsmelding Elkraft Nordnes 2024 (vedlegg 14e) Kvalitetsmelding Elkraft Førde 2024 (vedlegg 14f) Prosedyre for ledelsens gjennomgang (LG) og avdelingens gjennomgang (AG (vedlegg 18a)		

11. Kvalitetsutvikling

Fagskoleforskriften § 49 første ledd Fagskoler skal ha et tilfredsstillende internt system for kvalitetssikring av utdanningen som bidrar til kvalitetsutvikling, forbedringer og fagskoleutdanningenes yrkesrelevans, gir tilfredsstillende dokumentasjon av kvalitetsarbeidet ved institusjonen og avdekker eventuell sviktende kvalitet i fagskoleutdanningene Fagskoletilsynsforskriften § 4-1 fjerde ledd Fagskolen skal bruke sin vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktende kvalitet og videreutvikle kvaliteten i utdanningene		
Kontrollspørsmål 53: Er kvalitetssystemet egnet til kvalitetsutvikling?	✓ Ja	Nei
Redegjørelse/vurdering: Kvalitetssystemet ved Fagskulen Vestland inneber blant anna: - Systematisk og syklisk internrevisjon/evaluering av utdanningane - Årlege kvalitetsmeldingar frå kvar avdeling, inkl mål- og tiltaksplan - Studentevalueringar - Lærarundersøkingar - Fagråd og/eller systematisk kontakt med nærings-/arbeidslivet Det samla kvalitetssystemet er godt eigna til å bidra til kvalitetsutvikling. Systembeskrivinga *Kvalitet i utdanninga – system for kvalitetsarbeid og -utvikling* (vedlegg 2a) beskriv dette, og er såleis godt eigna som rettleiar for kvalitetsarbeidet ved fagskulen. Systemverktøyet EK-web er under arbeid slik at det blir tilpassa den nye systembeskrivinga for kvalitetsarbeid og -utvikling. Slik det er rigga pr no, er det best eigna til revisjon med sjekkpunkt for kvalitetssikring, og tilpassa den tidlegare systembeskrivinga (vedlegg 2b). Prosedyre og prosess for Avdelingens kvalitetsarbeid (AG) er døme på dette (vedlegg 18a, vedlegg 18b og		

vedlegg 18c), det same er prosedyren for internrevisjon (vedlegg 13c). Både prosedyrar og prosessbeskriving er under revisjon for å tilpassast ny systembeskriving.
Kvalitetsmeldinga frå kvar avdeling opnar for refleksjon og utvikling. Denne er skrive årleg ved kvar avdeling, og dermed systematisk og kontinuerleg. Det varierer frå år til år i kor stor grad den enkelte avdelinga reflekterer rundt eigen praksis utviklar utdanningane. Det heng ofte saman med om det er kort tid sidan førre større revisjon. Punkt for evaluering og refleksjon av eigen praksis i utdanningane er planlagt inn i rutinane for å styrke bevisstgjeringa rundt dette.

Avvik blir aktivt følgt opp, som vist til i tidlegare spørsmål under delen om *Sviktende kvalitet*.

EK-web fungerer fint som kvalitetssikringssystem, og for felles dokumentasjon. For å få inn utviklingsarbeid som integrert del av verktøyet, må det vidareutviklast. Prosessar som t.d. Avdelinga – og leiinga sitt kvalitetsarbeid må reviderast, og nye prosessar som periodisk programevaluering leggast inn. Bruk av systemvertøy er med å sikre at utviklingsarbeid blir ein systematisk og periodisk del av kvalitetsarbeidet (vedlegg 14h og vedlegg 14i). Dette arbeidet er ein i gang med, og planen er å ha dette på plass før utgangen av 2026. Til no har det som gjeld utviklingsarbeid vore meir «på skrivebordet» til dei tilsette, og ikkje vore lagt inn som del av systemverktøyet, som har vore rigga for kvalitetssikring.
Når det gjeld arbeid med, og utvikling av, emne og studieplan, blir dette gjort i programmet Edutorium (vedlegg 13f).
Edutorium fungerer godt som systemverktøy for dette arbeidet.

Dokumentasjon:
Kvalitet i utdanninga – system for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)
System for kvalitetssikring (vedlegg 2b)
Prosedyre for internrevisjon (vedlegg 13c)
Rutine for studie- og emneplanrevisjon (vedlegg 13f)
Internrevisjon emne – mal til høyring (vedlegg 14h)
Programevaluering – mal til høyring (vedlegg 14i)
Prosedyre – for ledelsensProsess AG og LG (vedlegg 18c)

Kontrollspørsmål 54: Bruker fagskolen sin vurdering av kvalitet i kvalitetsarbeidet til å videreutvikle kvaliteten i utdanningene?	Ja ✓	Nei

Redegjørelse/vurdering:

Avvik blir følgt opp med tiltak og utbetra/kvittert ut, men det er eit forbetringspotensial i det å bruke dette materialet for evaluering/refleksjon av effekten i etterkant, og for vidare utvikling.
Fagskulen har starta eit arbeid med å utarbeide nye malar for avdelingens og leiinga sitt kvalitetsarbeid (vedlegg 18a, vedlegg 18b og vedlegg 18c). Dagens mal er uforma slik at ein kan krysse av for om ein har eit arbeid som er tilfredsstillande, ikkje heilt eller manglande. Dagens mal i EK-web må utbetrast og oppdaterast slik at vurdering, refleksjon og plan for vidare arbeid kjem inn i malen. Desse oppdateringane er ein prosess som er i startgropa.
Fagskulen har utarbeidd ein rutine for utarbeiding av kvalitetsmelding (vedlegg 11a). Denne tek utgangspunkt i systembeskrivinga System for kvalitetssikring (vedlegg 2b), og må difor oppdaterast slik at den stemmer overeins med den nye systembeskrivinga (vedlegg 2a) med tanke på nye styringsparameter. For Kvalitetsmeldinga 2026 er det den gamle rutinen som framleis gjeld. Den nye systembeskrivinga må implementerast i heile organisasjonen. Systembeskrivinga ligg også til grunn for kvalitetsmeldingane frå kvar avdeling. Fagskulen lagar årleg ramme for kvalitetsarbeidet og kva som skal vere med i kvalitetsmeldinga (vedlegg 14g). Ramma bygger på styret sitt vedtak for mål for året (vedlegg 9m)

Som vist til innleiingsvis har fagskulen ein stor prosjektportefølje som ein viktig del av utviklingsarbeidet ved skulen. Prosjekta blir aktivt brukt for å vidareutvikle kvaliteten i utdanningane, både gjennom prosjekt knytt til enkeltutdanningar eller som til dømes prosjektet Pedagogisk plattform (vedlegg 12b) som er eit overordna prosjekt som skal bidra til utvikling på tvers av heile fagskulen.

Dokumentasjon:
Kvalitet i utdanninga – system for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)
System for kvalitetssikring (vedlegg 2b)
Mål for 2026 (vedlegg 9m)
Kvalitetsmelding ramme 2025 (vedlegg 14g)
Rutine for utarbeiding av kvalitetsmelding (vedlegg 11a)
Prosjekt Pedagogisk plattform (vedlegg 12b)
Prosedyre – for ledelsens gjennomgang (LG) og avdelingens gjennomgang (AG) (vedlegg 18a)
Steg for steg Ledelsens (LG og avdelingens (AG) gjennomgang (vedlegg 18b)

Prosess AG og LG (vedlegg 18c)

12. Eventuelle tilleggsopplysninger

Dersom fagskolen ønsker å ytterligere belyse noe ved sitt kvalitetssystem og/eller kvalitetsarbeid enn hva som fremgår av skjemaet ellers, kan det beskrives nedenfor
Internasjonalisering som strategisk satsingsområde for kvalitetsarbeid Fagskulen Vestland har internasjonalisering som eit strategisk fokusområde for kvalitetsarbeid, forankra i Strategi 2023-2027 (vedlegg 4) og i den interne systembeskrivinga for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a). I 2024 vart dette følgt opp med ein eigen «Mål og handlingsplan for internasjonalt arbeid» (vedlegg 21a), som konkretiserer korleis internasjonalt samarbeid og mobilitet skal bidra til auka kvalitet i fagskulen sitt utdanningstilbod. **Erasmus+-akkreditering som kvalitetsstempel:** Eit sentralt tiltak i handlingsplanen har vore å søkje akkreditering for mobilitet gjennom Erasmus+, for å sikre stabil og langsiktig finansiering av mobilitetsaktivitetar. I 2024 søkte – og fekk – Fagskulen Vestland Erasmus+-akkreditering for yrkesfagleg utdanning (KA120-VET) (vedlegg 21b). Akkrediteringa er i seg sjølv eit kvalitetsstempel. Den dokumenterer at skulen har ein truverdig og gjennomarbeidd Erasmus-plan, at leiinga er involvert og at internasjonaliseringsarbeidet er solid forankra i heile organisasjonen, frå styret og rektorat til utdanningsleiing og tilsette. **Styrking av fagmiljø og kompetanse:** Erasmus+-akkrediteringa gjev fagskulen høve til å søkje midlar til tilsett- og studentmobilitet. I studieåret 2025-2026 deltok 14 tilsette i ulike mobilitetsaktiviteter (jobbskygging, førebuande besøk og kursdeltaking) i fleire ulike europeiske land. Kursinnhaldet var retta mot digitale undervisningsmetodar og inkluderande læringsmiljø, og er direkte relevant for skulen sine kvalitetsmål om styrkt undervisningskvalitet. Prosjektet er forlenga til 2026-2027, og målet er å minst doble deltakinga. **Studentmobilitet:** Fagskulen er i gang med eit treårig prosjekt, delvis finansiert av HK-dir, for å etablere eit program for internasjonal studentmobilitet, det vil seie utvekslings- og praksisopphald i utlandet, som vil gi studentane internasjonal erfaring og styrke deira kompetanse for ein arbeidsmarknad i endring. **Innovasjon og arbeidslivsrelevans:** Deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt, som Albatts, CaBatt, Fare Green og H2CoVE knyter fagskulen til leiande europeiske fagmiljø innanfor ulike sektorar (batteriteknologi, hydrogen, berekraftig turisme). Gjennom desse prosjekta får skulen innsikt i

kompetansebehov og bransjeutvikling som arbeidslivet i Europa etterspør og me får heva fagkompetansen til eigne lærarar. Dette styrker fagskulen si evne til å tilby yrkesrelevante utdanningar.

Strategisk posisjonering: EU løftar høgare yrkesfagleg utdanning (HVET) til eit strategisk nivå gjennom «Union of Skills»-agendaen, der fagskulane i aukande grad vert venta å vere fleksible, arbeidslivsnære og internasjonale. Ny programperiode for Erasmus+ frå 2028 vil ha dette som hovudfokus. Fagskulen Vestland fylgjer dette arbeidet tett, og det internasjonale engasjementet bidreg til at skulen er godt posisjonert for å møte desse krava. Arbeidet med internasjonalisering er såleis ikkje eit tillegg til kvalitetsarbeidet, men ein integrert del av skulen sitt systematiske arbeid med å utvikle og sikre kvaliteten i utdanningane.

Dokumentasjon:
Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling (vedlegg 2a)
Strategi 2023-2027 (vedlegg 4)
Mål og handlingsplan for internasjonalt arbeid (vedlegg 21a)
Erasmus Accreditation in the field of Vocational Education and Training (vedlegg 21b)

Vedlegg – fullstendig oversikt

Vedlegg 11c og 17k er same dokument.

Vedleggsnummer	**Spørsmål vedlegg er knytt til**
Vedlegg 1 – Organisasjonskart og rapporteringslinjer • 1a: Organisasjonskart • 1b: Rapporteringslinjer ved Fagskulen Vestland	Overordna og spørsmål 12
Vedlegg 2 - System for kvalitetsarbeid og -utvikling • 2a: Kvalitet i utdanninga - System for kvalitetsarbeid og -utvikling • 2b: System for kvalitetssikring	Overordna, spørsmål 1, 2, 7, 10, 11, 13, 32, 33, 34, 36, 38 40, 42, 53, 54, evt tilleggsopplysninger
Vedlegg 3 – Årshjul for kvalitetsarbeid • 3a: Årshjul for kvalitetsarbeid • 3b: Revisjonsplan (lang sikt)	Overordna og spørsmål 8, 10
Vedlegg 4 - Strategi 2023-2027	Spørsmål 1, 2, 3, 4, 13, 34, 36, 37, evt tilleggsopplysninger
Vedlegg 5 - Årsmeldingar • 5a: Årsmelding 2024 • 5b: Årsmelding 2025	Spørsmål 1, 3, 8, 32, 34, 35
Vedlegg 6 - Kvalitetsmeldingar • 6a: Kvalitetsmelding 2024 • 6b: Kvalitetsmelding 2025	Spørsmål 1, 3, 8, 32, 34, 35, 37, 48, 52,
Vedlegg 7 - Informasjonsinnhenting studentmedverknad	Spørsmål 1, 5, 36, 37, 38, 39, 40, 41

• 7a: Studiebarometeret – tal over tid • 7b: Studentråd og pizza – døme på studentmedverknad i Førde • 7c: Medverknad studiebarometeret • 7d: Studiebarometeret Rapport Fagskulen Vestland 2026 • 7e: Studiebarometeret psykisk helsearbeid og rusarbeid • 7f: Studiebarometeret Elkraft heiltid Nordnes 2026 • 7g: Studiebarometeret Elkraft deltid Nordnes 2026 • 7h: Studiebarometeret Elkraft deltid Førde 2026 • 7i: Studentrådet møtte politisk leiing i Vestland fylkeskommune • 7j: Jobbar for fagskulestudentane sine interesser • 7k: Prosedyre for gjennomføring og oppfølging av student- og medarbeidarundersøkingar • 7l: Studentevaluering Elkraft Nordnes • 7m: studentmedverknad psykisk helsearbeid og rusarbeid • 7n: Elkraft Førde Studentevaluering Oppsummering 25-26 • 7o: Elkraft Førde Studentevaluering Oppsummering 23-24	
Vedlegg 8 - Informasjonshenting medverknad tilsette • 8a: Lærarundersøkinga Helse 2026 • 8b: Lærarundersøkinga Elektro Førde 2026 • 8c Lærarundersøkinga Elektro Nordnes 2026	Spørsmål 41
Vedlegg 9 - Styresaker om utdanningskvalitet/kvalitetsarbeid • 9a: Møte- og saksplan 2024 Styret • 9b: Møte- og saksplan 2025 Styret • 9c: Møte- og saksplan 2026 Styret • 9d: Styresak akkreditering Solenergi • 9e: Styresak akkreditering Barn og unges psykiske helse • 9f: Styresak akkreditering Energieffektivisering og automasjon i bygg	Spørsmål 1, 4, 8, 11, 14, 21, 22, 29, 30, 31, 32, 34, 36, 37, 41, 42, 44, 46, 47, 54

• 9g: Styresak ny studieforskrift 2025 • 9h: Styresak nominasjon til Utdanningskvalitetsprisen • 9i: Styresak endring i utdanninga psykisk helsearbeid og rusarbeid • 9j: Møteprotokoll styret 02-12-2025 • 9k: Styresak mandat for læringsmiljøutval • 9l: Styresak høyringsuttale – forslag til ny fagskuleforskrift og endringar i fagskulelova • 9m: Mål for 2026 • 9n: Styret Møteinnkalling og saksdokument 19.08.2026 • 9o: Styresak Endring av namn på utdanningar 03.12.2024	
Vedlegg 10 - Døme på kvalitetsarbeid i fagmiljø • 10a: Utviklingsarbeid Elkraft Førde skuleåret 25-26 • 10b: Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning/vesentleg endring innan akkreditert fagområde • 10c: Skjema for arbeid i prosjektgruppe ved utvikling av ny utdanning innenfor akkreditert fagområde • 10d: Skjema for framdrift og ansvar akkreditering av utdanning • 10e: mal for kravspesifikasjonar fagmiljø • 10f: mal for kvalifikasjonar fagmiljø • 10g: Skjema for arbeid i sakkyndig komité ved utvikling av ny utdanning innenfor akkreditert fagområde • 10h: Prosesskart utvikling av utdanning under område med akkreditering • 10i: Avviksmelding retningslinjer for handsaming av fusk • 10j: Avviksmelding Varsling knytt til nye rutinar i KS • 10k: Faglunsj (pizzafredag) Nordnes • 10l: Spørsmål til Arild Råheim utgangspunkt for gruppearbeid • 10m: Oppsummering spørsmål til Arild Råheim • 10n: Arild Råheim fagdag Fagskolen_Førde_2024	Spørsmål 1, 5, 8, 9, 11, 14, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 22, 32, 37, 50

• 10o: Elkraft Nordnes - utviklingsarbeid 2023-2026 • 10p: Elkraft Nordnes - utviklingsarbeid • 10q: Korte utdanningar og kurs for fagskulelærarar - Intensjonsskjema 2025	
Vedlegg 11 - Døme på sikring og utvikling av kvaliteten i utdanning • 11a: Rutine for kvalitetsmelding og spørjeundersøking • 11b: Mal for studentsamtaler psykisk helsearbeid og rusarbeid -25 • 11c/17k: Helse Referat fra møte med fagråd og praksisevaluering vår 26	Spørsmål 1, 6, 11, 37, 38, 41, 42, 54
Vedlegg 12 - Planlagte/gjennomførte tiltak i kvalitetsarbeidet • 12a: Tilsagn om midler til kompetanseheving - universell utforming i høyere utdanning 2024 • 12b: Prosjekt pedagogisk plattform (Helse) • 12c: Økt profesjonsfaglig digital kompetanse for faglærere ved Fagskulen Vestland avdeling helse – prosjektbeskrivelse • 12d: utvikling av tverrfaglig teknisk lab • 12e: Møtenotat Prosjekt – Målretta bruk av KI • 12f: Handbok for utvikling og gjennomføring av prosjekt	Overordna og spørsmål 1, 4, 9
Vedlegg 13 - Prosedyrar i arbeid med utvikling av utdanning og døme på revisjonsarbeid • 13a: Prosedyre for å utvikle ny fagskuleutdanning vesentleg endring (akkreditert fagområde) • 13b: skjema ved endring • 13c: prosedyre – interne revisjoner • 13d: prosedyre ved vesentlige endringar utan fagområdeakkreditering • 13e: hvordan søke om akkreditering av ny utdanning NOKUT • 13f: Rutine studieplanrevisjon • 13g: internrevisjon Elkraft Nordnes • 13h: internrevisjon Elkraft Førde • 13i: internrevisjon Helse og oppvekst	Spørsmål 33, 5, 6, 8, 10, 23, 24, 25, 26, 27, 28, 29, 30, 32, 33, 35, 36, 38, 42, 43, 44, 45, 49, 50, 53

Vedlegg 14 - Dokumentasjon på bruk av resultat frå internkontroll • 14a: Kvalitetsmelding Elektro studiestad Førde 2025 • 14b: Kvalitetsmelding_2025_Elektroavdelingen_Nordnes_Stord • 14c: Kvalitetsmelding Helse 2025 • 14d: Ledelsens gjennomgang Helse og oppvekst 2024 • 14e: Kvalitetsmelding Elkraft Nordnes 2024 • 14f: Kvalitetsmelding Elkraft Førde 2024 • 14g: Kvalitetsmelding ramme 2025 • 14h: Internrevisjon emne – mal til høyring • 14i: Programevaluering – mal til høyring • 14j: Rutine og sjekkliste for internkontroll av utdanninga	Spørsmål 1, 8, 38, 39, 39, 42, 43, 48, 49, 51, 52, 53, 54
Vedlegg 15 - Kvalitetspolitikk Fagskulen Vestland	Spørsmål 1
Vedlegg 16 - Sentrale roller ved Fagskulen	Spørsmål 10, 11, 13
Vedlegg 17 – Samarbeid med arbeidslivet • 17a: Bedriftssamarbeid på Elektro INFO • 17b: Omega 365 Consulting AS_14_4_2026 • 17c: Grunnleggende utfordringer i Norsk Industri og behov fremover • 17d: TrafSys AS besøker fagskolen • 17e: Elkraft Førde samarbeid med næringsliv • 17f: Elkraft Førde medverknad næringsliv studieplanarbeid • 17g: arbeidslivsrelevans Psykisk helsearbeid og rusarbeid • 17h: Vesentleg endring Helse Navneendring spesialrenhold og sterilforsyning. • 17i: Studieplanrevisjon Elkraft Nordnes_Stord - gammal struktur 2023	Spørsmål 1, 5, 6, 25, 29, 30, 41

• 17j: Studieplanrevisjon Elkraft Nordnes_Stord - ny struktur 2024 • 17k/11c: Helse Referat fra møte med fagråd og praksisevaluering vår 26 • 17l: Samarbeidsavtale Solenergi	
Vedlegg 18 - Prosedyre, prosess og steg-for-steg av Avdelingens (AG) – og Ledelsens gjennomgang (LG) • 18a: Prosedyre for ledelsens gjennomgang (LG) og avdelingens gjennomgang (AG) • 18b: Steg-for-steg Ledelsens (LG) og avdelingens (AG) gjennomgang • 18c: Prosess AG og LG	Spørsmål 1, 7, 8, 12, 33, 35, 36, 43, 52, 53, 54
Vedlegg 19 - Skikkethet (instruks, informasjon og meldeskjema ved tvil) • 19a: Instruks for skikkanemda ved FV • 19b: Skikkethet og skikkethetsvurdering (informasjonsskriv) • 19c: Skikkethet - skjema for tvilsmelding	Spørsmål 42, 43
Vedlegg 20 – Studieplanar Elkraft og Psykisk helsearbeid og rusarbeid • 20a: Studieplan psykisk helsearbeid og rusarbeid • 20b: Studieplan Elkraft Førde • 20c: Studieplan Elkraft Nordnes/Stord	Spørsmål 1
Vedlegg 21 – Internasjonalisering som strategi for kvalitetsarbeid • 21a: Prosjekt Program for internasjonal studentmobilitet (FAV2026) • 21b: Prosjektmandat Studentmobilitet • 21c: Akkreditert Erasmus+ prosjekt mobilitet ved FV • 21d: Internasjonale prosjekt FV pr juni 2026 • 21c: Erasmuskurs Chat GPT and basic AI tools	Spørsmål 1 og eventuelle opplysninger

• 21d: Erasmuskurs Designing inclusive learning environments to support all students • 21e: Erasmuskurs Instructional strategies to adress the diverse needs of all students • •	
Vedlegg 22 – Andre aktuelle vedlegg • 22: Stillingsutlysning strategisk samarbeid med arbeidslivet • 22b:HØY Kvalitet – mandat, orgoanisering og dokumentert aktivitet 2023-2026 • 22c: Maritimt kvalitetssamarbeid	Spørsmål 39, 46

Vestland fylkeskommune

Fagskulen Vestland
Notat RS 15/26

Saksnr:	2022/486-288
Saksbehandlar	Kirsti Andrea Nordstrand
Dato:	13.10.2026

Til:	Styret for Fagskulen Vestland
Frå:	Rektor

Orientering om varamedlem til studentrepresentanten i styret

Det er gjennomført val av varamedlem for studentrepresentanten til styret. Maria Isabell Espeseth Sævik, er tredd inn i rolla som visepresident for studentrådet. Sævik er student ved utdanninga Dekksoffiser ved studiestad Nygård i Bergen.

Den nyvalde visepresidenten går inn som varamedlem i fagskulestyret for studentrepresentanten frå september 2026.

Vestland fylkeskommune

Fagskulen Vestland
Notat RS 16/26

Saksnr:	2022/486-289
Saksbehandlar	Torbjørn Mjelstad
Dato:	13.10.2026

Til:

Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Orientering om ny prorektor for utdanning og samhandling

Fagskulen Vestland har tilsett ny Prorektor for utdanning og samhandling, Lill Presttun. Presttun tiltrer stillinga 01.01.2027. Ho kjem frå stilling som leder for barnehage – og skoleutbygging, i seksjon for strategi utvikling og utredning. Hun har også 10 års erfaring som rektor i Bergen kommune.

Det meldte seg 16 søkjarar til stilling, seks vart plukka ut til fyrstegongs intervju og fire vart med til runde to. Rekrutteringsgruppa har bestått av Gjertrud Sandvik- HR partner Vestland fylkeskommune, Bjørnar Vik –hovudtillitsvald frå SL (skolenes landsforbund) og Rektor.

Etter to intervjurundar og referansesjekk vart innstillinga frå Rektor følgjande:

- Lill Presttun
- Suman Mishra
- Kari Brudvik

Styreleiar var med på runde to av intervjua.

Den nye Prorektorstillinga vil ha ansvar for utdanningane ved studiestad Nordnes og Hjeltnes samt ha ansvar for administrasjonen. Det er ein erstatning av prorektor organisasjon og samhandling, som slutta i januar 2026.

Vestland fylkeskommune

Fagskulen Vestland
Notat RS 17/26

Saksnr:	2022/486-290
Saksbehandlar	Kirsti Andrea Nordstrand
Dato:	13.10.2026

Til:	Styret for Fagskulen Vestland
Frå:	Rektor

Orientering om Fylkestingsvedtak - ny lokasjon i Bergen for Fagskulen Vestland

Samandrag
Fagskulen Vestland si eining i Bergen har behov for nye og meir formålstenlege lokale. Etter ein omfattande utgreiingsprosess sidan 2024 står ein att med to alternativ for ny lokalisering: Kronstad (HVL/Statsbygg) og Årstad (tomta etter C-bygget ved Årstad vidaregåande skule). Det er no behov for eit endeleg lokaliseringsvedtak for å sikre framdrift og nye lokale innan dagens avtalar går ut.

Fylkesdirektøren tilrår at fagskulen vert lokalisert på HVL-tomta på Kronstad, under føresetnad av at det vert inngått ein akseptabel kjøps- eller festeavtale med Statsbygg, stadfesta skriftleg innan 31.12.2026. Dersom desse føresetnadene ikkje vert oppfylte, vert Årstad tilrådd som alternativ lokalisering.

Bakgrunn for saka
Fagskulen Vestland i Bergen har hovudverksemda si i Haugeveien på Nordnes, i tillegg til aktivitet i fleire leigde lokale. Samla sett er lokala ikkje tilpassa dagens behov for undervisning og areal. Bygget på Nordnes skal etter Anger-avtalen tilbakeførast til Bergen kommune innan 01.01.2028, men fylkeskommunen har leigerett fram til 31.12.2032. Dette er siste frist for utflytting.

I sak PS 157/2024 vedtok fylkestinget å styrkje Årstad vidaregåande skule og samle Fagskulen Vestland i Bergen. Ei brei tomteutgreiing vurderte fleire alternativ, mellom anna Møllendalen, Mindemyren, Kanalveien 90, Kronstad og Årstad. Dei tre første vart forkasta på grunn av reguleringsrisiko, kostnader eller eigarforhold.

I PS 18/2026 vedtok fylkestinget eit rom- og funksjonsprogram på 12 350 m² og å arbeide vidare med alternativa Kronstad og Årstad. I PS 66/2026 fekk fylkesdirektøren fullmakt til å inngå intensjonsavtale med Høgskulen på Vestlandet (HVL) om Kronstad-alternativet. Intensjonsavtalen skisserer eit samla bygg på om lag 18 000 m², der VLFK disponerer om lag 2/3 og HVL 1/3.

Alternativ 1: Kronstad (HVL/Statsbygg)
Tomta ligg ved Bybanestoppet på Kronstad, nord for den nyaste delen av HVL. Det er inngått intensjonsavtale mellom partane. Prosjektet omfattar eit bygg på om lag 18 000 m², der Vestland fylkeskommune disponerer rundt 12 000 m² til fagskulen og HVL leiger om lag 6 000 m².
Tomta er eigd av Statsbygg. Det krevst politiske vedtak for sal eller langsiktig feste, og det er derfor avgjerande å få ei skriftleg avklaring innan årsskiftet 2026/2027. Dette er nødvendig for å kunne lyse ut pris- og designkonkurranse utan forseinkingar. Det er også avgjerande at tomta kan kjøpast eller festast på akseptable vilkår.

Nøkkelfordelar med Kronstad-alternativet:
- Reguleringsarbeidet er truleg ukomplisert
- Lav tomterisiko knytt til bruksvurdering og storleik

• Gode synergiar med utdanningsmiljøet ved HVL
• Svært god kollektivdekning
• Leigeinntekter frå HVL bidreg til å finansiere investeringa

Alternativ 2: Årstad (tomt etter C-bygget)
Alternativet inneber å rive det eksisterande C-bygget ved Årstad vidaregåande skule og etablere eit nytt bygg for fagskulen. C-bygget er teknisk utrangert og må erstattast, sjølv om delar av konstruksjonen kan ha gjenbruksverdi.

Fylkesdirektøren tilrår at kroppsøvingsbehova ved Årstad vert løyste gjennom etablering av ein ny basketballhall på tilgrensande tomt ved Krohnsminde. Det har vore dialog med Bergen kommune, Vestland idrettskrets og Krohnsminde-alliansen om mogleg sambruk og vidare utvikling av idrettsareal. Bergen kommune har opna for bruk av delar av tomta til basketballhall, men finansiering av eventuelle utvida idrettsanlegg er ikkje avklart. Dersom slike anlegg skal realiserast, må bindande avtalar vere på plass innan 31.12.2026.

Årstad-tomta er eigd av Vestland fylkeskommune, noko som reduserer eigarrisikoen. Samstundes er det knytt større usikkerheit til reguleringsprosessen. Reguleringsarbeidet er starta, men tidsbruk og framdrift er framleis usikker.

Dersom fagskulen vert lokalisert til Kronstad, kan tomta etter C-bygget nyttast til å styrkje Årstad vidaregåande skule, til dømes gjennom utvida verkstadkapasitet eller andre nye tilbod. Ei slik utvikling vil i hovudsak krevje nybygg.

Risikomatrise for dei to tomtealternativa:

Premiss	HVL		Årstad	
	Risiko	Egnethet	Risiko	Egnethet
Tomteforhold • Størrelse, lokalklima, egnethet for formålet	Lav	God	Lav	God
Reguleringsføringer • Krever tomten regulering?	Medium	God	Høy	God
Eierskap • Hvem eier tomten, implikasjoner knyttet til tilgjengelighet og anskaffelsesprosess?	Høy	Medium	Lav	God
Infrastruktur: dagens situasjon • Tilgjengelighet med vei og kollektivtransport • Tilknytning teknisk infrastruktur	Medium	God	Lav	God
Byggeperiode • Hvordan påvirker byggeperioder annen aktivitet? • Må det være midlertidig undervisnings bygg?	Medium	God	Medium	God
Volumstudie • Hvordan påvirket nye volum tomten og naboforhold? • Uteoppholdsareal	Lav	God	Lav	God

Planlagd framdrift for fagskulen

UTLYSING AV SAMSPELSKONKURRANSE	årsskiftet 2026/2027
SAMSPELSKONTRAKT SIGNERT	sommar 2027

BYGGESTART	haust 2028
FERDIG BYGGING	vår 2031
INNFLYTTING NYTT BYGG	haust 2031
KLARGJERING/TILBAKELEVERING EKS. BYGG	vinter/vår 2032

Vurderingar og verknader

Administrative/økonomiske konsekvensar:
Prosjektkostnaden for fagskulebygget er førebels berekna til om lag 780 mill. kroner inkludert meirverdiavgift, basert på vedteke rom- og funksjonsprogram.

For Kronstad kjem kostnader til tomteerverv eller festeavtale i tillegg, samt investeringar for HVL sin leigedel på om lag 380 mill. kroner. Denne investeringen skal finansierast gjennom husleige over 25-30 år. Det vil vere aktuelt å organisere prosjektet gjennom eit eigedomsselskap for å redusere meirverdikostnader.

For Årstad kjem kostnader til erverv av noko tomteareal for basketballhall, samt eventuelle investeringar i utvida idrettsanlegg. Slike tilleggskostnader kan utgjere inntil 440 mill. kroner og vil òg bli finansierte gjennom leigeinntekter over tid.

Den endelege kostnadsdifferansen mellom alternativa er ikkje kjend før tomteprisane er avklarte. Årstad-alternativet vil i tillegg ha høgare rivekostnader. Foreløpige vurderingar tyder likevel på at Kronstad kan vere inntil om lag 5 prosent dyrare for sjølve fagskuledelen.

Klima, folkehelse og regional utvikling:
Uavhengig av lokalisering skal prosjektet utviklast i tråd med den regionale planen for klima 2022-2035, med vekt på berekraftige løysingar, gjenbruk, låge utslepp og effektiv arealbruk.

Begge alternativa vil gje studentar og tilsette betre læringsmiljø, moderne undervisningsareal, verkstader og simulatorfasilitetar. Lokaliseringane har god tilgang til kollektivtransport og støttar måla i Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 om aktive skular og effektiv arealbruk.

Konklusjon

Begge alternativa er eigna for å huse Fagskulen Vestland si eining i Bergen. Etter ei samla vurdering tilrår fylkesdirektøren Kronstad-alternativet, føresett at det vert inngått ein akseptabel kjøps- eller festeavtale med Statsbygg innan 31.12.2026. Kronstad gir lågare reguleringsrisiko, sterke faglege synergiar med HVL, svært god kollektivtilgang og eit gunstig finansieringsgrunnlag gjennom leigeinntekter.

Dersom desse føresetnadene ikkje vert oppfylte, tilrår fylkesdirektøren at fagskulen vert etablert i nye lokale på Årstad.

Vestland fylkeskommune

Fagskulen Vestland
Notat RS 18/26

Saksnr:	2022/486-291
Saksbehandlar	Lars Arne Førde
Dato:	15.10.2026

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Rekneskap 3. kvartal

Tala kan avvike noko frå tala til Vestland fylkeskommune, ettersom dei måtte hentast ut før dei sentralt fastsette fristane. Avvika skal ikkje vere vesentlege.

Forebels prognose for 2026 syner at Fagskulen vil få eit mindreforbruk godt innanfor den tildelte ramma.

Fagskulen har fått tildelt mykje prosjektmidlar dei siste åra. Dette har ført til at ledige ressursar i organisasjonen har vorte allokerte til prosjektarbeid. På kort sikt har prosjektarbeidet vore med på å styrkje drifta, men det gjer samstundes aktivitetsnivået framover svært usikkert, sidan tildelinga av prosjektmidlar varierer frå år til år. Kombinasjonen av ordinær drift og prosjektarbeid stiller store krav til leiing og planlegging. Eigenandelar i prosjekta medfører òg eit auka press på den ordinære drifta. Per i dag har vi forpliktingar knytte til eigenandelar på om lag 5–6 mill. kroner i prosjekt som går over fleire år. Noko av dette vil få direkte innverknad på drifta, medan anna vil kunne løysast gjennom utnytting av ledig kapasitet. Samla sett er det mange usikre faktorar i drifta, noko som gjer det vanskeleg å fastsetje eit normalt kostnadsnivå framover. Uansett må Fagskulen syte for at verksemda vert driven på ein kostnadseffektiv måte.

Rekneskap:						
	Rekneskap 1 kv 26	**Rekneskap 2 kv 26**	**Rekneskap 3 kv 26**	**Rekneskap per sept 26**	**Årsbudsjett 2026**	
Tilskott (statleg)	86 866 000	-	92 766 609	179 632 609	180 232 000	7)
Tilskott (VLFK)	2 780 102	2 780 102	2 780 102	8 340 307	11 120 409	4)
Studieavgift	3 522 100	(3 650)	5 786 450	9 304 900	6 900 000	6)
Administrasjon og leiing	(6 832 068)	(5 647 721)	(7 696 898)	(20 176 687)	(34 585 935)	5)
Undervisning inkl undervisningsleiare	(38 497 133)	(30 030 323)	(42 698 787)	(111 226 243)	(164 951 800)	5)
Overført til investeringar	-	(2 605 033)	(139 455)	(2 744 488)	-	3)
Oppdragsverksemd	(334 406)	1 976 658	39 605	1 681 857	1 285 326	1)
Prosjekt i arbeid:						
Overført frå bundne fond						2)
Endring i prosjekter i arbeid						2)
Overført til bundne fond						2)
Mindreforbruk/(-meirforbruk)	**47 504 595**	**(33 529 967)**	**50 837 626**	**64 812 255**	**-**	
Investeringsrekneskap (drift):						
	Rekneskap 1 kv 26	**Rekneskap 2 kv 26**		**Rekneskap per sept 26**	**Årsbudsjett 2026**	
Investeringsmidlar (tilskott VLFK)	-				919 000	
Investeringar	458 625	3 065 408	139 455	3 663 488		
Totalsum investeringar (drift) - både undervisning og adminstrasjon	**458 625**	**3 065 408**	**139 455**	**3 663 488**	**919 000**	
Kommentarar:						
1) Ajour med fakturering						
2) Budsjett er ikkje lagt inn i Visma. Prosjektoppfølging skjer mot budsjett fastsatt/gjeve av ekstern oppdragsgjevar.						
Forventning om at prosjekter går i balanse eller pluss.						
3) Denne korrigerast ved årsskift av VLFK sentralt, altså ikkje bokført foreløpig i Visma.						
4) Antar at ramme fra VLFK blir "utdelt" prorata gjennom året.						
5) Det kan liggje kostnadar i budsjettet som i rekneskapet vil bli bokført om hausten.						
6) Kontingent til Sammen blir kostnadsført i 4 kvartal						
7) Fagskulen har i 3 kvartal også fått tilskud for nye studieplassar haust 26.						

Anna: Positivt disposisjonsfond frå år 2025 er totalt kr 7,8 mill., dette kjem i tillegg til budsjettet over.

Vestland fylkeskommune

Fagskulen Vestland
Notat RS 19/26

Saksnr:	2022/486-297
Saksbehandlar	Ann Cathrine Ellingsen
Dato:	16.10.2026

Til:	Styret for Fagskulen Vestland
Frå:	Rektor

Orienteringssak om opptak 2026

Innleiing

Fagskulen Vestland lyser årleg ut studietilbod på nasjonalt nivå gjennom Samordna opptak. I tillegg tilbyr skulen kurs og kortare utdanningar gjennom lokalt opptak, hovudsakleg i regi av avdelinga for etter- og vidareutdanning (EVU).

Talet på utlyste studietilbod gjennom Samordna opptak har auka dei siste åra. I 2024 vart det lyst ut 33 tilbod, i 2025 var talet 34, medan det i 2026 vart lyst ut 40 tilbod. I tillegg kjem tilbod av kurs og kortare utdanningar som lyses ut gjennom EVU avdelinga gjennom lokalt opptak.

I byrjinga av mai 2026 vart fleire studietilbod avlyste som følgje av for få søkjarar med tilbodet som førsteprioritet. Dette gjaldt følgjande studietilbod: *Grønn omstilling i byggebransjen, Robotteknologi, Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre, Rehabilitering, kvardagsmestring og velferdsteknologi, Gastronomisk reiseliv, Solenergi og VVS energiteknikk.*

I midten av juni 2026 vart studietilbodet *Robotteknologi, digitalisering og additiv tilverking* unntaksvis avlyst etter søknadsfristen, grunna for få kvalifiserte søkjarar.

Hovudopptaket

Førsteprioritet Søkjartal ved Fagskulen Vestland 2024–2026 etter hovudopptaket

Ein førsteprioritetssøkjar er ein søkjar som har valt Fagskulen Vestland som førsteval på prioriteringslista si ved søknad om studieplass.

1. Samla utvikling

Tala frå hovudopptaket i Samordna opptak viser at Fagskulen Vestland hadde 1 519 unike førsteprioritetssøkjarar i 2024, 1 496 i 2025 og 1 628 i 2026. Etter ein liten nedgang på 23 søkjarar i 2025 auka søkjartalet med 132 i 2026, eller 8,8 prosent. Over heile perioden er auken på 109 søkjarar, eller 7,2 prosent.

År	Unike førsteprioritetssøkjarar	Studietilbod	Søkjarar per tilbod
2024	1 519	33	46,0

År	Unike førsteprioritetssøkjarar	Studietilbod	Søkjarar per tilbod
2025	1 496	34	44,0
2026	1 628	40	40,7

I same periode har talet på studietilbod auka frå 33 til 40, altså med 21,2 prosent. Studieporteføljen har dermed vakse klart raskare enn søkjartalet, og gjennomsnittet per tilbod har gått ned frå 46 til knapt 41.

2. Utviklinga i studietilboda

I 2024 stod dei etablerte tekniske og maritime utdanningane sterkt. Elkraft på nett ved Nordnes hadde flest søkjarar med 168, følgd av automasjon på nett med 109. Ved Nygård hadde dekksoffiser 85 søkjarar og maskinoffiser 76, medan bygg ved Nordnes hadde 71 på heiltid og 73 på nett. Fleire mindre utdanningar hadde samstundes få førsteprioritetssøkjarar.

Nedgangen i 2025 var liten, og utviklinga varierte mellom faga. BIM-teknikar i Førde gjekk ned frå 50 til 39 førsteprioritet søkjarar. Elkraft i Førde auka derimot frå 47 til 55, bygg i Førde frå 15 til 20, og klima, energi og miljø i bygg ved Nordnes frå 50 til 59. Vasskjemi, mikrobiologi og fiskehelse i Austevoll låg stabilt med 14 søkjarar mot 13 året før.

I 2026 er det igjen dei tekniske faga ved Nordnes som dreg mest: elkraft med 153 søkjarar, industriell automasjon med 102, maskinteknikk med 100, bygg med 85 og prosessteknikk med 75. Dekksoffiser på leiarnivå ved Nygård hadde 114 søkjarar. Det er òg verdt å merke seg at arborist ved Hjeltnes fekk 66 søkjarar og barn og unge si psykiske helse ved Nordnes 64. Skulen har altså attraktive tilbod også utanfor dei tradisjonelt store fagområda.

Nokre tilbod har svært låge tal i 2026. Solenergi i Førde hadde tre søkjarar og VVS og energiteknikk i Førde fire. Nye tilbod treng ofte tid på å bli kjende, men lokalisering, målgruppe, studieform og behovet i arbeidsmarknaden kan òg spele inn.

3. Utviklinga etter studiestad

Nordnes har dei største søkjargruppene og ei sterk stilling innan tekniske fag.
I Førde er BIM-teknikar tilbake igjen med 50 søkjarar etter 39 i 2025, og bygningssakkyndig auka frå 42 til 54. Anlegg gjekk ned frå 36 til 31 og elkraft frå 55 til 44.

Dei maritime utdanningane har framleis gode søkjartal, med dekksoffiser på leiarnivå ved Nygård som den klart største med 114 søkjarar. Anleggsutdanninga på Voss er stabil med 40 søkjarar mot 42 i 2025, og arboristutdanninga ved Hjeltnes hevdar seg godt til å vere eit spesialisert tilbod.

4. Konklusjon

Fagskulen Vestland har fleire førstegong søkjarar i 2026 enn nokon gong tidlegare i perioden. Veksten på 8,8 prosent veg opp for den vesle nedgangen året før, og skulen har samla sett styrkt rekrutteringa.

Veksten er likevel ujamt fordelt. Tekniske og maritime fag ber framleis det meste av søkinga, og nokre få store utdanningar ved Nordnes og Nygård står for ein stor del av tala. Samstundes har porteføljen vakse tre gonger så raskt som søkjartalet men fleire av dei nyaste tilboda har svært få søkjarar.

Suppleringsopptaket

Suppleringsopptaket og dimensjonering av studieplassar

Studium med ledige studieplassar etter hovudopptaket blir inkluderte i suppleringsopptaket, som varer fram til opptaket blir avslutta i slutten av august.

Gjennom suppleringsopptaket hentar opptaksansvarleg inn oppdaterte opptaksdata kvar veke. Dette gir oversikt over kor mange søkjarar som takkar ja til tilbod om studieplass, og gjer det mogleg å opne for fleire studieplassar ved behov.

I arbeidet med å dimensjonere opptaket har opptaksansvarleg samarbeidd med prorektor for utdanning om dei innleiande vurderingane av kapasiteten på dei ulike utdanningane. Målet har vore å tilpasse talet på studieplassar betre til det forventa opptaket. Denne tilnærminga har bidrege til at fleire kvalifiserte søkjarar har fått tilbod om studieplass på eit tidlegare tidspunkt, før dei eventuelt har takka ja til andre tilbod.

Strategien har vist seg å vere vellukka. Erfaringane viser at det ved fleire studium skjer fråfall heilt fram mot slutten av suppleringsopptaket. Ved enkelte studium skjer det òg fråfall etter studiestart. Det er difor særleg viktig å overbooke tilstrekkeleg i dei første suppleringsrundane etter hovudopptaket, medan det framleis finst aktuelle kandidatar som kan få tilbod om studieplass.

Overbooking krev samstundes ei nøye vurdering. Målet er å tilby studieplass til eit tilstrekkeleg tal søkjarar til at ein når ønskt opptak, utan å risikere for høgt studenttal i forhold til kapasiteten og ressursane vi har tilgjengelege. Både i år og i fjor har vi sett at søkjarane søkjer seg til fleire studium, endrar prioriteringane sine undervegs i opptaksprosessen og takkar nei til tilbod dei tidlegare har akseptert. Dette understrekar kor viktig det er å følgje utviklinga tett og justere opptaket fortløpande gjennom suppleringsperioden.

Kvalifikasjonsgrunnlag blant søkjarane

Det er variasjon mellom fagområda når det gjeld kva kvalifikasjonsgrunnlag søkjarane nyttar. På dei tekniske og maritime utdanningane søkjer fleirtalet på grunnlag av fagbrev, medan delen søkjarar med realkompetanse er størst innan helse- og gastronomifaga.

Som i fjor har vi òg i år sett ein auke i delen søkjarar med fagbrev på dei helserelaterte utdanningane. Denne utviklinga var i år særleg tydeleg på dei nye helserelaterte studia.

På dei byggrelaterte utdanningane er fordelinga mellom søkjarar med fagbrev og søkjarar med realkompetanse jamnare, sjølv om fleirtalet også her søkjer på grunnlag av fagbrev.

Søknader, tilbod og aksepterte studieplassar

Det er viktig å skilje mellom talet på søknader og talet på unike søkjarar. Ein søkjar kan søkje på fleire utdanningar og dermed stå bak fleire søknader. Talet på unike søkjarar viser kor mange enkeltpersonar som har fått tilbod eller takka ja til studieplass, uavhengig av kor mange søknader dei har sendt.

Realkompetanse

Det vart registrert totalt 307 søknader med realkompetanse som kvalifikasjonsgrunnlag. Dette talet omfattar fleire søknader frå same person der ein søkjar har søkt på fleire utdanningar.
Av dei unike søkjarane med realkompetanse fekk 137 tilbod om studieplass. Av desse takka 79 ja til tilbodet.

Fagbrev

Det vart registrert totalt 2 727 søknader med fagbrev som kvalifikasjonsgrunnlag. Også her kan éin søkjar stå bak fleire søknader til ulike utdanningar.
Blant dei unike søkjarane med fagbrev fekk 1 493 tilbod om studieplass. Av desse takka 968 ja til tilbodet.

Samla opptaksresultat

Ved opptaksslutt hadde totalt 1 660 unike søkjarar fått tilbod om studieplass. Av desse hadde 1 063 takka ja til studieplass kor 1012 var førsteprioritet.
Resultata understrekar kor viktig det er med tett oppfølging og løpande vurdering av kapasiteten gjennom heile opptaksperioden. Sidan søkjarane kan søkje på fleire utdanningar, endre prioriteringar og takke nei til tilbod, er det avgjerande å tilpasse opptaket fortløpande for å utnytte den tilgjengelege kapasiteten og nå måla for studentopptaket.

Vedlagt tabell for utdanningane viser det totale talet på søkjarar og talet på søkjarar med studiet som førsteprioritet for dei ulike studia gjennom hovudopptaket.

Det er berre kolonnen for førsteprioritet som viser unike søkjarar. Kolonnen for totalt tal på søkjarar viser derimot ikkje unike søkjarar, ettersom same søkjar kan søkje på fleire studium. Det totale talet i denne kolonnen viser derfor talet på registrerte søknader, ikkje talet på unike søkjarar.

Totalt tal søkjarar per studiestad som hadde Fagskulen Vestland som førsteprioritet i Samordna opptak etter hovudopptaket i 2024, 2025 og 2026.

pr 16.04.24	
Studiested	**tal**
Automasjon Nordnes Heltid	34
Automasjon Nordnes Nett	109
Elkraft Nordnes Nett	168
Elkraft Nordnes Heltid	73
Boring Nygård Heltid	52
Anlegg Førde	41
Anlegg Voss	42
Arborist Hjeltnes	49
Automasjon Førde	16
BIM teknikker Førde	50
Bygg Nordnes Heltid	71
Bygg Nordnes Nett	73
Bygg Førde	15
Bygningskyndig Førde	41

pr 16.04.25	
Studiested	**tal**
Anlegg Førde	36
Anlegg Voss	42
BIM teknikker Førde	39
Boring Nygård	46
Bygg H Nordnes	64
Bygg D Nordnes	71
Bygg Førde	20
Bygningssakyndig Førde	42
Dekksoffiser på ledelsesnivå Austevoll	26
Dekksoffiser på ledelsesnivå Nygård	111
Dekksoffiser på ledelsesnivå Måløy	27
Maskinoffiser på ledelsesnivå Nygård	68
Maskinoffiser på ledelsesnivå Måløy	18
Maskinteknikk D Nordnes	87

pr 16.04.26	
Studiested	**tal**
Anlegg Førde	31
Anlegg Voss	40
BIM teknikker Førde	50
Boring Nygård	43
Bygg H Nordnes	54
Bygg D Nordnes	85
Bygg Førde	19
Bygningssakyndig Førde	54
Dekksoffiser på ledelsesnivå Austevoll	20
Dekksoffiser på ledelsesnivå Nygård	114
Dekksoffiser på ledelsesnivå Måløy	18
Maskinoffiser på ledelsesnivå Nygård	81
Maskinoffiser på ledelsesnivå Måløy	16
Maskinteknikk H Nordnes	29

Dekksoffiser Nygård	85
Dekksoffiser Austevoll	25
Dekksoffiser Måløy	32
Demensomsorg og psykisk helse for eldre Nordnes	14
Elkraft Førde	47
Grønn omstilling i bygge bransjen Førde	15
Klima, energi og miljø Førde	7
Klima, energi og miljø i bygg Nordnes	50
Lokal matkultur Hjeltnes	18
Maskinoffiser Nygård	76
Maskinoffiser Måløy	16
Maskinteknikk Nordnes Heltid	36
Maskinteknikk Nordnes Nett	65
Maskinteknikk Førde	27
Psykisk helse og rusarbeid Nordnes	62
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse Austevoll	13
Maskinteknikk Stord	26
Prosess Nordnes	71

Maskinteknikk Førde	21
Maskinteknikk med Iso Stord	24
Elkraft H Nordnes	64
Elkraft D Nordnes	143
Elkraft Førde	55
Elkraft Stord	27
Gastronomisk reiseliv Hjeltnes	20
Grønn omstilling i bygge bransjen Førde	7
Handverkssysting Førde	32
Industriell automasjon Nordnes	86
Industriell isolering Nordnes	13
Klassisk bygningshåndverk Nordnes	26
Klima, energi og miljø i bygg Nordnes	59
Prosessteknikk Nordnes	85
Robotteknologi Nordnes	25
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse Austevoll	14
Demensomsorg og psykisk helsearbeid Nordnes	8
Psykisk helsearbeid og rusarbeid for eldre Nordnes	55
Sterilforsyning og smittevern i helsetjenesten Nordnes	35

Maskinteknikk D Nordnes	100
Maskinteknikk Førde	12
Elkraft H Nordnes	47
Elkraft D Nordnes	153
Elkraft Førde	44
Grønn omstilling i byggebransjen Førde	3
Industriell automasjon Nordnes	102
Klima, energi og miljø i bygg Nordnes	31
Prosessteknikk Nordnes	75
Robotteknologi Stord	8
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse Austevoll	26
Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre Nordnes	9
Psykisk helsearbeid og rusarbeid Nordnes	46
Rehabilitering, kvadargsmestring velferdsteknologi Nordnes	12
Barn og unge si psykiske helse Nordnes	64
Akutt og kronisk sjuke Nordnes	43
Arborist Hjeltnes	66
Matkultur Hjeltnes	14
Gastronomisk reiseliv Hjeltnes	8
Solenergi Førde	3
Robotteknologi, digitalisering og additiv tilverking Nordnes	25
Energioverføring og høgspenningsteknologi Nordnes	35
Leiing i havbruksoperasjoner Måløy	14
VVS og energiteknikk Førde	4
Automatisering Førde	30

Tabellen nedan viser talet på kandidatar som fekk tilbod om studieplass, kor mange som takka ja til tilbodet, og kor mange som hadde møtt til studiestart. Tala er baserte på status etter at hovudopptaket og suppleringsopptaket for 2026 var ferdigstilte.

Oversikt etter fullført hovudopptak og suppleringsopptak i 2026

Studiar	Korrigert dimensjonering	Fått tilbod 14.09.26	Takka ja til tilbod 14.09.26	Tal møtt 01.10.26
Anlegg Førde	30	35	30	30
Anlegg Voss	30	36	30	29
BIM teknikker	40	60	37	36
Boring	30	35	30	26
Bygg H Nordnes	30	43	30	28
Bygg D Nordnes	80	140	79	72
Bygg Førde	30	36	20	19
Bygningssakyndig	40	48	42	31
Dekksoffiser på ledelsesnivå Austevoll	30	51	23	23
Dekksoffiser på ledelsesnivå Bergen	60	79	58	56
Dekksoffiser på ledelsesnivå Måløy	18	30	17	17
Maskinoffiser på ledelsesnivå Bergen	30	40	29	30
Maskinoffiser på ledelsesnivå Måløy	18	23	17	17
Maskinteknikk H Bergen	30	39	20	18
Maskinteknikk D Bergen	80	109	75	60
Maskinteknikk Førde	30	30	15	15
Elkraft H Nordnes	30	45	30	30
Elkraft D Nordnes	120	155	119	112
Elkraft Førde	30	47	29	29+12
Grønn omstilling i byggebransjen	Trekt			
Industriell automasjon	80	97	70	67
Klima, energi og miljø i bygg	40	49	37	34
Prosessteknikk	40	96	53	48
Robotteknologi	Trekt			
Vannkjemi,mikrobiologi og fiskehelse	30	25	18	15
Demesomsorg og psykisk helsearbeid til eldre	Trekt			
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	30	51	22	18
Rehabilitering, kvadargsmestring velferdsteknologi	Trekt			
Barn og unge si psykiske helse	40	70	37	35
Akutt og kronisk sjuke	30	52	30	32
Arborist	20	27	21	21
Matkultur	20	25	15	
Gastronomisk reiseliv	Trekt			
Solenergi	Trekt			

Robotteknologi, digitalisering og additiv tilverking	Trekt			
Energioverføring og høgspenningsteknologi	30	45	17	17
Leiing i havbruksoperasjoner	15	19	10	10
VVS og energiteknikk	Trekt			
Automatisering Førde	30	44	30	30

Kommentar til tabell: Ved Elkraft Førde har vi i år teke opp studentar til to ulike modellar. Den ordinære modellen ved Elkraft Førde med 29 studentar, medan pilotmodellen for desentraliserte studium med 12 studentar.

Lokale opptak og EVU – avdelinga

Avdeling for etter- og vidareutdanning gjennomfører lokale opptak for korte utdanningar finansiert av ordningane Industrifagskule og Bransjeprogram.

EVU-avdelinga jobbar også med ei rekke prosjekt knytt til utvikling og gjennomføring av nye utdanningar. Per oktober 2026 er det 16 aktive prosjekt finansiert av Bransjeprogram, eitt prosjekt finansiert av utviklingsmidlar og eitt finansiert med fylkeskommunale midlar. To prosjekt er sluttrapporter i år: Grøn omstilling i byggebransjen og Fagforsterka operatør.

Aktiviteten på etter- og vidareutdanning har om lag firedobla seg frå 2025. Særleg har gjennomføringar på Industrifagskulen tatt seg opp. Framleis auka aktivitet er avgjerande for å halde på finansieringa framover.

Per 14. oktober 2026 er dette status for året 2026:

24 EVU-opptak er gjennomført
9 EVU-opptak pågår. Nokre av desse kan bli avlyste.
2 EVU-opptak er framleis under planlegging. Kan bli utsett til 2027
5 EVU-opptak er avlyst på grunn av for låge søkartal

I tillegg har vi hjelpt andre avdelingar med lokale opptak og suppleringsopptak til mellom anna maskinteknikk og helsefag.

I 2026 er det lyst ut 1008 studentplassar. 155 av desse er avlyste. Det er per no registrert 610 søkarar. 498 studentplassar er tildelt og det er registrert at 156 har bestått. Desse tala har eit rapporteringsetterslep, og vil endre seg.

Tabellane viser gjennomføringar med *oppstart* i 2026. Nokre vil ikkje vere avslutta før neste år.

Gjennomføringar som er ferdige

Emne	Semester	Finansiering	Stp	Plassar	Søkt	Tatt opp	Bestått
Energirådgjevar	V26	Industrifagskulen	10	25	12	12	6
Skreddarsydde KI-system (A)	V26	Industrifagskulen	5	24	15	15	15
Teamleiarrolla i praksis	V26	Bransjeprogram	5	30	32	31	21
Ombrukskartlegging med tilstandsanalyse	V26	Industrifagskulen	5	25	10	9	7
Hydraulikk – CETOP 1 og 2	V26	Industrifagskulen	15	15	10	10	5
Elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege område (EX) (Bergen A)	V26	Industrifagskulen	10	20	49	23	16
Elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege område (EX) (Bergen B)	V26	Industrifagskulen	10	20	53	20	10
AutoCAD	V26	Industrifagskulen	2,5	25	30	30	16

Additiv tilverking (A)	V26	Fleksmidlar	10	25	31	26	23
Skreddarsydde KI-system (B)	V26	Industrifagskulen	5	20	33	23	6
Leiing på byggeplass for fagarbeidar	V26	Bransjeprogram	5	25	24	24	16
Moderne måleteknikk	V26	Industrifagskulen	5	30	7	7	4
EKOM (A)	V26	Industrifagskulen	15	40	24	24	11

Gjennomføringar som er i gang

Emne	Semester	Finansiering	Stp	Plassar	Søkt	Tatt opp
Frå kontrakt til overlevering	H26	Industrifagskulen	5	25	13	13
Elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege område (EX) (Trondheim)	H26	Industrifagskulen	10	20	31	20
Innføring i solenergi, energilagring og aktuelle regelverk	H26	Bransjeprogram	10	25	15	15
Målretta bruk av KI	H26	Bransjeprogram	–	35	44	44
Samarbeid og leiing i tverrfaglege team	H26	Bransjeprogram	5	25	25	25
Å forstå: Barns utvikling, psykisk helse og tidleg innsats	H26	Bransjeprogram	5	50	20	20
Skreddarsydde KI-system (C)	H26	Industrifagskulen	5	25	16	15
EKOM (B)	H26	Industrifagskulen	15	25	21	20
Min arbeidsplass	H26	Industrifagskulen	10	25	19	19
Fartøyvern 2	H26	Industrifagskulen	30	14	13	13
Elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege område (EX) (Stavanger)	H26	Industrifagskulen	10	20	28	23

Gjennomføringar som er lyst ut/i opptak

Emne	Semester	Finansiering	Stp	Plassar
Elektromagnetisk kompatibilitet (EMC)	H26	Industrifagskulen	10	25
3D-prosjektering av tekniske installasjonar i bygg	H26	Industrifagskulen	10	25
Design av læringsprosessar	H26	Industrifagskulen	5	20
Å møte: Relasjonelt arbeid og samhandling	H26	Bransjeprogram	5	50
Additiv tilverking (B)	H26	Industrifagskulen	10	20
Kvalitetsarbeid og fagleg utvikling i helsetenesta	H26	Bransjeprogram	5	25
Innføring i prosjektleiing	H26	Industrifagskulen	5	25
Lysbogerisiko, sikker drift og HMT i maritime miljø	H26	Industrifagskulen	10	25
Innføring i programmering med lokal KI	H26	Industrifagskulen	5	25

Gjennomføringar under planlegging

Emne	Semester	Finansiering	Stp	Plassar
AutoCAD 2	H26	Industrifagskulen	5	30
HMS ved handtering av hydrogen og ammoniakk	H26	Bransjeprogram	5	–

Gjennomføringar som vart avlyste

Emne	Semester	Finansiering	Stp	Plassar	Søkt
PLS/DDC, mikrokontroller og koding	V26	Industrifagskulen	12	25	3

Sirkulær økonomi og ombruk	V26	Bransjeprogram	10	25	13
Innføring i solenergi, energilagring og aktuelle regelverk	V26	Bransjeprogram	10	25	5
AutoCAD	H26	Industrifagskulen	2,5	30	–
Framtidsretta bygg i praksis	H26	Industrifagskulen	10	25	2

På grunn av tidleg oppstart i 2027 vart to ordinære tilbod lyst ut gjennom lokale opptak hausten 2026. Dette er Norsk pommelierutdanningen 30 stp og eit nytt studium Beredskapshage 30 stp.

Vedlegg:

Tabell utdanningar

	Totalt 03.03.26	1 pri. 03.03.26	Totalt 10.03.26	1pri.10.03.26	Totalt 17.03.26	1 pri. 17.03.26	Totalt 24.03.26	1 pri. 24.03.26	Totalt 31.03.26	1 pri. 31.03.26	Totalt 08.04.26	1 pri. 08.04.26	Totalt 14.04.26	1 pri. 14.04.26	Totalt 16.04.26	1 pri.16.04.26	Dimensjonering	Oversøking &undersøking 1
Anlegg Førde	23	16	28	20	32	21	34	22	39	25	43	25	48	29	52	31	**30**	**1**
Anlegg Voss	37	26	41	28	43	29	45	29	48	31	55	34	61	36	69	40	**30**	**10**
BIM teknikker	36	16	46	22	50	26	54	27	61	30	65	32	85	41	109	50	**40**	**20**
Boring	28	15	28	16	32	19	39	26	41	28	45	32	58	41	66	43	**30**	**13**
Bygg H Nordnes	32	17	37	21	40	22	49	25	55	30	61	34	74	43	92	54	**30**	**24**
Bygg D Nordnes	54	38	60	43	66	47	75	52	83	56	97	64	114	72	153	85	**80**	**5**
Bygg Førde	16	8	18	8	19	9	25	12	30	13	36	14	41	15	51	19	**30**	**-11**
Bygningssakyndig	31	26	31	26	32	26	39	32	43	35	51	40	59	47	72	54	**40**	**14**
Dekksoffiser på ledelsesnivå Austevoll	67	11	77	14	91	16	94	16	104	17	108	18	115	19	126	20	**30**	**-10**
Dekksoffiser på ledelsesnivå Bergen	152	65	169	67	191	80	198	85	213	92	220	94	247	106	265	114	**60**	**54**
Dekksoffiser på ledelsesnivå Måløy	56	13	64	15	71	15	73	15	78	16	80	16	82	17	91	18	**18**	**0**
Maskinoffiser på ledelsesnivå Bergen	128	51	140	55	149	57	157	60	170	66	182	72	193	76	203	81	**30**	**51**
Maskinoffiser på ledelsesnivå Måløy	40	9	43	11	49	13	52	13	56	13	61	15	68	16	74	16	**18**	**-2**
Maskinteknikk H Bergen	27	13	28	14	32	17	35	17	41	20	47	22	57	26	67	29	**30**	**-1**
Maskinteknikk D Bergen	62	28	71	38	78	43	86	49	99	58	111	67	133	77	170	100	**40**	**60**
Maskinteknikk Førde	12	4	13	4	14	4	16	5	17	6	18	7	26	9	36	12	**30**	**-18**
Elkraft H Nordnes	35	20	40	24	46	25	50	28	57	32	67	34	82	40	106	47	**30**	**17**
Elkraft D Nordnes	116	70	128	76	146	87	159	97	170	103	183	109	219	128	256	153	**80**	**73**
Elkraft Førde	39	14	43	16	51	20	58	21	65	25	69	25	87	34	109	44	**30**	**14**
Grønn omstilling i byggebransjen	3	0	3	0	4	0	5	1	5	1	5	1	9	1	19	3	**30**	**-27**
Industriell automasjon	74	50	84	56	93	62	99	67	107	70	120	77	142	90	172	102	**80**	**22**
Klima, energi og miljø i bygg	25	16	25	17	27	17	32	19	35	22	36	22	44	25	58	31	**40**	**-9**
Prosessteknikk	53	29	60	32	70	39	81	47	86	51	102	60	118	66	151	75	**40**	**35**
Robotteknologi	5	0	5	0	5	0	6	1	9	3	15	6	18	7	26	8	**25**	**-17**
Vannkjemi	14	9	15	10	20	13	21	14	23	15	25	16	30	20	45	26	**30**	**-4**
Demesomsorg og psykisk helsearbeid til eldre	7	3	7	3	8	3	8	3	8	3	11	5	16	8	24	9	**30**	**-21**
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	42	19	51	22	54	23	55	22	58	23	64	27	75	34	105	46	**30**	**16**
Rehabilitering, kvadargsmestring velferdsteknologi	15	4	18	5	20	6	22	5	22	5	26	6	39	10	57	12	**30**	**-18**
Barn og unge si psykiske helse	43	24	52	28	56	31	61	33	72	40	79	42	91	48	134	64	**30**	**34**
Akutt og kronisk sjuke	37	13	40	17	46	21	52	24	56	25	61	28	75	33	95	43	**30**	**13**
Arborist	28	24	32	28	35	30	38	32	41	36	48	43	56	50	80	66	**15**	**51**
Matkultur	6	0	7	1	9	3	10	3	13	4	17	7	20	11	28	14	**20**	**-6**
Gastronomisk reiseliv	8	2	11	2	11	2	13	3	13	3	17	3	21	5	34	8	**25**	**-17**
Solenergi	4	1	4	1	5	1	6	1	6	2	7	2	15	2	22	3	**30**	**-27**
Robotteknologi, digitalisering og additiv tilverking	37	12	37	12	38	13	41	15	46	17	53	18	67	22	85	25	**30**	**-5**

Energioverføring og høgspenningsteknologi	16	9	18	11	22	15	26	19	27	20	31	24	40	29	55	35	**30**	**5**
Leiing i havbruksoperasjoner	13	8	13	7	17	8	17	8	20	11	22	12	26	13	38	14	**15**	**-1**
VVS og energiteknikk	6	1	6	2	8	3	9	3	10	3	12	4	12	4	15	4	**15**	**-11**
Automatisering Førde	36	16	39	18	41	18	43	19	47	20	49	22	61	25	84	30	**15**	**15**

Vestland fylkeskommune

Fagskulen Vestland
Saksframlegg

Saksnr: 2022/486-292
Saksbehandlar: Lars Arne Førde

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	**VS 13/26**	**23.10.2026**

Mellombels tilbodstruktur 27-28

Forslag til vedtak:

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek å lyse ut følgjande tilbod og studieplassar våren 2027:

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2026	Student-plassar
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	31	40
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	54	30
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	153	80
Nordnes	Vann og avløp, 120 stp, samling		30
Nordnes	Industriell automatisering FTE01N, 120 stp	102	40
Nordnes	Industriell automatisering FTE01H, 120 stp		30
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	47	30
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	153	80
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp		
Nordnes	Klassisk bygningshåndverk og restaurering FTB54D, 60 stp		13
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	29	30
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	100	40
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp		40
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	75	40
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp		30
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	46	30
Nordnes	Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta FHH96K, 60 stp		30
Nordnes	Barn og unge psykisk helse, 60 stp	64	30
Nordnes	Akutt og kronisk sjuk - observasjon - vurdering og handtering, 60 stp	43	30
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre, FHH47H, 30 stp		30
Nordnes	Rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi, FHH83N, 60 stp		30
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	31	30
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	30	30

Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	51	30
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	50	40
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	54	40
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	44	30
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp		30
Førde	Håndverksysting FPS15K, 60 stp	32	15
Førde	VVS og energiteknikk FTB44K, 120 stp	4	15
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	12	30
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa FTB79K, 60 stp	3	30
Førde	Energieffektivisering og automasjon i bygg, 40 stp		30
Stord	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp, samling basert		
Stord	Elkraft FTE03H, 120 stp		20
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	81	30
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	114	30
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp		30
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	43	30
Nygård	Havbunn, 120 stp		30
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	20	30
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	26	30
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	18	18
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	16	18
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	14	20
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp		20
Hjeltnes	Gastronomisk reiseliv FPR51K, 30 stp	20	20
Hjeltnes	Beredskapshage, 30 stp		20
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	40	30
	Totalt	**1 600**	**1459**

Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til kva tilbod som kan lysast ut gjennom Samordna opptak/lokal opptak (Beredskapshage og pommelier) februar 2027. Styret vil få ei ny sak om tilbodsstruktur til handsaming etter at opptaket er gjennomført våren 2027, og på bakgrunn av dette vedta kva tilbod som skal starte opp hausten 2027.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Lars Arne Førde
seniorrådgjevar/økonomiansvarleg

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til kva tilbod som kan lysast ut gjennom Samordna opptak/lokal opptak våren 2027. Fagskulane som er ein del av det samordna opptaket skal innan uke 49 2026 ha klar ei oversikt over kva tilbod som skal lysast ut, fram til uke 50 kan ein framleis ta bort tilbod, men ikkje leggje til tilbod.
Talet på tilgjengelege studentplassar i opptaket kan justerast til opptaket er ferdig gjennomført. Styret vil få ei ny sak om tilbodsstruktur til handsaming etter at opptaket er gjennomført våren 2027, og på bakgrunn av dette vedta kva tilbod som skal starte opp hausten 2027.

Forventa ramme 2027
For år 2027 vil fylkeskommunen gå over frå modellen med 80% grunntilskot og 20% resultatbasert tilskot, til ei rammetildeling. Foreslått rammetildeling frå fylkeskommunen for 2027 tar utgangspunkt i samla utbetaling i 2026, men ramma vil kunne justerast ut frå søknaden som skulen leverer til fylkeskommunen med søknadsfrist 1 november, søknaden viser gjeldande behov for midlar i 2027.
Fagskulen Vestland hadde i 2026 ein negativ resultatbasert utbetaling på kr 2,7 mill. Dei resultatbaserte målingane i 2026 kjem på bakgrunn av produksjonen i 2024. Fylkeskommunen har i tråd med varsla endring valt å kompensere for dette og har auka ramma for 2027 tilsvarande den negative resultatbaserte utbetalinga.

	Forventet ramme 2027
Grunntilskot, inkl estimat for løn- og prisstigning	189 172 000
Opptrapping av nye studieplassar 2026	6 250 000
VLFK tilskot - frie midlar	10 333 000
VLFK tilskot - reinhald Måløy	(500 000)
VLFK tilskot - "prosjekter"	500 000
Studieavgift	6 900 000
Totalt	**212 656 000**

Tabell 1: Forventa ramme for Fagskulen Vestland 2027.

Tabell 1 syner at det er forventa ei ramme på om lag 213 mill., inkl. studieavgift. Ramma skal dekke alle kostnadar skulen har. Fagskulen Vestland har også ekstern kursverksemd og eksterne finansierte prosjekter, som vil kunne påverke endeleg resultat.

For desse midlane forventar fylkeskommune same nivå på produksjon for 2027 som i 2026, eller betre. Ramma vil i tillegg bli lønns- og prisvekstjustert for 2027 og bli handsama etter søknad frå skulen. Justeringa vil kome fram i tildelingsbrevet frå fylkeskommunen, som blir sendt skulen seinast 10. januar 2027. Forventa produksjon og vilkår for bruk av midlane leggast fram i tildelingsbrevet etter handsama søknad. Dersom tildelte nye studieplassar ikkje kjem i gang hausten 2026, vil desse trekkast ut av ramma. Skulen må gje avdeling for opplæring og kompetanse beskjed dersom tilbod ikkje startar opp.

Det endelege tilskottet frå Vestland fylkeskommune for Fagskulen Vestland for 2027, vert handsama av fylkestinget i desember 2026, og dersom det vert gjort endringar vil styret kunne justere kva tilbod som skal lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2027.

Nye studieplassar i 2027

I høve til å søkje nye studieplassar for skuleåret 2027/28 vil rektor tilrå følgjande:

Utdanning	Studiestad	Studenttal (Heiltids-ekvivalen)	Kommentar
Vann og avløp, samling 120 stp	Nordnes	30	Ny utdanning innan vann og avløp. Studiet er ikkje ferdig akkreditert.
Håndverksysting FPS15K, 60 stp	Førde	15	Utdanning vert gjennomført i Aurland
VVS og energiteknikk FTB44K, 120 stp	Førde	15	Utdanning utvikla i tett samarbeid med arbeidslivet
Beredskapshage, 30 stp	Ulvik	10	Ny utdanning utvikla i tett samarbeid med arbeidslivet
Totalt		**70**	

Tabell 2: Oversikt - Nye studieplassar

I framlegg til statsbudsjettet for 2027 er det ikkje lagt inn noko auke i tal studieplassar. Dei siste tre åra er det løyvd 2 900 nye studieplassar. Det er likevel slik at Fylkeskommunen kan gjere prioriteringar innan tilskotsforvaltninga og kan gje Fagskulen Vestland auka ramme. Fagskulen Vestland drivast meir effektivt og vi skapar oss eit handlingsrom både gjennom prosjekt og ein satsing på kortare utdanningar. Fagskulen Vestland fekk i fjor 150 nye studieplassar, vi klarte ikkje fylle alle studia, og noko kom ikkje i gong på grunn av låge søkjartal. Desse midlane vart tilbakeført til fylkeskommunen.
Rektor ser at med den økonomien vi har framfor oss i 2027 og 2028, så kan vi auke studieporteføljen vår med omlag 110 studentar og likevel gå i ballanse. Dette fordrar at vi framleis får dei 10,3 millionane i frie midlar i frå VLFK. Dette vert handsama i desember 2026. Rektor vil også minne om at organisasjonen må styrkast i årene som kjem, då auke i krav og meir sjølvstendigheit krev at vi har rett kompetanse til vidareutvikling av Fagskulen. Omlegginga av finansieringsmodellen veit vi ikkje heilt kva kan føre med seg framover, men ein tett dialog med fylkeskommunen er heilt naudsynt slik at vi saman sikrar at Vestland får ein total vekst i tal studentar framover. Dersom ikkje vil Vestland fylke kunne få redusert ramma si frå departementet, noko som igjen kan ramme Fagskulen Vestland.

Forslag til mellombels tilbodsstruktur 2027/28
Videre i saka vert det vist ei oversikt over tal studentar for heile skulen fordelt på studiestad, og deretter vert kvar studiestad omtalt i høve til neste skuleår .

SUMMERT	Søkartal 2026	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar
Nordnes	897	733	558	250	1 541
Førde	311	350	202	122	674
Stord	-	20	18	-	38
Nygård	238	150	116	-	266
Austevoll	46	60	23	-	83
Måløy	34	36	34	-	70
Hjeltnes	34	80	22	1	103
Voss	40	30	29	25	84
Fagskulen Vestland	**1 600**	**1 459**	**1 002**	**398**	**2 859**

Tabell 3. Oversikt antall studentar

Tabell 3 over syner at det er føreslått å starte opp med totalt 1 459 nye studentar hausten 2027, ein auke på 113 studentar frå året forut. Vidare syner tabellen at det vil vere 1 002 studentar som er aktive på andre studieår, og 398 studentar tredje studieår. Totalt tal studentar vil vere 2 859,

men dette føreset at fagskulen får foreslått ramme til å starte opp alle studiar og at det er nok søkjarar til ledige plassar.

Studiestad Nordnes
Ved studiestad Nordnes er det ikkje store endringar i årets tilbodsstruktur. To utdanningar på ELkraft på 30 studiepoeng kvar er tatt ut av tilbodsstrukturen og lagt inn under Industrifagskulen som styrast gjennom EVU avdelinga. Det vert foreslått å lyse ut ein klasse på industriell automatisering etter "Stordmodellen", samstundast så vert det redusert med ein klasse på industriell automasjon samling. Ein ny utdanning vert lyst ut innan Vann og avløp som har vært etterspurd i fleire år frå kommunar og andre aktørar innan bransjen. Det vart ein gledeleg auke i søkjartal på tilbod på Helse i 2026. Begge dei to nye utdanningane som Fagskulen har akkreditert hadde gode søkjartal. Det er grunn til ein god optimisme kring alle helseutdanningane, difor foreslår Rektor å lyse ut Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre og Rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi, begge disse studia har vert prøvd lyst før utan nok søkjarar.

Studiestad Førde
Ved Studiestad Førde vert det heller ikkje foreslått store endringar. Studiestaden vil halde fram med samarbeidet med studiesentera om å tilby ein desentral gjennomføring i elkraft studiet. Dette gjer at vi treffer betre på å tilby studiar der kor folk bor og arbeidar. Studiestaden har saman med arbeidslivet omarbeida utdanninga Grøn omstilling i byggenæringa og Rektor anbefaler å lyse denne ut på nytt for å sjå om den treff marknaden betre.
Studiet Handverksysting vert lyst ut etter planen kommande skuleår. Studiet fekk i fjor ein eingongsutbetaling til å gjennomføre det kullet som går inne i Aurland ved Sogn jord og hagebruksskule. Studiet har vist seg populært og bidreg til auka verdiskaping i landbruket.

Studiestad Stord
Det har dei seinaste åra vore høg aktivitet på Stord. Det er framleis god aktivitet men det går etterkvart fleire tilbod gjennom industrifagskolen som gjer at industrien i Sunnhordland får dekka sitt kompetansebehov gjennom denne ordninga. Det vert lyst ut ein elkraft klasse på Stord, dette etter innspel frå arbeidslivet.

Studiestad Nygård
I dette skuleåret auka vi med ein klasse på dekksoffiser. Rektor vil anbefale og følgje opp denne auken også for neste skuleår. Det er framleis gode søkjartal og arbeidslivet har eit stort behov for sjøfolk. Når det gjeld maskinistoffiser utdanninga er situasjonen på lærar sida kritisk. Rektor kjem attende med løypemelding om korleis situasjonen utviklar seg. Dersom Fagskulen ikkje får tak i fleire lærar, så kan ein konsekvens av dette vere at tilbodet må setjast på pause til vi har kontroll på situasjonen. Utdanninga har godt med søkjertal, det er stor etterspurnad etter arbeidskrafta, men Fagskulen har over to år no ikkje klart å rekruttere lærarar.

På petroleum har det lenge vert eit ønskje frå næringa om å starte opp igjen med Havboten utdanning. Sist gong Fagskulen gjennomførte dette studiet var i 2019. Det betyr at studiet er så gamalt at det må akkrediterast på nytt. Rektor tilrår at tilbodet lysast ut med atterhald om at studiet vert akkreditert.

Studiestad Austevoll
Ved studiestad Austevoll vert det ikkje forslått endringar i skuleåret 27/28.

Studiestad Måløy
Ved studiestad Måløy vert ikkje leiing i havbruksoperasjonar starta. Rektor vil anbefale at ein startar dette studiet anna kvart år for å sikre nok studentar til tilbodet. Det er pr i dag ein klasse på 11 studentar, desse er ferdig våren 2028. Det er også knytt ein utfordring med å rekruttere nok undervisarar til utdaninga.

Studiestad Hjeltnes

Ved studiestad Hjeltnes er det framleis god aktivitet. Lokal Matkultur opplevde ein gledeleg auke i søkjartala i år og har i dag ein gruppe på 15 studentar. Studiestaden har utvikla ein ny utdanning innan beredskap – Beredskapshage - på 30 stp. Studiet har planlagt oppstart i januar 2027. Rektor vil også anbefale å lyse ut Gastronomisk reiseliv på nytt, for å sjå om det kan vere mogeleg å starte hausten 2027. Dette skuleåret vart det for få søkjarar til å komme i gang med studiet. Arborist utdanninga startar vi anna kvert år , dette er blitt ein særs populær utdanning og vi kunne ha tatt inn eit nytt kull kvart år. Men det er ein utfordring både å rekruttere undervisarar med rett kompetanse og kapasitet på internatet ved studiestaden.

Studiestad Voss

Ved studiestad Voss er det ikkje føreslått endringar. Tilbodet Anlegg på Voss har gode søkjartal og god gjennomføring.

Vedtakskompetanse

Jf. Lov om høyere yrkesfaglig utdanning § 9 andre ledd er det styret for fagskulen som har kompetanse til å vedta tilbodsstruktur:
«Styret selv skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarlig å ta opp nye studenter. Vedtaket skal fattast før studiestart.»

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå å lyse ut følgjande tilbod våren 2027:

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2026	Student-plassar
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	31	40
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	54	30
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	153	80
Nordnes	Vann og avløp, 120 stp, samling		30
Nordnes	Industriell automatisering FTE01N, 120 stp	102	40
Nordnes	Industriell automatisering FTE01H, 120 stp		30
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	47	30
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	153	80
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp		
Nordnes	Klassisk bygningshåndverk og restaurering FTB54D, 60 stp		13
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	29	30
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	100	40
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp		40
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	75	40
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp		30
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	46	30
Nordnes	Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta FHH96K, 60 stp		30
Nordnes	Barn og unge psykisk helse, 60 stp	64	30
Nordnes	Akutt og kronisk sjuk - observasjon - vurdering og handtering, 60 stp	43	30
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre, FHH47H, 30 stp		30
Nordnes	Rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi, FHH83N, 60 stp		30
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	31	30
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	30	30
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	51	30
Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	50	40

Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	54	40
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	44	30
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp		30
Førde	Håndverksysting FPS15K, 60 stp	32	15
Førde	VVS og energiteknikk FTB44K, 120 stp	4	15
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	12	30
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa FTB79K, 60 stp	3	30
Førde	Energieffektivisering og automasjon i bygg, 40 stp		30
Stord	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp, samling basert		
Stord	Elkraft FTE03H, 120 stp		20
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	81	30
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	114	30
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp		30
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	43	30
Nygård	Havbunn, 120 stp		30
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	20	30
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	26	30
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	18	18
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	16	18
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	14	20
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp		20
Hjeltnes	Gastronomisk reiseliv FPR51K, 30 stp	20	20
Hjeltnes	Beredskapshage, 30 stp		20
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	40	30
	Totalt	**1 600**	**1459**

Vestland fylkeskommune

Fagskulen Vestland
Saksframlegg

Saksnr: 2022/486-293
Saksbehandlar: Kristin Elisabeth Ask Sleire

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	**VS 14/26**	**23.10.2026**

Oppdatering av forskrift om studium ved Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek å sende dei føreslegne endringane i forskrift om studium ved Fagskulen Vestland § 9-6 tredje ledd til Lovdata for kunngjering som endringsforskrift, med ikraftsetjing snarast mogleg.
2. Utdanningane «Akutt og kronisk sjuke: observasjon, vurdering og handtering» og «Barn og unge si psykiske helse» leggjast til i lista over utdanningar underlagt skikkavurdering i § 9-6 tredje ledd.
3. Siste setning i § 9-6 tredje ledd «Andre utdanningar kan også vere underlagt skikkavurdering» fjernast.

Samandrag

Ved Fagskulen Vestland er alle studentar ved helse- og oppvekstutdanningane underlagd skikkavurdering. Skikkavurdering er ei vurdering av om studentane har dei nødvendige faglege og personlege føresetnadene for å kunne studere og fungere i yrket dei utdannar seg til. Etter fagskuleforskrifta § 27 første ledd skal det gå fram av fagskulens lokale forskrift kva utdanningar det blir gjennomført skikkavurdering i. På grunn av nye akkrediteringar er det behov for å oppdatere denne oversikta i dagens studieforskrift. I tillegg er det avdekt ein feil i tredje ledd som må rettast.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Kristin Ask Sleire
juridisk rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Utfylt mal for endringsforskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ved Fagskulen Vestland er alle studentar ved helse- og oppvekstutdanningane underlagd skikkavurdering. Å vere skikka betyr å vere fagleg og personleg egna til å fungere i ei bestemt rolle eller eit yrke. Ei skikkavurdering er altså ei vurdering av om studentane har dei nødvendige faglege og personlege føresetnadene for å kunne studere og fungere i yrket dei utdannar seg til. Gjennom skikkavurderinga ser fagskulen etter og vurderer om studentane kan utgjere fare for barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar.

Etter fagskuleforskrifta § 27 første ledd skal det gå fram av fagskulens lokale forskrift kva utdanningar det blir gjennomført skikkavurdering i. I dette ligg det også ei plikt for fagskulane til å halde studieforskrifta oppdatert, slik at forskrifta alltid viser ei fullstendig og korrekt oversikt over kva utdanningar som er underlagd skikkavurdering.

Etter dagens studieforskrift § 9-6 tredje ledd blir det gjennomført skikkavurdering i følgande utdanningar:

a. Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre

b. Psykisk helsearbeid og rusarbeid

c. Rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi

d. Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta

På grunn av akkrediteringar av nye utdanningar innan helse- og oppvekstfaget er det nødvendig å oppdatere oversikta i § 9-6 tredje ledd. Utdanningane som må leggast til er:

e. Akutt og kronisk sjuke: observasjon, vurdering og handtering

f. Barn og unge si psykiske helse

Korrigering av feil i § 9-6 tredje ledd

Etter opplistinga av utdanningane som er underlagd skikkavurdering i § 9-6 tredje ledd, står det følgande i studieforskrifta:

«Andre utdanningar kan også vere underlagt skikkavurdering».

Gjennom denne formuleringa ønskte fagskulen å ta høgde for og fange opp eventuelle nye akkrediteringar, utan å måtte endre forskrifta.

Etter gjeldande regelverk er det ikkje andre utdanningar enn dei innan helse- og oppvekstfaget som er underlagd skikkavurdering ved Fagskulen Vestland i dag. Og som tidlegare nemnt er fagskulane etter fagskuleforskrifta § 27 første ledd forplikta til alltid å vise ei fullstendig oversikt over kva utdanningar som er underlagd skikkavurdering i studieforskrifta.

På bakgrunn av dette kan ikkje fagskulen skrive at andre utdanningar, utover dei nemnde i opplistinga, også kan vere underlagd skikkavurdering. Det er derfor nødvendig å korrigere feilen ved å fjerne setninga frå studieforskrifta.

Om kravet til høyring

Etter forvaltningslova § 37 andre ledd er det krav om høyring ved utarbeiding av nye forskrifter, og ved endring i eller oppheving av allereie eksisterande forskrifter. Etter § 37 fjerde ledd bokstav c kan fagskulen likevel unnlate å gjennomføre høyring dersom dette må reknast som «åpenbart unødvendig». Dette vil mellom anna vere tilfelle der ei forskriftsendring ikkje reiser spørsmål som

det er grunn til å legge fram for dei forskrifta rettar seg mot. I forarbeida til ny forvaltningslov er det framheva at bokstav c også vil vere aktuell ved retting av feil som ikkje elles påverkar innhaldet i forskrifta.

I dette tilfellet er det snakk om å oppdatere oversikta over utdanningar underlagd skikkavurdering, ei oppgåve fagskulane er pålagd å gjere kontinuerleg etter fagskuleforskrifta § 27 første ledd. Vidare er det snakk om å fjerne ei generell setning frå studieforskrifta som fagskulen ikkje har anledning til å skrive – altså rette opp i ein feil. På bakgrunn av dette meiner fagskulen at endringane er av ein slik karakter at det ikkje er nødvendig å høyringsbehandle dei. Vidare er formålet med høyringar å sikre mellom anna tilstrekkeleg opplysning av saka og forberede dei som forskrifta gjeld eller vil gjelde for. Fagskulen meiner at desse omsyna heller ikkje gjer seg gjeldande i dette tilfellet.

Praktisk om endringane

Når styret ved fagskulen vedtar endringar i studieforskrifta må desse kunngjerast i Lovdata som ei endringsforskrift. Mal for endringsforskrift ligg på Lovdata.no, og er fylt ut og lagt ved denne saka som vedlegg. Endringsforskrifta skal lastast opp i Lovdata for kunngjering så snart den er vedtatt av styret. Endringane er i dette tilfelle av ein slik karakter at endringsforskrifta bør tre i kraft straks.

Vedtakskompetanse

Styret for Fagskulen Vestland skal med heimel i fagskulelova og fagskuleforskifta lage utfyllande reglar for studia ved fagskulen:

> **Fagskulelova § 21 siste ledd:**
>
> Styret selv gir forskrift om gjennomføring av eksamener, prøver og annet arbeid. Dette omfatter vilkår for å gå opp til en eksamen eller prøve på nytt, adgangen til en ny praksisperiode og oppmelding. Styret kan delegere til en avdeling ved fagskolen å gi utfyllende forskrift om forhold som er særegne for den enkelte eksamen.
>
> **Fagskuleforskrifta § 27 første ledd:**
>
> Skikkethetsvurdering skal foregå ved alle utdanninger der studenten kan utgjøre en fare, jf. § 26. Det skal fremgå av fagskolens forskrift hvilke fagskoleutdanninger dette gjelder.

Konklusjon

Basert på saksframlegget vil rektor tilrå at styret vedtar at utdanningane «Akutt og kronisk sjuke: observasjon, vurdering og handtering» og «Barn og unge si psykiske helse» leggast til i lista over utdanningar underlagt skikkavurdering i § 9-6 tredje ledd, samt vedtar fjerning av siste setning i § 9-6 tredje ledd «Andre utdanningar kan også vere underlagt skikkavurdering».

Mal for enkel sentral endringsforskrift:

Forskrift om endring i forskrift om studium ved Fagskulen Vestland

Heimel: Fastsett av styret ved Fagskulen Vestland 23. oktober 2026 med heimel i lov 8. juni 2018 nr. 28 om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven) §§ 21 og 26, jf. forskrift 11. juli 2019 nr. 1005 om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleforskriften) § 27.

I

I forskrift 7.mars 2025 nr. 529 om studium ved Fagskulen Vestland gjøres følgende endring:

§ 9-6 tredje ledd skal lyde:

Ved Fagskulen Vestland er følgande utdanningar underlagt skikkavurdering:

a. Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre
b. Psykisk helsearbeid og rusarbeid
c. Rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi
d. Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta
e. Akutt og kronisk sjuke: observasjon, vurdering og handtering
f. Barn og unge si psykiske helse

II

Forskriften trer i kraft straks.